

Allmennkringkastings- rapporten 2023

Delrapport om NRK

– Vurdering av programverksemda og korleis NRK
oppfylte allmennkringkastingsoppdraget



Innhold

1	Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK	4
1.1	Oppsummering av tilsynsresultatet for 2023	5
2	Vurdering av NRKs programverksemd i 2023	12
2.1	NRKs demokratiske rolle	12
2.2	Bidrag til det norske mediemangfaldet	17
2.3	Høg kvalitet, mangfald og nyskaping	33
2.4	Nyheits- og aktualitetsdekninga.....	52
2.5	Distrikt.....	60
2.6	Barn og unge	68
2.7	Samisk språk, identitet og kultur.....	77
2.8	Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfaldet	84
2.9	Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film.....	107
2.10	Tilgjengelegheit og beredskap.....	133
2.11	Redaksjonelt uavhengig og reklamefri	144



Allmennkringkastingsoppdraget
og finansieringa av NRK

1 Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK

NRK er organisert som eit statleg aksjeselskap, og Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) forvaltar eigarskapet. Kultur- og likestillingsministeren er generalforsamlinga i NRK og fastset vedtektene til selskapet.

Stortinget fastset dei overordna krava og rammene for allmennkringkastingsoppdraget i NRK-plakaten, og frå 2023 fastsette Stortinget dei første fireårige styringssignala for dei økonomiske rammene til NRK fram til og med 2026.¹ Stortinget løyvde vel 6 milliardar kroner til NRK i 2023 i tillegg til å dekke NRKs utgifter til utgåande meirverdiavgift. For åra 2024–2026 bestemte Stortinget at den økonomiske ramma til NRK kvart år skal bli justert i takt med lønns- og prisvekst. Den nye ordninga med langsiktige styringssignala skal bidra til å gjere økonomien meir føreseieleg og styrke sjølvstendet for NRK.² Stortinget har også slutta seg til at Kultur- og likestillingsdepartementet kvart fjerde år skal vurdere om det er behov for endringar i allmennkringkastingsoppdraget til NRK og sjå på korleis tilbodet til NRK påverkar kommersielle medium og det totale medietilbodet til publikum.

Allmennkringkastingsoppdraget er formelt gitt i vedtektene til NRK, der NRK-plakaten er tatt inn i sin heilskap og utdjupa med meir detaljerte krav til allmennkringkastingsverksemda. Oppdraget til NRK er blitt utvida og presisert gjennom dei siste åra. Frå og med januar 2023 er vedtektene endra i tråd med den nye NRK-plakaten, som Stortinget vedtok i desember 2022.³ Innhaldet i den tidlegare NRK-plakaten er i stor grad vidareført. NRK fekk samtidig nokre nye krav, og andre krav blei skjerpa.

Frå 2023 har NRK fått styrkt språkoppdraget sitt med eigne krav om at NRK skal tilby innhald på teiknspråk og nasjonale minoritetsspråk – i tillegg til innhald på norsk og samisk. Ansvaret NRK har til å styrke norsk og samisk identitet, kultur og språk, har i lang tid vore jamstilt i allmennkringkastingsoppdraget. NRK har også i mange år hatt innhald på teiknspråk, og med presiseringa frå 2023 kjem ordlyden i oppdraget meir i takt med endringa i språklova frå

¹¹ På oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet bidrog Medietilsynet til det faktabaserte grunnlaget for utforminga av dei fireårige styringssignala for perioden 2023–2026, både for dei økonomiske rammene til NRK og om det var behov for å gjere endringar i allmennkringkastingsoppdraget til NRK, sjå Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet 2021 – En analyse av NRKs bidrag til innholds- og bruksmangfoldet, NRKs samarbeid med andre medieaktørar og konkurransemessige virkinger av NRKs nyhets- og aktualitetstilbud på nett*.

²² Ordninga med fireårige styringssignala er lovfesta i mediestøttelei (Lov 18. desember 202 nr. 153 om økonomisk støtte til mediene §1).

³ Vedtektene for NRK blei sist endra i ekstraordinær generalforsamling 27. januar 2023, tilgjengeleg 01.06.2024 på <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/film-og-medier/innsiktsartikler/kringkasting---regelverk/id86810/>. Stortingets behandling av innstillinga til statsbudsjettet for 2023 under rammeområde 3 (omfattar kapittel under Kultur- og likestillingsdepartementet), tilgjengeleg på <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/film-og-medier/innsiktsartikler/kringkasting---regelverk/id86810/>

2022, da norsk teiknspråk blei eit offisielt språk i Noreg. Av dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg, som i tråd med språklova er kvensk, romani og romanes, har NRK allereie eit tilbod på kvensk. For romani og romanes er språksituasjonen meir uklar med omsyn til at det er få skrivne kjelder i Noreg. Presiseringa av NRKs språkoppdrag bidrar dermed til å synleggjere situasjonen til desse minoritetsspråka. Samla sett tydeleggjer dei nye språkkrava funksjonen NRK har som allmennkringkastar når det gjeld å vere ein fellesarena som reflekterer at Noreg rommar eit mangfald av identitetar og kulturar – også språkleg.

NRK har som offentleg finansiert allmennkringkastar eit særleg beredskapsansvar og skal legge til rette for at styremaktene når ut til befolkninga med informasjon i nasjonale kriser. Justeringa Stortinget slutta seg til i NRK-plakaten, presiserer rolla som uavhengig nyheitsmedium og allmennkringkastar i ein beredskapssituasjon og slår fast at NRK under nasjonale kriser skal legge vinn på å oppretthalde ein omfattande nyheitsdekning og eit breitt allmennkringkastingstilbod som dekker informasjonsbehovet i befolkninga.

Frå 2023 har NRK også fått utvida musikkoppdraget sitt. Kravet om å spele minst 40 prosent norsk musikk er utvida frå å gjelde dei tre kanalane NRK P1, P2 og P3 til også å famne NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk. I tillegg til å fremme norsk musikk skal NRK fremme musikk av samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar og talentar frå nasjonale minoritetar.

Krava i vedtektene til NRK ligg til grunn for Medietilsynets vurdering og tilsyn med korleis NRK oppfyller oppdraget sitt. 2023 er første året Medietilsynet har vurdert NRK etter dei nye vedtektene.

Det følger av kringkastingslova at Medietilsynet kvart år skal utarbeide ein rapport om korleis kringkastarane oppfyller allmennkringkastingsforpliktingane sine. Tilsynet med forpliktingane til NRK er basert på ein gjennomgang av allmennkringkastarrekneskapen, som gjer greie for programtilbodet det siste året og korleis forpliktingane er oppfylte. Generalforsamlinga til NRK følger opp Medietilsynets vurdering av NRK og eventuelle brot på krava i vedtektene.

1.1 Oppsummering av tilsynsresultatet for 2023

NRK skal som offentleg finansiert allmennkringkastar fylle ei særskilt demokratisk, kulturell og sosial rolle i den norske mediemarknaden. For å fremme auka innhalds- og bruksmangfald, er det viktig at NRK kombinerer samlande, folkelege tilbod med brei appell og tilbod som enten ut frå tema eller målgruppe har ein smalare publikumsappell. Oppdraget til NRK er derfor utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som er tilgjengeleg for heile befolkninga, slik at NRK bidrar til innhalds- og bruksmangfald gjennom verksemda som allmennkringkastar.

I juni 2023 leverte Totalberedskapskommisjonen ein gjennomgang av status for samfunnstryggleik og beredskap i Noreg.⁴ Kommisjonen peikte blant anna på at samansette truslar som påverking gjennom falske nyheiter og desinformasjon på sosiale medium, er ein av dei største truslane mot dei liberale, demokratiske verdiane og den høge tilliten som pregar det norske samfunnet. Utviklinga gjer at rolla NRK og andre redaktørstyrte journalistiske media har for den demokratiske infrastrukturen, stadig er viktig – og kanskje viktigare enn nokon gong. I 2023 har NRK saman med andre norske medium samarbeidd med Faktisk.no om faktasjekk og verifisering av bilde og videoar frå krigsområde som Ukraina og Israel/Gaza. Materialet blir også gjort tilgjengeleg for alle norske redaktørstyrte journalistiske medium uavhengig om dei deltar i prosjektet eller ikkje. Dette tiltaket representerer ei god tilnærming i det viktige arbeidet for å motverke feil- og desinformasjon.

Tilsynsresultatet for programåret 2023 viser at NRK i det store og det heile oppfylte samfunnsoppdraget sitt i samsvar med krava. Utgreiinga frå NRK viser at allmennkringkastaren jobbar godt for å vareta dei utvida musikk- og språkkrava som inngår i oppdraget frå 2023. Medietilsynet har komme fram til at NRK har brote to av dei rundt 50 krava til programverksemda. Dette gjeld krava om jamlege program for unge på samisk og kravet om 25 prosent nynorsk på nett.

Nokre utvalde konklusjonar frå tilsynet i 2023:

- NRK styrker mediemangfaldet i Noreg gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget sitt.
- NRK har i alle år hatt utfordringar med å oppfylle kravet til minst 25 prosent nynorsk på alle medieplattformer, og leverte i 2023 framleis for lite nynorsk på radio og nett. NRK har gjennomført fleire tiltak for å auke nynorskbruken. På nett, plattformar som historisk sett har hatt lågast nynorskprosent, ser det ut til at tiltaka gir resultat. Nynorskandelen har auka jamt dei seks siste åra, og i 2023 var 22,4 prosent av nettinnhaldet på nynorsk. NRK er dermed nærmare å oppfylle nynorskkravet enn nokon gong tidlegare. På radio kan ikkje NRK vise til den same positive utviklinga for nynorsk. Med 22,7 prosent nynorsk i 2023 er andelen på tilsvarende låge nivå som i 2020 og 2021, og har også gått litt tilbake frå 23,2 prosent i 2022. NRK oppfylte dermed også i 2023 kravet om 25 prosent nynorsk berre på tv.
- NRK oppfylte ikkje kravet til jamlege program for unge på dei samiske språka i 2023. Det er første gong på fire år at NRK bryt kravet om jamlege program for unge på samisk. Etter ein periode over tre år frå 2016–2018 der NRK braut dette kravet, fekk NRK Sápmi eit jamleg programtilbod på samisk på plass frå andre halvår i 2018. Dei påfølgjande åra frå 2019 til og med 2022 har NRK hatt eit eige tilbod til unge i tenåra,

⁴ NOU 2023:17 Nå er det alvor – Totalberedskapskommisjonen

og i det siste var det eit dagleg tilbod. I 2023 har NRK lagt om delar av det samiske innhaldstilbodet, særleg på lyd, blant anna for å gi meir rom for valbart innhald, som podkast, og styrke tilbodet på sør- og lulesamisk. NRK har lansert nye podkastar for dei aller eldste tenåringane og unge vaksne, og det tidlegare tilbodet for unge i tenåra blir ikkje lenger sendt. Medietilsynet har komme til at fråværet av program for yngre ungdommar i 2023 gjer at NRK ikkje oppfyller kravet til jamlege program for unge på dei samiske språka.

- NRK Sápmi har daglege samiskspråklege program for den samiske befolkninga og har sendt innhald på både nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. NRK oppfylte også krava til jamlege program på samisk for barn. Tiltaka NRK gjer med omsyn til å rekruttere, motivere og utvikle samiskspråklege journalistar, har ein meirverdi med omsyn til samisk representasjon og språkutvikling utover at det styrker NRKs evne til å oppfylle oppdraget sitt som allmennkringkastar.
- NRK oppfylte kravet om å ha eit tilbod til både breie og smale grupper i befolkninga og tilbod som appellerer til alle aldersgrupper.
- NRK bidrar til det norske mediemangfaldet både regionalt og nasjonalt, blant anna gjennom ei rekke ulike tiltak og samarbeid med andre medieaktørar. Utreiinga frå NRK viser at allmennkringkastaren ofte tar initiativ til samarbeid og viser openheit med omsyn til deling av kompetanse og kunnskap, og at samarbeidstiltaka samla fremmer mediemangfaldet.
- Ved kommune- og fylkestingsvalet i 2023 hadde NRK ei brei og balansert valdekning. Utreiinga viser at NRK la vinn på å nå breitt ut og gjere kommunal- og fylkespolitikk tilgjengeleg for folk flest. Verktøya var blant anna å bruke klarspråk, sikre god tilgang og universell utforming og å tilby valinnhald til flest mogleg på det føretrekte språket deira. Valdekninga var eit samarbeid på tvers av divisjonar og redaksjonar i NRK.
- NRK har hatt distriktssendingar alle kvardagar både på tv og radio og har eit løpande oppdatert regionalt nyheits- og innhaldstilbod på nett. NRK oppfylte også kravet om å vere til stades i alle fylka og har i løpet av 2023 tilpassa organiseringa til den nye fylkesinndelinga. Brei lokal forankring i dekninga av distrikta og tilbodet til ulike minoritetsgrupper speglar ulike sider av den norske røyndommen.
- NRK Nyheter produserer løpande nyheitsdekning på radio, tv og nett. NRK hadde i 2023 eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod, ei rekke debattprogram og faste program som forklarar nyheitsbildet og set det i ein større samanheng. Gjennom nyheits- og samfunnsprogramma bidrog NRK også til auka kunnskap om internasjonale forhold. Nyheits- og aktualitetstilbodet er retta mot ulike aldersgrupper, inkludert barn og unge.
- NRK satsar på undersøkjande journalistikk og har fleire eksempel på større prosjekt, program og nettsaker i 2023 der kritikkverdige forhold både på individ- og systemnivå er belyste. NRK oppfylte kravet om å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å

verne enkeltmenneske og grupper mot overgrep eller forsømmingar frå offentlege myndigheiter og institusjonar, private føretak eller andre. Det er føreset at NRK har høge etiske standardar og er godt rusta til å handtere presseetiske dilemma, ikkje minst innanfor produksjon og formidling av fakta- og dokumentarstoff. I lys av brota på god presseskikk som PFU konkluderte med i dokumentarserien *Ingen elsker Bamsegutt*, er evalueringa og oppfølginga NRK gjer for å styrke det presseetiske arbeidet i krevjande saker, viktig. Medietilsynet meiner det er positivt at NRK er opne og deler erfaringane sine med andre redaktørstyrte medium.

- Det samla tilbodet til NRK hadde høg kvalitet og ei stor breidde i tematikk og sjangrar i 2023. Vidare hadde NRK eit solid innhaldstilbod som kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap. NRK oppfylte også kravet om å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar. NRK tilbydde i tråd med oppdraget innhald som er tilrettelagt for skoleverket.
- I 2023 har NRK gjennom ulike sjangrar, som dramasatsinga Makta og tv-serien Demenskoret, tatt opp samfunnsrelevante tema som er med på å sette dagsorden og skape debatt. Dette er eksempel på korleis NRK i ulike prosjekt foreinar underholdning, opplysning og synleggjering av ulike tema og grupper, som samla sett skapar meirverdi i tilbodet.
- NRK oppfylte krava knytte til å fremme retten barn har til ytringsfridom og informasjon, og til å skjerme barn mot skadelege former for innhald. NRK hadde i 2023 daglege norskspråklege program for barn under tolv år og jamlege norskspråklege program for unge. NRK oppfylte også kravet om å ha eigenutvikla innhald for barn og unge på internett, som blir løpande oppdatert.
- NRK oppfylte det utvida kravet om formidling av norsk musikk i 2023. Alle dei ti kanalane, NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk spelte minst 40 prosent norsk musikk og la vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk i 2023. NRK oppfylte også dei nye krava om å fremme musikk frå samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar, og å fremme musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg.
- NRK har ein stor norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, tv og nett. Medietilsynets vurdering er at NRK i 2023 oppfylte kravet om at tilbodet i hovudsak skal ha norskspråkleg innhald. Vidare oppfylte NRK det presiserte språkoppdraget knytt til innhald for teiknspråklege og på teiknspråk i 2023.
- NRK arbeider systematisk og godt med universell utforming av innhaldstilbodet og har eit breitt tilbod til syns- og høyrselshemma.
- NRK formidlar kunnskap om og viser mangfaldet i det norske samfunnet både gjennom fleirkulturell kompetanse og innhaldstilbod. Den generelle innhaldsstrategien og arbeidet med å rekruttere og bygge mangfaldskompetanse gjer at NRK på ein god måte bidrar til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit

mangfold av identiteter. NRK har sendt program for nasjonale og språklege minoriteter i 2023. NRK tilbyr program og nettsaker på kvensk og oppfyller dermed delvis det nye kravet om å tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk i 2023. Medietilsynet har forståing for at manglande normering av skriftspråka til romani og romanes utfordrar innhaldsproduksjonen og ser positivt på initiativet NRK har tatt for å kartlegge språksituasjonen med sikte på å utvikle innhald på desse to minoritetsspråka.

- NRK oppfyller kravet om å formidle innhald frå Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, nordisk kultur og språk i 2023. Medlemskapet i Nordvisjon og dei langsiktige produksjonsavtalane med dei andre nordiske allmennkringkastarane, bidrar positivt til at NRK oppfyller dette kravet.
- NRK har samla formidla og belyst eit breitt spekter av religiøse perspektiv og livssyn i 2023. Formidlinga har eit tyngdepunkt i kristne tradisjonar i tilbodet, men speglar også eit mangfold av livssyn og religionar i det norske samfunnet. NRK har dei seinare åra styrkt formidlinga frå islamske høgtider.
- NRK oppfyller kravet om å tilby kulturstoff til både smale og breie grupper, inkludert eigne kulturprogram. NRKs utgreiing viser at det er ei breidde i kulturformidlinga, der ein brei variasjon av kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og kulturinstitusjonar i Noreg er representerte i formidlinga. Kulturtema som ofte har eit smalare publikumspotensial, er også ein del av tilbodet til NRK. I 2023 styrkte NRK dekninga av den samiske kulturen gjennom eigen kritisk med samisk kulturkompetanse og publisert kulturmeldingar på kvensk. NRK oppfyller i 2023 også kravet om å ha eit løpande oppdatert tilbod innanfor kunst, kultur og underhaldning på nett.
- NRK oppfyller krava om å formidle norsk drama og film og stimulere norske produksjonsmiljø. NRK oppfyller også kravet om å legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet på tv frå 2021 til og med 2023, med eit snitt på 46,8 prosent.
- NRK har i 2023 hatt sportssendingar som dekte både breidda i norsk idrettsliv og store idrettshendingar. NRK har også dekt idrettsøvingar for personar med funksjonsnedsettingar.
- NRK oppfyller krava til at allmennkringkastingstilbodet skal vere reklamefritt, og at NRKs redaksjonelle avgjerder ikkje er styrte av kommersielle omsyn. NRK oppfyller også kravet om ein avgrensa bruk av sponing og har generelt høg merksemd og etablerte rutinar for bruk av sponing i organisasjonen. I 2023 avdekte Medietilsynet to tilfelle der NRK har spona program som NRK, som offentleg finansiert allmennkringkastar med særskilte reglar for kommersiell verksemd, ikkje har høve til å ta imot sponsortilskott til. NRK har fått sanksjon i form av gebyr for desse brota. I allmennkringkastingstilsynet har Medietilsynet understreka at dei nedfelte restriksjonane knytte til sponing i kringkastingsregelverket er eit viktig verkemiddel for å sikre at NRKs rolle som ikkje-kommersiell medieaktør blir oppretthalde. Det er



derfor ei klar forventning til at NRK framover styrker rutineane som sikrar at slike brot ikkje skjer.

- I lys av det presiserte beredskapsansvaret er det positivt at NRK i 2023 oppdaterte innsikta om risikofaktorane i trusselbildet og gjennomførte tiltak for å sikre ein meir robust publisering- og sendeevne. Begge tiltaka er viktige for å vareta det særskilde beredskapsansvaret NRK har i ei eventuell nasjonal krise.



Vurdering av programverksemda til NRK

2 Vurdering av NRKs programverksemd i 2023

2.1 NRKs demokratiske rolle

Vedtektene:

§ 12 NRK skal ha som formål å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet.

§ 13 NRK skal ivareta ytringsfrihet og ytringsvilkår for borgerne. NRK skal være redaksjonelt uavhengig og være balansert over tid. NRK skal bidra til å fremme den offentlige samtalen og medvirke til at hele befolkningen får tilstrekkelig informasjon til å kunne være aktivt med i demokratiske prosesser.

NRK skal med det samla allmennkringkastingstilbudet støtte og styrke demokratiet og oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet. Det overordna kravet i § 12 fortel om formålet med allmennkringkastingsoppdraget til NRK. § 13 reflekterer at NRK har ein viktig funksjon knytt til det såkalla infrastrukturkravet i Grunnloven § 100 sjette ledd, som inneber at staten har ansvar for å legge til rette for kanalar og institusjonar som bidrar til ein open og opplyst offentleg samtale. NRK har eit særleg ansvar for å fremme den offentlege samtalen, og § 13 presiserer at dette inneber å legge til rette for ytringsfriheten og ytringsvilkåra til borgarane. Oppdraget inneheld fleire krav som skal sikre at NRK gir løpande oppdatert og fordypande informasjon som er relevant for den offentlege debatten i eit velfungerande demokrati.

Vurderinga av korleis NRK oppfyller dei overordna krava i §§ 12 og 13 bygger på ei total vurdering av korleis dei meir spesifikke krava til innhaldstilbudet blir oppfylte. Samla viser delvurderingane at NRK på eit overordna plan løyser allmennkringkastingsoppdraget på ein god måte.

Allmennkringkastarrekneskapen for 2023 viser at NRK har eit breitt nyheits- og aktualitetstilbud. Ei rekke debattprogram og andre faste program forklarar nyheitsbildet og set det inn i ein større samanheng. NRK gjer greie for at både *Debatten* og *Dagsnytt 18* dekker tematisk breitt og bidrar til å drive den offentlege samtalen, saman med program som *Politisk kvarter* og *Helgemorgen*. Radio- og tv-programmet *Helgemorgen* blir produsert i og publisert frå Tromsø, noko som bidrar til betre geografisk spreing og eit større mangfald i bruken av kjelder.

NRK opplyser at publikum har mange høve til å ytre seg om aktuelle saker gjennom NRK, og at NRK gir tilgang til informasjon som kan gjere folk i stand til å delta i demokratiske prosessar. Gjennom *Debatten digitalt* og *NRK Svarer* tar NRK den digitale debatten heim til eigen arena for å skape eit trygt ytringsrom og bidrar såleis til å styrke den offentlege samtalen. NRK gjer greie for at publikumsdialogen på NRKs eigne plattformer er vidareutvikla og prøvd på stadig fleire saksområde i 2023. NRK prioriterer strategisk publikumsdialog og samfunnsdebatt på eigne redaktørstyrte plattformer og har trappa ned nærværet på tredjepartsplattformer som Facebook, Instagram og TikTok gjennom 2023.

NRK gjer greie for at dramaserien *Makta*, med undertittelen *Basert på sannhet, løgn og dårlig hukommelse*, også representerte eit viktig bidrag til ein opplyst offentleg samtale. Gjennom dramasjangeren bidrog NRK til å sette dagsorden og skape debatt om faktiske, politiske hendingar frå slutten av 1970-talet og starten av 80-talet. Podkasten *Seriesnakk* tok for seg kvar enkelt episode, og Nrk.no hadde informasjon om kva som var fakta og kva som var fiksjon. Vidare blei det publisert over tusen artikkelar om serien med stor debatt i redaktørstyrte og sosiale medium.



Kathrine Thorborg Johansen og Jan Gunnar Røise spilte Gro Harlem Brundtland og Reilulf Steen i dramaserien *Makta*. Foto: Erika Hebbert, Motlys/NRK

Politiske val er ein av dei viktigaste prosessane i eit velfungerande demokrati, og tilgangen til påliteleg og uavhengig informasjon er ein føresetnad for at borgarane skal kunne danne seg ei meining og ta opplyste val. Under politiske val blir det stilt særskilde krav til NRK om å ha ei brei og balansert dekning, og til at alle parti over ein viss storleik skal bli omtalte. NRK hadde brei og grundig dekning av valkampen og kommune- og fylkestingsvalet i 2023. «Valomaten» er ei teneste der publikum kan orientere seg i det politiske landskapet og få ein indikasjon på kva politisk parti ein er mest einig med. NRK utvikla denne tenesta med ei ny partnarteneste, «Lokalvalguiden», i 2023 som gav ei oversikt over aktuelle saker i eigen kommune og viste alle parti og lister som stilte til val. NRK gjer greie for høg oppslutnad om tenesta og viser til at «Valomaten» har blitt ein av dei viktigaste informasjonskjeldene for dei unge til å oppdatere seg og til å ta politiske val. Gjennom valdekninga bidrar NRK til å oppfylle det overordna kravet om å medverke til at befolkninga får tilstrekkeleg informasjon for å kunne vere aktivt med i demokratiske prosessar.

Dei tre måla NRK har løfta opp som dei viktigaste i den overordna strategien sin, er at NRK skal «styrke og utvikle demokratiet», «løfte og berike norsk og samisk språk og kultur» og «samle og engasjere alle som bor i Norge». Strategien reflekterer korleis NRK styrer verksemda etter formålet med allmennkringkastingsoppdraget. NRK gjer greie for korleis dei konkrete måla for prioritering av innhald og produktutvikling blir reviderte i årlege strategiprosessar. NRK har peikt ut fire område som det er viktig å lukkast med for å kunne løyse allmennkringkastingsoppdraget i framtida:

- «NRK skal skape store fellesopplevelser»: NRK meiner at dette kan gjerast både gjennom at NRK samlar mange på same tid, eller ved at NRK set agenda og skaper felles referansar.
- «NRK skal vere først med det siste, forklare og vise sammenhenger»: I dette ligg blant anna at publikum skal kunne stole på at NRK er raskt ute med å dekke og forklare når det skjer noko viktig i Noreg eller i verda.
- «NRK skal begeistre med innhold ingen andre lager»: NRK forklarar at global konkurranse og eit lite språk treng ein allmennkringkastar som speglar vår eigen røyndom og løfter stemmer og perspektiv som er unike for Noreg.
- «NRK skal vere attraktiv for hver ny generasjon»: Her har NRK blant anna eit mål om å lage innhald for generasjonar slik at dei får ein sjølvstendig relasjon til NRK og opplever NRK som relevant.

Eit døme på eit nytt tilbod som bidrar til å oppfylle fleire av dei strategiske måla i 2023, er den nye podkasten *Hævvvi*. Den sørsamiskspråklege serien skildrar ung samisk røyndom og blir publisert med både lyd og teksta video. NRK gjer greie for at innhaldet både løftar eit utryddingstrua språk, stemmer og perspektiv som er unike for Noreg, og at tekstinga bidrar til at det sørsamiske tilbodet når ut til fleire enn dei som beherskar det sørsamiske språket.

NRK speglar norsk og samisk røyndom gjennom innhald som ifølge NRK konkurrerer med det beste innhaldet i verda. I 2023 fylte NRK 90 år, og både nasjonal og internasjonal konkurranse har utvikla seg sidan oppstarten på 1930-talet. NRK viser til systematisk arbeid for å oppfylle allmennkringkastaroppdraget i takt med endra føresetnader. Mediebrukstal indikerer at NRK er ein fellesarena på tvers av ulike grupper i Noreg. NRK rapporterer i allmennkringkastarrekneskapen at NRK i 2023 dagleg nådde ut med eit eller fleire tilbod til 91 prosent av befolkninga, noko som er stabilt samanlikna med dei føregåande åra (89 prosent i 2022, 92 prosent i 2021 og 91 prosent i 2022). Oppslutnaden bygger opp om at NRKs overordna mål har vore robuste, også gjennom krevjande periodar med pandemi, uro, krig og andre hendingar som rører ved det norske samfunnet. NRK viser til at slike situasjonar skjerpar krava til sannferdig, balansert og kritiske journalistikk som skal bidra til å analysere og forstå nyheitsbildet og samfunnet. Vidare viser NRK til at kunstig intelligens understrekar kor viktig rolle NRK har knytt til ei sannferdig formidling og det å avsløre løgn og falske historier.


NRK er medlem i Norsk Presseforbund og følger dei felles etiske regelverka til media, som Redaktørplakaten og Ver varsam-plakaten. NRK viser til at regelverka og vurderingar knytte til dei, jamleg blir diskutert, og at for eksempel kunstig intelligens skaper eit behov for å tydeleggjere korleis reglane skal haldast ved lag når nye verktøy blir tatt i bruk. I 2023

behandla PFU 17 klager på NRK og konkluderte med brot på god presseskikk i fem av desse sakene.⁵ Sjå nærmare om dette i punkt 2.11.

Prinsippet om at NRK skal vere redaksjonelt uavhengig er grunnleggande for at NRK skal kunne løyse allmennkringkastingsoppdraget på ein tilfredsstillande måte. Det er også viktig at NRK er balansert over tid, ikkje minst i opplysningsaktiviteten deira. NRK viser til at høg tillit er ein av dei viktigaste indikatorane på ein sterk og uavhengig allmennkringkastar. NRKs eiga årlege profilundersøking måler kva oppfatning befolkninga har av NRK og kor nøgde dei er med NRK. I 2023 sa 85 prosent at dei hadde tillit til NRK. Det er 3 prosentpoeng høgare enn i 2022 og på same nivå som i 2021. Tilliten er stabilt høg i alle publikumssegmenta. Vidare meinte 87 prosent at NRK oppfyller allmennkringkastarmandatet, og 91 prosent meinte at NRK tilbydde «troverdige nyheter informasjon og dokumentarar» i 2023. Resultata samsvarer med den årlege undersøkinga frå Ipsos som måler omdømmet norske verksemdar har i den norske befolkninga. I 2023 viste den at 82 prosent hadde eit svært eller ganske godt inntrykk av NRK.

Konklusjon: Medietilsynet har etter ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller krava til allmennkringkastingsverksemda, komme til at dei overordna krava i §§ 12 og 13 er oppfylte i 2023.

⁵ <https://presse.no/wp-content/uploads/2024/01/Alfabetisk-oversikt-redaksjoner-klagebehandling.pdf>



Bidrag til det norske mediemangfaldet



2.2 Bidrag til det norske mediemangfaldet

Vedtektene:

§ 14 NRK skal ha et selvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfoldet (regionalt og nasjonalt).

§ 26 NRK skal ha et særlig ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner.

NRK oppfyller kravet om at NRK skal ha eit sjølvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfaldet nasjonalt og regionalt gjennom å oppfylle oppdraget som er nedfelt i NRK-plakaten og vedtektene og gjennom samarbeid med andre medieaktørar – både lokalt, regionalt og nasjonalt. I vurderinga av korleis dette kravet blir oppfylt, legg Medietilsynet også vekt på kva rutinar NRK har for å gjere arkiva sine tilgjengelege, og praksisen for å sitere og kreditere andre redaksjonelle medium.

Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga. NRK viser til dei tre dimensjonane i mediemangfaldet: mangfald i avsendarar (inkludert geografi), mangfald i innhald og mangfald i bruk. I allmennkringkastarrekneskapan dokumenterer NRK at verksemda bidrar til innhaldsmangfald. Dette blir gjort gjennom ei stor sjangerbreidde for breie og smale grupper, og med innhald for alle aldersgrupper. I tillegg er NRK redaksjonelt til stades over heile landet, publiserer nyheiter og aktualitetar frå distrikta til eit nasjonalt publikum og tilbyr ei brei utanriksdekning. NRK gjer også innhaldet tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne. Medietilsynet vurderer at NRK på denne måten bidrar til det norske mediemangfaldet gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget sitt.

Kravet om at NRK skal ha eit sjølvstendig ansvar for det norske mediemangfaldet, bygger på ei semje i Stortinget om at NRK har ei særstilling i det norske medielandskapet.⁶ Stortinget meinte at mangfaldet blir skapt ved at alle aktørar, inkludert NRK, bidrar til å utvikle journalistikk og meningsutveksling innanfor dei rammene som til kvar tid eksisterer. Samtidig var det semje i Stortinget om at NRK har eit ansvar for å sjå til at aktiviteten deira ikkje er til hinder for andre aktørar i den norske mediemarknaden. Med ansvaret for å dekke tematiske og geografiske blindsoner har Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) presisert at dette må balanserast mot det sjølvstendige ansvaret NRK har for å bidra til det norske mediemangfaldet. Kravet styrker ansvaret NRK har for det lokale mediemangfaldet, samtidig som KUD har understreka betydninga av at distriktskontora til NRK ikkje definerer seg som ein konkurrent til lokalavisene, men at NRK lokalt bidrar til å styrke det lokale mediemangfaldet og det samla tilbodet til publikum.

⁶ Sjå Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst – Allmennkringkasting og mediemangfald*, behandla i Innst. 178 S (2015–2016) og drøfta og vedtatt i Stortinget 1. mars 2016.

Vurderingar av kva konkurranseeffektar NRK har for kommersielle aktørar i marknaden, blir ikkje gjort i det årlege tilsynet med allmennkringkastingsoppdraget, men som ein del av faktagrunnlaget i samband med at Stortinget skal fastsette dei langsiktige økonomiske rammene for mediestøtta – inkludert NRK. Sist Medietilsynet gjorde ein slik analyse, var på oppdrag frå KUD i 2021.⁷

Medietilsynet legg til grunn at dei empiriske undersøkingane som blei innhenta til 2021-rapporten og statusrapportane i Mediemangfaldsrekneskapen, gir viktig innsikt i kva tematiske og geografiske blindsoner som finst.⁸ Kunnskapen er eit viktig supplement til NRKs egne kartleggingar og vurderingar av journalistiske blindsoner. Vidare er det gjennom tilsynspraksis dei siste åra slått fast at NRKs utgreiing om samarbeid med andre medieaktørar, inkludert praksis for å kreditere og sitere, går inn i vurderingsgrunnlaget for korleis NRK oppfyller kravet om å bidra til det norske mediemangfaldet, nasjonalt og regionalt.⁹

2.2.1 NRKs samarbeid med andre aktørar

I vurderinga av om NRK bidrar til det norske mediemangfaldet gjennom samarbeid med andre legg Medietilsynet vekt på at NRK kan dokumentere å vere ein open og aktiv initiativtakar til samarbeid, og at alle medieaktørar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå får like moglegheiter til å inngå slike samarbeid.

NRK har ein eigen redaktør for mediemangfald og samarbeid som har som hovudoppgåve å legge til rette for at heile NRK leverer på oppdraget om å bidra til det norske

⁷ Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet – Rapport fra Medietilsynet til Kulturdepartementet*. Vurderingane blei følgde opp i ein eigen meldingsdel til budsjettproposisjonen Prop. 1 S (2022–2023). For budsjettåret 2023 under Kultur- og likestillingsdepartementet Utgiftskapitler 300–353 Inntektskapitler: 3300–3339 og 5568. Tilråding frå Kultur- og likestillingsdepartementet 12. september 2022, godkjend i statsråd same dag.

⁸ Sjå rapportane på Medietilsynets nettstad, <https://www.medietilsynet.no/fakta/rapporter/mediemangfoldsregnskapet/>

⁹ I Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* slutta KUD seg til Medietilsynets vurdering i rapporten frå 2018 om NRKs bidrag til mediemangfald når det gjeld korleis NRK praktiserer samarbeid med andre medieaktørar, kreditering og sitering. Departementet slutta seg til at NRK bør vere tilbakehaldne med å sitere for mykje frå saker som kommersielle medieaktørar har publisert i betalingsløysingane sine, for å sikre at insentivet til – og meirverdien ved – å oppsøke originalkjelda blir oppretthalden. NRK bør også ha ein konsekvent og raus praksis for å kreditere. Vidare bør NRK aktivt søke å samarbeide med andre medieaktørar, for eksempel i samband med dekning av val.

mediemangfaldet.¹⁰ Redaktøren fungerer som kontaktpunkt inn i NRK for aktører som enten ønsker samarbeid eller kontakt med andre miljø i NRK.

NRK hadde i 2023 jamlege møte og dialog med ulike mediehus, konsernleiarar, enkeltredaktørar, interesseorganisasjonar, forskarar og utdanningsinstitusjonar. Møta gir NRK oppdatert kunnskap om dei eksterne forventingane og behova knytte til oppdraget til NRK. NRK meiner det er viktig for ein offentleg allmennkringkastar å ha ein låg terskel for å samarbeide med andre. NRK held fram med det interne arbeidet for å sikre mediemangfald og samarbeid i redaksjonane til NRK og tar initiativ til nye prosjekt saman med andre mediehus. Målet med arbeidet er at tiltaka skal gi publikum over heile landet eit betre medietilbod. Det går vidare fram av allmennkringkastarreknescapen at utgangspunktet for NRKs arbeid med mediemangfaldsoppdraget er å gi publikum i Noreg eit betre innhald på norsk og frå Noreg, ettersom konkurransen om tida til publikum er global.

Samarbeid og deling

NRK gjer greie for fleire små og større dele- og samarbeidsprosjekt i 2023, for eksempel journalistiske samarbeid, deling av kunnskap og kompetanse, deling av journalistisk innhald og arbeid med å dekke tematiske og geografiske blindsoner. Dei to store prosjekta NRK løftar fram for 2023, er samarbeidsprosjekta med totalt 33 mediehus i samband med fylkes- og kommunevalet og bidraget til drifta av Faktisk Verifiserbar, som blei etablert i 2022 av Faktisk.no. NRK bidrar til å skape og drive møteplassar og nettverk på tvers av bransjen med eit mål om fremme dialog og moglegheiter for samarbeid. For eksempel deler NRK kompetansen sin i eksterne redaksjonar, på journalistfaglege konferansar og andre møteplassar for mediebransjen, organisasjonar og institusjonar.

I allmennkringkastarreknescapen går det fram at NRK stiller høge krav til seg sjølv når det gjeld samarbeid om valdekning med andre medium. Allereie i september 2022 inviterte NRK alle medieaktørar i Noreg til eit fellesmøte der ambisjonane for valsamarbeidet blei presenterte. NRK oppfordra samtidig medieaktørane til å ta kontakt om konkrete prosjekt, noko som førte til fleire bilaterale møte med ulike aktørar. NRK samarbeidde med 33 mediehus om totalt 24 ulike samarbeidsprosjekt under fylkes- og kommunevalet i 2023. Nokre eksempel på samarbeid:

- NRK bestilte kommunale meiningsmålingar frå Norstat som blei gjorde tilgjengelege for andre medium mot sitering. I 13 tilfelle ønskte eit lokalt eller regionalt medium å bestille eiga fylkesmåling, og da delte NRK på dei ekstra utgiftene.
- NRK gjennomførte ni debattkveldar/spesialsendingar/valvaker saman med lokale eller regionale mediehus, blant anna i Trondheim i samarbeid med Adresseavisen, i Stavanger i samarbeid med Stavanger Aftenblad, i Tønsberg i samarbeid med

¹⁰ NRK opplyser at redaktøren for mediemangfald og samarbeid er plassert i divisjonen for strategi og medium.

Tønsbergs Blad, i Skien i samarbeid med Varden og Telemarksavisa og i Ålesund i samarbeid med Sunnmørsposten og alle region- og lokalavisene som hadde ønske om det.

- I juni 2023 blei *Politisk kvarter* med ordførarduell mellom Ap og Høgre avvikla frå studioet til NRKs *Helgemorgen* i Tromsø med bidrag frå ein kommentator i avisa Nordlys både med undersøkingar/research og som ekspertkommentator i studio.
- I valkampen delte NRK opent strøyming frå dei politiske debattane sine med andre mediehus, noko som gir andre høve til å lage eigne saker samtidig som NRKs innhald når breiare ut – også til mediebrukarar som ikkje nyttar NRKs tilbod til vanleg.
- Det andre store samarbeidsprosjektet i 2023 er Faktisk Verifiserbar 2.0, som omfattar både Faktisk.no og mange av dei etablerte redaktørstyrte journalistiske media i Noreg. Tenesta blei utvikla i 2022 for å verifisere bilde og videoar frå Ukraina til bruk i alle norske journalistiske medium. Det er eit godt eksempel på at NRK og andre redaktørstyrte medium bygger kompetanse og utviklar metode saman. Ein eigen systematikk og metodikk for å verifisere og produsere OSINT-journalistikk¹¹ er utvikla og formidla til norske og internasjonale journalistar og medieaktørar gjennom foredrag, kurs og arbeidsmøte. NRK gjer greie for ein felles fagleg innsats som har involvert journalistar, «researcharar» og fotografar frå ulike typar media, både kringkasting, avis og fagpresse – og medium på ulike geografiske nivå.
- NRK rapporterer at Verifiseringsdesken, etter å bli sett på pause i 2023, blei etablert på nytt 23. oktober for å verifisere innhald knytt til angrepa i Israel og Gaza. Da blei også Institutt for journalistikk ein del av prosjektet, og dette fremmar moglegheitene for å sikre kompetanseheving i heile bransjen. NRK opplyser at frå starten i 2022 og til restarten i oktober 2023 har tolv norske redaksjonar og 50 medarbeidarar bidratt direkte inn i prosjektet, og NRK har deltatt med tre årsverk fordelt på fleire personar. Verifiserte bilde og videoar frå Ukraina, Gaza og andre hendingar blir gjorde tilgjengelege for alle norske redaktørstyrte journalistiske medium gjennom NTB Mediebank, uavhengig om dei har deltatt i prosjektet eller ikkje. I tillegg til å verifisere bilde og videoar har prosjektet også levert dagsordensettande innhald og journalistikk på alle redaksjonelle flater.
- Medietilsynet gjentar vurderinga frå i fjor om at Faktisk Verifiserbar er eit godt eksempel på korleis NRK og andre redaktørstyrte journalistiske medium gjennom samarbeid kan trekke vekslar på den respektive kompetansen i dei ulike miljøa, og utvikle ny kompetanse til beste for mediemangfald og publikum. Faktabasert og

¹¹ Open-Source Intelligence journalism.

sanningsøkande journalistikk er avgjerande for å oppretthalde rolla og tilliten som dei redaktørstyrte journalistiske media har i samfunnet. Medietilsynet ser også positivt på korleis innsikt og ressursar både blir henta og delt på tvers av ulike medium lokalt, regionalt og nasjonalt, og samarbeidet med kompetansemiljø som Faktisk.no.



Frå gjenopninga av *Faktisk Verifiserbar* i oktober 2023. Frå venstre redaktør for mediemangfald og samarbeid i NRK Hege Iren Frantzen, konstituert ansvarleg redaktør i Faktisk.no Olav Østrem og leiar for Institutt for journalistikk Siri Skaalmo. Foto: Ole Berg-Rusten/NTB.

- Våren 2023 samarbeidde NRK også med Tenk, skoleavdelinga til Faktisk.no, om undervisningsmaterieill om kjeldekritikk til valkampen. Samarbeidet bidrog til at lærarane i vidaregåande skole kunne ta i bruk nye ressursar som var direkte knytte til nyheitsbildet ved at Tenk publiserte undervisningsopplegget «Valg og hverdag» samtidig med NRKs serie *Folk om valg og hverdag*.
- NRK har saman med Landslaget for lokalaviser (LLA) og Senter for undersøkande journalistikk i Bergen (SUJO) i 2023 jobba med eit nytt lokalt samarbeidsprosjekt, og frå årsskiftet 2024 blei det oppretta ein eigen samarbeidsdesk med medarbeidarar frå dei tre samarbeidspartane. NRK opplyser at det er eit mål på sikt å inkludere andre medium utover LLAs medlemsaviser. NRK har prosjektleiinga for samarbeidsdesken, og målet er å dele «researchpakker» og forslag til saker med lokalavisene, slik at den enkelte avisa kan lage god og grundig lokaljournalistikk. Gjennom den nye samarbeidsdesken har NRKs undersøkande journalistikk for å kartlegge naturtap i Noreg blitt delt med lokalmedium. I 2024 har NRK publisert serien *Oppsynsmannen* og nettsaka *Norge i rødt, hvitt og blått*. Samtidig er det produsert fleire lokale saker, og NRK og lokalmedium har samarbeidd på tvers.

NRK gir fleire eksempel på samarbeidsprosjekt med andre mediehus i 2023:

- Østlands-Posten og NRK samarbeidde om å avdekke forhold i psykiatrien, og det blei publisert sjølvstendige saker under dei respektive redaktørane hos dei to medieaktørane. NRK nemner eit vedlegg på 31 sider i Østlands-Posten, ei digital langlesingssak om dei som er for psykisk sjuke til å vere i fengsel, ei større sak på NRK.no og ei sak i Dagsrevyen – i tillegg til ei rekke oppfølgingssaker. I Amedia blei sakene nominerte i klassa for beste undersøkende journalistikk. NRK opplyser at samarbeidet førte til eit betre resultat og ein meirverdi for brukarane til begge mediehusa.
- NRK Stor-Oslo og Amedia samarbeidde om å dekke ung kultur i Oslo under skolerevysesongen 2023–24. Skolerevyane blei dekte i morgonsendinga til NRK P1 med kritikar frå Amedia som sette karakter på førestillingane, i tillegg til at lydklipp og videoar frå desse besøka blei delte på kanalane til NRK, Amedia og dei eigne kanalane til skolane. NRK viser til at samarbeidet førte til ei rikare og meir variert dekning av skolerevyane, noko som bidrar til å oppretthalde og utvikle denne tradisjonen som ein viktig del av ung kultur i Oslo.
- NRK har fleire langvarige samarbeid om kåringar. NRK Trøndelag og Adresseavisen kårar «Årets trønder» og «Årets hverdagshelt», og NRK Nordland og Avisa Nordland kårar «Årets nordlending» saman.

Synleggjering og deling

NRK opplyser at det er etablert klare reglar for å kreditere og sitere andre medium, og at praksisen skal vere raus og tydeleg. NRK skal også lenke til eksterne medium når dei blir siterte i vesentlege saker, sjølv om sakene er innanfor betalingsløysingar. NRK viser til at dette gir publikum større meirverdi, og at formålet også er å bidra til at fleire kjøper abonnement hos andre norske mediehus. NRK har ikkje automatiserte system som tel årlege krediteringar og siteringar.

Eit anna tiltak frå NRK for å synleggjere journalistikken til andre norske medium er å invitere redaktørar og journalistar frå andre mediehus til radio- og tv-sendingane. Eit eksempel er det direktesende aktualitetsprogrammet *Helgemorgen*, som blir sendt på NRK P2 og NRK1 kvar helg direkte frå studio i Tromsø. NRK beskriv at i det faste innslaget «Redaktørpanelet» prøver redaksjonen å få med fleire redaktørar frå lokale avishus over heile landet, ofte knytte til saker som er aktuelle i området deira. Vidare løftar programmet nasjonale stemmer frå større avishus i møte med lokale redaktørar, noko som ifølge NRK ofte nyanserer og gir gode samtalar. *Helgemorgen* bruker i tillegg lokale avishus for å kommentere aktuelle saker og løfter jamleg saker frå andre mediehus som utgangspunkt for debattar, panel eller gjestar. NRK gjer greie for at det systematiske arbeidet med å løfte saker og representantar frå andre mediehus, bidrar til å løfte mediemangfaldet og speglinga av nyheitsbildet frå heile landet til heile landet.



For første gong hadde NRK eit formelt samarbeid med VG og VGTV om å sende europameisterskapet for U-21-lag i fotball. Frå venstre NRK-kommentator Andreas Stabrun Smith, VG-kommentator Vegard Aulstad, NRK-programleiar Emil Gukild og VG-reporter Joachim Baardsen. Foto: NRK.

NRK samarbeider med ulike mediehus om erverv og utvikling av sportsrettar. I 2023 samarbeidde NRK med Viaplay om VM i fotball for kvinner, med VGTV om EM i fotball for gutar under 19 år og for gutar under 23 år, og med TV 2 om Champions League for kvinner. NRK samarbeidde med Amedia om produksjonar og visning av enkeltstemne innanfor norsk friidrett. Vidare samarbeidde NRK med TV 2 om verdscuprenn i nordiske greiner i Noreg og verdscuprenn i skiskyting frå heile verda i 2023. Frå 2024 til 2032 samarbeider NRK med Warner Bros. Discovery om olympiske leikar (OL).

Tilgang til NRKs arkiv og deling av direktestraumar

NRK deler jamleg direktestraumar med alle norske redaktørstyrte medium som ønsker å sende NRKs produksjonar frå viktige nasjonale eller lokale hendingar.¹² I tillegg til å distribuere «pool-produksjonar» opplyser NRK at signal blir delte nasjonalt frå NRK sentralt og lokalt mellom distriktskontora til NRK og lokale medium. NRK opplyser at 88 mediehus var inkluderte i ordninga som gir tilgang til å bruke NRKs direktesende nyheitsmateriale og enkelte program i 2023, mot 91 i 2022 og 82 i 2021.

¹² NRK har tidlegare opplyst at dette omfattar pressekonferansar, debattar eller andre hendingar.

For 2023 gir NRK eksempel på deling frå overrekkinga av Sannings- og forsoningskommisjonens rapport til Stortinget og den påfølgande 30 timars opplesinga i Nationaltheatret,¹³ deling frå val- og debattsendingar i samband med kommune- og fylkestingsvalet, frå kongelege anledningar og merkedagar, 17. mai, nyttårstalane til kongen og statsministeren og frå ulike pressekonferansar og hendingar.

NRK har ikkje totaltal for all deling i 2023, men opplyser at det blir delt hyppig med både riksdekkande og lokale medium. NRK deler berre eige materiale og kan ikkje dele innhald som tredjepartar har rettane til, som innhald frå nyheitsbyrå eller andre rettshavarar. NRK vurderer delinga av slike direktetraumar som eit viktig bidrag til å vareta oppdraget om å ta eit sjølvstendig ansvar for norsk mediemangfald. Samtidig er NRK prinsipielt opptatt av å skape eit tilbod for andre medium i tillegg til, og ikkje i staden for, nyheitsbyrået NTB.

NRK opplyser at klipp og arkivinnhald knytte til den løpande nyheitsdekninga blir gjort tilgjengeleg for andre norske redaktørstyrte medium, både direkteinnhald med medieaktørane som har avtale med NRK, og publisert innhald. Anna innhald blir også delt når det er mogleg. NRK praktiserer deling som hovudregel, og eventuelle avslag er godt grunngitte. NRK krev berre at kostnader knytte til sjølvne tilgjengeliggjeringa blir dekte, men gjer også greie for at rettar, avtalar og etiske dilemma framleis reiser nokre utfordringar når det gjeld deling og tilgjengeliggjering av alt innhald i arkivet til NRK.

NRK rapporterer at 850 førespurnader om arkivklipp blei behandla i 2023, noko som er ein liten nedgang frå 921 i 2022 og 1040 i 2021.¹⁴ Om lag 10 prosent gjaldt deling med andre reaktørstyrte mediehus og produksjonsselskap, mot 17 prosent i 2022 og 40 prosent i 2021. NRKs nyheits- og distriktskontoravdelingar deler klipp med andre redaktørstyrte medium dagleg. NRK har tidlegare forklart at årsaka til nedgangen kan vere at video, lydklipp, stillbilde og tekstar i større grad blir delte direkte mellom redaksjonane og dei eksterne redaktørstyrte media, utan at delinga går via NRKs eining for sal av innhald. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at eit system der redaksjonane kan registrere kva dei deler, er under utarbeiding, og at talet på delingar blir talt opp årleg framover.

NRK opplyser at det er etablert eit påsynsrom, der det blir lagt til rette for at eksterne produsentar og mediehus enklare kan søke og få tilgang til arkiva til NRK. NRK fortel at historisk arkivmateriale er nytta i blant anna seriar som *Folkets Konge* og *Makta*.

¹³ Sjå nærmare <https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Organene/sannhets--og-forsoningskommisjonen/>.

¹⁴ NRK har opplyst Medietilsynet om at deling av arkivklipp med bibliotek og museum frå 2021 har blitt registrert åtskilt frå deling med redaktørstyrte medium og produksjonsselskap.

Deling av kompetanse og kunnskap

NRK deler kompetanse og kunnskap med andre mediehus, bransjeorganisasjonar og samfunnsinstitusjonar, blant anna ved å halde kurs, dele erfaringar og kompetanse eller halde foredrag på ulike journalistfaglege konferansar eller utdanningsinstitusjonar. NRK har i 2023 blant anna heldt foredrag og undervist for studentar ved journaliststudium i Bodø og Stavanger, ved OsloMet og Universitetet i Oslo i tillegg til professorar i journalistikk på eit skandinavisk møte i Stockholm.



NRKbeta foreleser bachelorstudentane i journalistikk, foto og medium og kommunikasjon ved OsloMet om plattformmakt. Foto: NRK.

NRK gjer greie for at fleire av NRKs redaksjonar og divisjonar bidrar aktivt med kompetanse- og kunnskapsdeling, og at NRK Nyheter står i ei særstilling. I 2023 fekk Budstikka, Aftenposten og svenske Dagens Nyheter informasjon om NRKs breaking-operasjon, og breaking-sjefane i VG, Aftenposten, Dagbladet og TV 2 blei inviterte til NRKs konferanse og paneldebatt om breaking-journalistikk. Innanfor nyheitsfeltet har NRK hatt besøk frå TV 2 om korleis dei løpande nyheitssendingane blir tilpassa på tv og radio og i dei digitale flatene NRK TV, NRK Radio og Nrk.no. NRK Nyheter har også vore på besøk hos ulike mediehus, som VG og Aftenposten, og utdanningsinstitusjonar, som OsloMet og Den norske filmskulen på Lillehammer, for å fortelje om korleis den visuelle nyheitsjournalistikken blir løfta på digitale flater. Alle kommentatorane til Amedia besøkte NRK Nyheter for å lære meir om korleis nyheitsredaksjonane jobbar, og dei møtte programleiarar og vaksjefar i blant anna *Nyhetsmorgen*, *Debatten*, *Dagsnytt 18*, *Politisk kvarter* og *Dagsrevyen*. NRK Nyheter bidrog med kompetanse på fleire internasjonale konferansar i 2023, blant anna Wan-lfras konferanse «Media Leaders Summit Middle East» i Dubai (om digital transformasjon av nyheitsrommet) og «Internasjonal Journalism Festival» i Perugia (om klimajournalistikk). NRK Nyheter delte også arbeidsmetodar knytte til digital historieforteljing med danske TV 2 i 2023.

Vidare bidrog NRK med fagleg kunnskap om valdekning på Amedias læringsveke i 2023, og NRK nemner fleire eksempel på kompetansedeling med andre mediehus gjennom NRKs interne kurs og kompetanseløft. NRKs teknologidivisjon arrangerer også innovasjonsdagar og «påfyllmøte», og i 2023 samarbeidde NRK blant anna med Schibsted/VG og Nasjonalbiblioteket om temaet «KI og transkribering». Kunstig intelligens har også vore eit tema for NRKs innsiktsmiljø for teknologi, medium og samfunn, og NRK rapporterer at

NRKbeta har bidratt med 60 eksterne foredrag i 2023. Nokre eksempel på eksterne oppdrag er: Nordiske Mediedager, Norsk Redaktørforening, Stiftelsen Tinius, Fagpressen, Tromsø Internasjonale Filmfestival, MediaFutures, Arendalsveka, Amandusfestivalen, Nordnorsk Filmsenter, datajournalistnettverket MCB JoLab, Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS), Familie- og kulturkomiteen, Forsvarets mediesenter og Nordisk ministerråd.

NRKs utviklingsavdeling har hatt fleire eksterne foredrag, også for dei nordiske allmennkringkastarane Sveriges Radio og Danmarks Radio. Utviklingsavdelinga arrangerte også «Nye stemmer» i Oslo, eit arrangement som har som mål å auke mangfaldet i historier, kjelder og perspektiv i norsk mediebransje. NRK opplyser at over 60 deltakarar var til stades, der 36 av ideane gjekk vidare til vidareutvikling hos utviklingsavdelinga i NRK.

Språkmangfald er eitt av fire satsingsområde i mangfaldsarbeidet til NRK. NRKs språksjef har i 2023 delt kompetanse med journaliststudentar ved OsloMet og Høgskulen i Volda og om omsettingsteknologi, robotjournalistikk og ChatGPT på eit seminar i regi av Nynorsk pressekontor, NTB, Nasjonalbiblioteket og Språkrådet. Vidare opplyser NRK at NRK Sápmis språkkonsulent har eit tett samarbeid med Samisk språkråd, Sámi giellaráddi, i arbeidet med å utvikle samisk språkterminologi. Nynorskhuset i Førde opna i 2023 og lokaliserer både Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter, som deler forelesningar, opplæring og kunnskap om språkoppdraget – inkludert nynorskkompetanse.

NRK rapporterer elles om framleis auka interesse for arbeidet med universell utforming og tilgjengelegheit på digitale plattformer, og at NRKs tilgjengelegheitssjef har delt erfaringar og kompetanse med ulike miljø utanfor NRK i 2023. Vidare har NRK bidratt med fagkompetanse i arbeidet med å standardisere universell utforming i digitale læringsressursar i samarbeid med blant andre Standard Norge, TV 2 Skole, Aschehoug, Gyldendal, Statped og Norges Blindforbund.

Andre eksempel på samarbeidsprosjekt som NRK meiner gir eit betre tilbod til publikum:

- NRK samarbeider med eksterne podkastprodusentar, som for eksempel *Julestemning med Live og Ronny*, *Historiske kjendiser* og *Burde vært pensum*.
- Gjennom programmet *Debatt i P2* samarbeider NRK kvar veke med ei rekke ulike debattarrangørar over heile landet, blant anna tenketankar, organisasjonar og kulturhus. Produksjonsselskapet Millimedia produserer *Debatt i P2* for NRK.
- *Røverradion* er eit samarbeid mellom NRK P2 og Røverhuset, som er ansvarleg for tilbodet til dei innsette og formidlar stemmer som har avgrensa moglegheiter til å delta i den offentlege samtalen. *Røverradion* publiserer 40 episodar årleg og blir sendt kvar veke i NRK P2.
- NRK samarbeider med fleire festivalar og har blant anna sendt opptak frå ulike festivalar i programmet *Debatt i P2*. I 2023 sende NRK P2 tolv timar direkte frå Olavsfest i Trondheim og samarbeidde om delar av sendinga med Adresseavisa. Under Kåånomics i Stavanger sende NRK P2 direkte frå festivalen i tre dagar.
- I 2023 samarbeidde NRK med Universitetet i Oslo om ein serie om luksus, og med Nasjonalbiblioteket om episodar i serien *Gamle greier*.

Nettverk og dialog

NRK gjer greie for at det er viktig å etablere møteplassar og nettverk på tvers av medium, konsern og geografi for å skape ein open dialog, deling og samarbeid. I februar 2023 blei Samisk redaktørnettverk, med redaktørane i Ávvir, Ságat, NordSalten Avis, Snåsningen og NRK Sápmi, stifta som ein del av Norsk Redaktørforening. NRK tok initiativ til å etablere nettverket for å bidra til tettare samarbeid som styrker samiske media og ytringsfridommen for den samiske befolkninga. I 2023 gav Samisk redaktørnettverk innspel til den første mediemeldinga til Sametinget og vil framover fortsette å jobbe med mediepolitiske saker som særleg gjeld samiske medium. I tillegg vil nettverket bidra til kompetanseheving og kompetansedeling, og planlegg etikkseminar frå eit samisk perspektiv for redaktørar, journalistar og akademikarar.

I 2023 har dialogforumet for media i skolen, med Elevkanalen, Tenk, Mediekompasset, Aftenposten Junior Skole, Framtida.no / Framtida Junior og NRK Skole, arbeidd med ein felles portal for skolen om ytringsfridom. NRK tok initiativ til å opprette dialogforumet, og partane skal både bidra med eige innhald og samarbeide om nytt innhald til ytringsfridomsportalen. Arbeidet held fram i 2024.

NRK deltar i Green Producers Club, eit norsk klimanettverk for aktørar innan kulturbransjen, der NRK blant anna har delt erfaringar med bruk av klimakalkulator i interne tv-produksjonar og bidratt i ulike undervisningsopplegg ved universiteta i Oslo og Stavanger. NRK er medlem i berekraftnettverka til MBL og dei nordiske allmennkringkastarane, og deltar fast i EBU-gruppene Green Production og Sustainability Group. NRK gjer greie for at berekraft er eit sentralt område for samarbeid og deling av kunnskap, og viser blant anna til at eit mål i det nordiske samarbeidet er å etablere ein felles standard for å berekne klimautslepp frå innkjøpte produksjonar.

NRK har i fleire tiår hatt samarbeid med dei kommersielle aktørane om måling av mediebruk. NRK samarbeider med TV 2, Viaplay og Warner Bros. Discovery om måling av korleis publikum bruker tv og strøyming (Kantar) – og med P4 og Bauer om måling av radiolytting (Nielsen). NRK samarbeider også med dei kommersielle norske nettstadene og MBL om måling av nettbruk (Medietall.no) og med dei sentrale norske aktørane om den offisielle lista for podkast i Noreg: Podtoppen. Desse målingane gir eit bilde av marknadsandelane til dei ulike medieaktørane i dei ulike segmenta, og samarbeidet er ifølge NRK viktig for å sikre truverdige og legitime målingar som alle i bransjen kan einast om.

NRK samarbeider med P4, Bauer og Norsk Lokalradioforbund om den årlege fagkonferansen Radiodager, og nå er bransjeorganisasjonen Norsk Podkastforening inkludert i den faglege samlinga. NRK gjer greie for at lydmarknaden er i endring, der radio og podkast har mykje til felles, og samarbeidet og delinga på tvers har stor verdi. NRK var initiativtakar til ei felles fagsamling og prisfest for radio og podkast.

NRK fortel om planane for å samlokalisere NRK Rogaland og Stavanger Aftenblad i nybygget Mediebyen Stavanger i 2026. Samlokaliseringa skal legge til rette for å oppretthalde eit sterkt mediemiljø i regionen, og det vil både bli fleire møteplassar i bygget for alle medieaktørane i regionen og ledige lokale for medie- og teknologibedrifter.

2.2.2 Tematiske og geografiske blindsoner

NRK har fått eit særskilt ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner, i tillegg til det sjølvstendige ansvaret for å bidra til det norske mediemangfaldet regionalt og nasjonalt. Formålet med at staten stimulerer til eit mangfald av redaktørstyrte journalistiske medium over heile landet, er å legge til rette for den funksjonen dei har som fellesarena for informasjons- og meningsutveksling. Dersom det ikkje er redaksjonelt styrte medium som følger nasjonale, regionale og lokale forvaltningsnivå og maktstrukturar i samfunnet tett, kan demokratiske funksjonar og den tilgangen den enkelte samfunnsborgar har til informasjon frå uavhengige og kritiske kjelder, bli svekt. I NRKs særskilde blindsonansvar ligg det at NRK aukar mediemangfaldet gjennom å styrke den journalistiske dekninga i og av område der dekninga er svak. Samtidig må NRK balansere dette ansvaret med å ikkje definere seg som ein konkurrent til lokale nyheitsmedium. Dette gjer NRK blant anna gjennom dialog, deling og samarbeid med lokale redaktørstyrte nyheitsaktørar.

Ansvaret for å dekke tematiske og geografiske blindsoner føreset god kunnskap om kva tematiske og geografiske blindsoner som finst, og gode verktøy for å kunne følge utviklinga over tid. Dette fordrar at NRK har system for å systematisk kartlegge og vurdere kor slike journalistiske blindsoner finst, og kva redaksjonelle grep NRK kan ta for å motverke blindsonene. I allmennkringkastingstilsynet for 2020–2022 har Medietilsynet konstatert at NRK i løpet av denne perioden har lagt til rette for og gjennomført tiltak for å kartlegge tematiske og geografiske blindsoner som har vore leia av Distriktsdivisjonen. Undersøkingane blei gjennomførte både blant dei redaksjonelle leiarane i NRK og blant publikum, i tillegg til innhaldsanalysar av Nrk.no. NRK fann stort samanfall i dei ti viktigaste temaa som både journalistane og publikum meinte blir for dårleg dekte, med heile åtte kategoriar: sosial usemje / fattigdom / utanforskap, oppvekstvilkår, eldreomsorg/velferd, skule/utdanning, arbeidsliv/arbeidsmarknad, helse/sjukehus, næringsliv/industri og samferdsel. NRK opplyser at resultatane frå kartlegginga av blindsoner er formidla til alle relevante redaksjonar i NRK for å bidra til redaksjonelle prioriteringar som har som mål å styrke dekninga i fleire delar av Noreg. NRK viser til at kartlegginga av geografiske blindsoner bidrog til avgjerda om eit lokalkontor på Røros.

I 2023 har NRK vidareført arbeidet, som starta i 2021, med å systematisk registrere alle større og mindre stader som blir besøkte av ein reportar, ein fotograf eller eit reportasjeteam for ein nettreportasje. Artiklar som blir produserte på telefon eller med videosamtale, er ikkje med i registreringa. Målet med registreringa er å dokumentere journalistisk nærvær og identifisere underdekte område, samtidig som nærvær tilfører ein ekstra journalistisk kvalitet og verdi. Registreringa er ifølge NRK eit nyttig verktøy for journalistar og redaksjonsleiinga for å leite etter nyheitssaker og velje kjelder og eksempel frå kommunar som er lite besøkte av NRK. NRK forklarar at registreringa skjer manuelt og at kvaliteten på dataa kan variere, i tillegg til at det er nokre hol i registreringa.

NRK opplyser at 5955 reportasjar på Nrk.no er plasserte i eitt eller fleire geografiske område i 2023, mot 5922 i 2022 og 5177 i 2021. NRK forklarar at det har vore ein svak auke i talet på reportasjereiser for NRK.no i 2023, men at reportasjane er fordelte på færre stader i 2023 enn i 2022, likevel fleire enn i 2021. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at

Nrk.no har publisert innhald frå minst 331 kommunar og 1399 stader i 2023.¹⁵ I 2022 viste den same kartlegginga at Nrk.no publiserte innhald frå minst 327 ulike kommunar og 1615 stader, i 2021 var talet på kommunar 314 og talet på stader 1217. NRK gjer greie for at det er vanskeleg å legge desse tala til grunn for ein tendens i dekninga, og at det kan vere feilkjelder i desse tala.¹⁶ Samtidig understrekar NRK at medvitet om å vere til stades og dekke heile landet, er stort i organisasjonen, og at det blir tatt grep for å styrke nærværet til NRK. NRK opplyser at meir lokal og regional journalistikk har vore eit tema for NRK i 2023, og at etableringa av tenesta der brukarar som er innlogga på Nrk.no, kan følge nyheiter frå eige distrikt, er eit viktig grep. NRK har frå oppstarten av denne tenesta i april 2023 sett ein auke i saker med eit meir regionalt utgangspunkt, både hendingsnyheiter og saker om lokalpolitikk. NRK vil vidareutvikle denne tenesta framover. Sjå meir om dette tiltaket i punkt 2.5.

Slik Medietilsynet tidlegare har peikt på, er det relevant å legge til at registreringa berre omfattar artiklar og reportasjar på Nrk.no og ikkje tv- eller radioinnslag i nokon av flatene på desse plattformene til NRK. Dette betyr at NRK kan ha laga tv- eller radioreportasjar frå dei områda som etter registreringa av digitale reportasjar på Nrk.no står fram som blindsoner. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet forklart at det er kommunar som ut frå registrerte reportasjar på Nrk.no ikkje ser ut til å vere dekte, men som NRK har dekt gjennom innslag i radio og tv. NRK uttrykker at det er ei svakheit at registreringa ikkje omfattar alle dei tre innhaldsplattformene radio, tv og nett, men opplyser at ei slik fullstendig kartlegging er krevjande med systema NRK har i dag. NRK viser også til at sjølv om redaksjonane ikkje lukkast med å reise fysisk til alle norske kommunar i 2023, viser stikkprøver at NRK har laga journalistikk frå dei fleste «kvite» kommunane med intervju via telefon eller reportasjar publiserte på analoge plattformer.

NRK viser til at det i 2022 blei gjort eit større arbeid for å kartlegge moglege tematiske blindsoner og at det i 2023 er gjennomført ein versjon av denne kartlegginga og ei eiga undersøking i samband med kommune- og fylkestingsvalet. På førespurnad frå Medietilsynet om korleis kartleggingane i 2023 blei innretta, har NRK forklart at desse er gjennomførte gjennom eit redaksjonelt panel hos Norstat for å oppdatere dei tidlegare funna frå 2022 og avdekke eventuelle nye tema som publikum meiner er viktige, men underdekte av NRK. NRK gjer greie for at temaa som publikum stadig meiner både er viktige og for dårleg dekte, er sosial ulikskap, befolkningsutvikling og oppvekstvilkår. NRK forklarar at dette er tema som er

¹⁵ NRK opplyser også at journalistane legg inn geografiske metadata, såkalla dateline, som rein tekst og fritt, i den forstand at det varierer mellom tettstader, byar, kommunar, regionar, land og verdsdelar. NRK må derfor vaske dataa for å plassere kvar dateline i riktig kommune og vil alltid ha fleire stader enn kommunar. Eit eksempel på dette er Melbu og Stokmarknes som er to stader i ein og same kommune: Hadsel.

¹⁶ NRK har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at stader som ikkje kan bli plasserte i ein norsk primærkommune, for eksempel Vesterålen, Nordland, Paris eller Gaza, er filtrerte ut frå datasettet. Det same gjelder dateline som ikkje finst i NRKs lokale base for stadnamn.

godt dekte i 2023, blant anna i saker om barnefattigdom i Bergen og om den psykiske helsa til unge gutar. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet gjort greie for at innretninga med representative undersøkingar gjennom Norstat, vil bli nytta også framover, og at ei ny undersøking blant NRKs redaksjonelle leiarar står på planen.

I 2023 etablerte NRK ei teknologiklynge på tvers av NRK, der både Nyheitsdivisjonen, Distriktdivisjonen og Teknologidivisjonen skal bidra til at NRK leverer betre på løpande og fordjupande teknologijournalistikk. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet forklart at etableringa av teknologiklynga er eit svar på publikumsundersøkingar som viser at temaet blir oppfatta som viktig, men underdekt. NRK ønsker å ta eit større ansvar for å opplyse publikum om korleis ny teknologi påverkar livet i ei tid der kunstig intelligens blir tatt i bruk på fleire område. NRK viser i allmennkringkastarrekneskapen til at teknologiklynga jobbar tett på dei eksisterande satsingane på klimajournalistikk, ung målgruppe og konstruktiv journalistikk, og at klynga i 2023 har bidratt til å løfte saker om teknologi, gravesaker og undersøkingar av korleis kunstig intelligens kan vere ei løysing og ei utfordring i samfunnet. Sjå meir om teknologiklynga i punkt 2.3.7 om bruk av andre medieplattformer og 2.5 om nyheits- og aktualitetsdekninga.

NRK gjer vidare greie for at satsinga på klimajournalistikk og etableringa av den første og største dedikerte redaksjonen for klimajournalistikk i 2020, med ei undersøkande gruppe i Bergen og ei nyheitsgruppe i Oslo, har balansert dekninga av klimafeltet. Klimasaker blir prioriterte, sjølv i urolege tider prega av pandemi, konflikhtar og økonomisk uro. I tillegg har journalistikken ifølge NRK blitt meir visuell og konstruktiv, noko som bidrar til å nå eit ungt publikum. I 2023 har NRK løfta saker om høge temperaturmålingar og klimatoppmøtet i Dubai i nyheitsdekninga og kartlagt framtidig havvind, forlatne oljeplattformer i Nordsjøen, norsk vasskraft og konflikhtar mellom klimatiltak og naturvern gjennom undersøkande journalistikk. Klimasatsinga har vore eit kompetanseløft for NRK og bidrar til at NRK i tråd med samfunnsoppdraget hjelper befolkninga til å forstå den største utfordringa i vår tid. NRK vil revidere klimastrategien i 2024 for å sikre at NRK fortset å strekke seg i denne journalistikken framover.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å bidra til det norske mediemangfaldet, regionalt og nasjonalt. I vurderinga har Medietilsynet lagt vekt på korleis NRK oppfyller allmennkringkastingsoppdraget generelt og tiltaka NRK har etablert, med omsyn til samarbeid med andre norske medieaktørar om deling og samarbeid om kvalitet, kompetanse og kunnskap, og større tilgang på arkivet til NRK. I vurderinga har Medietilsynet også sett på praksisen NRK har for å kreditere, sitere og lenke til saker. Vi vurderer at utgreiinga viser at NRK ofte tar initiativ til samarbeid, viser openheit med omsyn til deling av kompetanse og kunnskap, og at samarbeidstiltaka samla fremmar mediemangfaldet.

Allmennkringkastaroppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod, både geografisk og tematisk, som skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga. Ved å oppfylle krava i allmennkringkastingsoppdraget vurderer Medietilsynet at NRK også bidrar til å oppretthalde og auke mediemangfaldet i Noreg.

Medietilsynet har i allmennkringkastingstilsynet slått fast at det er nødvendig med god kunnskap om kva tematiske og geografiske blindsoner som finst, for å kunne fylle kravet om

å dekke tematiske og geografiske blindsoner. Etter eit større arbeid i NRK med systema som gir nødvendig innsikt for å vareta kravet om å dekke tematiske og geografiske blindsoner i 2022, viser utgreiinga og dei utfyllande opplysningane frå NRK at nokre tiltak er vidareførte og nokre nye er etablerte i 2023. I Allmennkringkastingsrapporten for 2022 føresette Medietilsynet at NRK for verksemda i 2023 skulle gjere greie for kva journalistiske blindsoner som er identifiserte, og korleis NRK gjennom konkrete tiltak bidrar til å dekke tematiske og geografiske blindsoner, slik at mediemangfaldet blir styrkt totalt sett. Publikumskartlegginga og tiltaka NRK gjorde i tilknytning til dekninga av kommune- og fylkestingsvalet i 2023, er eit godt eksempel på korleis innsiktsarbeid bidrar til å informere redaksjonelle avgjerder og prioriteringar. NRK har også løfta fleire journalistiske område der dekninga er svak, som for eksempel ny teknologi, regionale tema og saker om sosial usemje.

Medietilsynet har forståing for at det tar noko tid å utvikle metodar og system, og at det må vere rom for å prøve ut ulike løysingar. NRK har forklart at publikumsundersøkingane etter nokre tilpassingar er i ferd med å finne forma si, og at NRK i 2024 vil gjennomføre både ei publikumsundersøking og ei ny undersøking blant dei redaksjonelle leiarane i NRK. Undersøkingane vil frå dei to perspektiva kartlegge både kva temaområde som blir vurdert som viktige og kor godt eller dårleg NRK dekker dei respektive områda. Medietilsynet har tidlegare understreka betydninga av at kartleggingsverktøya som blir etablerte, må sikre at utviklinga kan bli følgd over tid. I eit blindsoneperspektiv er det viktig å vite om det er dei same geografiske områda som aldri eller sjeldan blir dekte.

Både geografi og tema må bli kartlagde systematisk for å kunne vurdere kor dei journalistiske blindsonene finst, og kva redaksjonelle og strukturelle grep NRK kan ta for å motverke blindsonene. Medietilsynet vil understreke at ein føresetnad for å få ei samla oversikt over den geografiske dekninga til NRK, er at registreringa omfattar alle plattformer. NRK registrerer journalistisk nærvær i ulike kommunar, og kartlegginga må etter Medietilsynets vurdering i tillegg inkludere kva type saker som blir dekte. Medietilsynet meiner at NRK må utvikle eit system for korleis innsikta frå kartleggingane skal bli brukt til å motverke dei blindsonene som blir avdekte. Medietilsynet vil følge opp NRK om dette i allmennkringkastingstilsynet for 2024.

NRK må også gjere greie for vurderingane som er gjorde for å balansere mellom dei konkurransemessige effektane og meirverdien av eventuelle satsingar frå distriktskontora til NRK for å motverke geografiske blindsoner lokalt. NRKs retningslinjer i dette arbeidet viser at NRKs mål er å fremme samarbeid og å løfte journalistiske saker, og at distriktskontora ikkje skal vere til hinder for dei lokale medieaktørane. Medietilsynet legg til grunn at denne tilnærminga ligg til grunn i arbeidet NRK rapporterer om for 2023, og som blei gjennomført i dekningsområda til distriktskontora.



Kvalitet, mangfold og nyskaping

2.3 Høg kvalitet, mangfald og nyskaping

Vedtektene:

§ 21 NRKs tilbud skal i hovudsak vere av redaksjonell karakter. NRK skal etterstrebe høg kvalitet, mangfald og nyskaping. NRKs tilbud skal ha tematisk og sjangermessig bredde. NRKs tilbud skal appellere til alle aldersgrupper.

§ 39 NRKs allmennkringkastingstilbud skal vere kilde til innsikt, refleksjon, opplevelse og kunnskap gjennom innhold og tjenester av høg kvalitet.

§ 40 NRK skal vere nyskapende og bidra til kvalitetsutvikling

§ 41 NRK skal kunne formidle same type tilbud som også tilbys av kommersielle aktører, men bør etterstrebe å tilføye sitt tilbud et element av økt samfunnsverdi i forhold til det kommersielle tilbudet.

§ 44 NRK skal bidra til utdanning og læring, herunder tilby innhold tilrettelagt for skoleverket.

§ 52 NRK skal stimulere til kunnskap, forståelse og bruk av andre medieplattformer blant brukere i alle aldre.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- tjenester og spill som stimulerer til interaktiv deltakelse

2.3.1 Eit tilbod av redaksjonell karakter

Kravet om at tilbodet til NRK i hovudsak skal vere av redaksjonell karakter, understrekar at NRK skal oppfylle allmennkringkastingsoppdraget gjennom å tilby tenester som primært er redaksjonelt funderte og tydeleg avgrensar høvet NRK har til å opprette nye nyttetenester. NRK har ikkje søkt om førehandsgodkjenning av nye tenester i 2023 og opplyser at det heller ikkje har vore utvikla nye nyttetenester i 2023. Med unntak av Yr.no har ikkje NRK tenester som primært har ein nyttefunksjon.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRKs tilbod i hovudsak var av redaksjonell karakter i 2023.

2.3.2 Innsikt, refleksjon og kunnskap

I allmennkringkastingsoppdraget er det krav om at tilbodet frå NRK skal ha høg kvalitet, vere nyskapande, mangfaldig og appellere til ulike grupper. Tilbodet skal også vere ei kjelde til innsikt og refleksjon. Når NRK formidlar same tilbod som kommersielle aktørar, er kravet at NRK legg vinn på å auke samfunnsverdien.

Samla uttrykker kravet at NRK, som offentleg finansiert allmennkringkastar, er forventa å levere kvalitetsinnhald som bidrar til å heve kunnskapsnivået i befolkninga, er i front med tanke på kvalitetsutvikling og nyskaping, og bidrar til fellesskap og inkludering gjennom eit målretta tilbod til ulike publikumsgrupper. I meir kommersielle programtilbod, for eksempel

underholdningstilbudet, skal NRK legge vinn på å tilføre ein meirverdi som gjer NRKs tilbod distinkt, slik at NRK dermed bidrar til auka mangfald i det samla medietilbudet.

Fleire av desse krava er overordna krav som seier noko om eit forventat resultat av verksemda til NRK. Korleis krava blir oppfylte kan samtidig bli vurdert ved å sjå nærmare på innhald, omfang og regularitet for bestemte programkategoriar. Medietilsynet legg den siste forståinga til grunn for evalueringa av korleis NRK innfrir desse krava. Krava som blir stilte til «høg kvalitet», forstås Medietilsynet som breidde og fordjuping i dei perspektiva NRK tilbyr innanfor dei ulike tilbodskategoriene og i det samla innhaldstilbudet sitt. Dette handlar også om kvalitetsjournalistikk i den betydninga at NRK har ein høg standard i produksjonane sine, og at journalistikken blir driven etter publisistiske prinsipp som å vere sakleg, balansert, påliteleg og kjeldekritisk. I tillegg inngår oppfyltinga av fleire andre konkrete krav i allmennkringkastingsoppdraget til NRK i vurderinga, for eksempel krava om å fremme den offentlege samtalen og tilbodet av nyheiter, aktualitetar og kultur – medrekna den undersøkjande journalistikken.

NRK arbeider for at innhaldet skal ha så høg kvalitet og vere nyskapande nok til at publikum vel å nytte tilbodet på plattformene til NRK. NRK har redusert nærværet på tredjeparts plattformer. NRK gjer i allmennkringkastarrekneskapen greie for at det er heilskapen i det lineære og digitale tilbodet til NRK som til saman oppfyller allmennkringkastaroppdraget, og at det er viktig å sjå heilskapleg på kva NRK produserer av innhald, og korleis publiseringa er eit samspel mellom digital og lineær distribusjon.

Medietilsynet viser til at det som er avgjerande for at NRK oppfyller krava knytte til utvikling, kvalitet, nyskaping og innsikt, er det faktiske innhaldstilbudet som NRK leverer på radio, tv og nett. Denne forståinga av at kravet både omfattar tradisjonell programverksemd og nye ikkje-lineære tenester og innhaldstilbud, er stadfesta i den siste justeringa av NRKs vedtekter frå 27. januar 2023. Da blei blant anna ordlyden i vedtektene § 39 endra frå at allmennkringkastingstilbudet til NRK skal vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap gjennom «program av høg kvalitet», til «innhold og tenester av høg kvalitet». Fleire framstillingar i allmennkringkastarrekneskapen frå NRK viser at innhaldstilbudet på alle plattformer har høg kvalitet og stort mangfald, er nyskapande og gir auka samfunnsverdi.

Utvikling, kvalitet, nyskaping og innsikt

NRK gjer greie for at det er eit mål at innhald frå NRK skal bidra til eit betre samfunn, både for den enkelte og for fellesskapet. NRK har som mål å styrke demokratiet gjennom sann, faktabasert journalistikk og å tilby innhald som forklarar og viser samanhengar. Målet er også at alle skal finne og velje innhald frå NRK, og at NRK skal samle befolkninga ved å tilby eit fellesskap for alle – uavhengig av alder, kjønn, geografi, tilhørseil og ferdigheiter. Medietilsynet legg til grunn at programkategoriar som tradisjonelt bidrar til kunnskap og refleksjon, er informasjonsprogram, nyheiter, aktualitetar, samfunnsprogram, kulturprogram, naturprogram, vitskapsprogram og dokumentarar. NRK legg vinn på at på område der tilbodet er av liknande karakter som kommersielle aktørar tilbyr, skal NRK-tilbudet ha ein distinkt karakter og eit tydeleg allmennkringkastaravtrykk.

Nokre eksempel på program og aktivitetar som NRK rapporterer som bidrag til å oppfylle krava til nyskaping, kvalitet og innsikt i 2023, omfattar faste programpostar, seriar,

dokumentarar, podkastar og djupnesakar og langlesing på Nrk.no. Nokre eksempel på faste programpostar som bidrar til refleksjon, er *Urix*, *Debatten*, *Dagsnytt 18*, *Nyhetsmorgen*, *Newton*, *Kommentert*, *Dagens*, *Studio* og *Ekko*. NRK har vidare eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod og program med undersøkjande journalistikk, som bidrar til å gi innsikt, refleksjon og kunnskap. Dette tilbodet blir omtalt nærmare under vurderinga av krava til nyheits- og aktualitetsdekninga i punkt 2.4.

Serien *Demenskoret* tok for seg ei aukande helseutfordring i Noreg og viser korleis musikk kan bidra til auka livskvalitet og livsglede samtidig som det gir positive helsemessige gevinstar. I tillegg til at serien bidrog med auka innsikt om demens, skapte serien ifølgje NRK også debatt og engasjement. Blant anna blei det skrivne over 1200 artiklar om serien og om demens, og over 160 demenskor blei etablert i Noreg etter at serien blei vist.

Dokumentarserien *Gitt bort* skildra adopsjonshistorier, og den historiske dokumentarserien *De siste dødsdømte* sette søkelyset på dommane om dødsstraff etter andre verdskrig i Noreg. NRK nemner også fleire eksempel på nyskapande dramaseriar retta mot unge i 2023, som *Hybris*, *VGS* og *Gnist*, som på kvar sine måtar tematiserer spørsmål om identitet, etiske dilemma og utanforskap.



Dokumentarserien *Demenskoret* bidrog til auka innsikt om demens og korleis musikk kan bidra til auka livskvalitet og livsglede. Foto: Anna Sørmarken Vestly / NRK

Innanfor radio og podkast har NRK fleire tilbod som bidrar til innsikt, som for eksempel 14 nye historier og 13 episodar i 2023 i dokumentarserien *Hele historien*, nyheitspodkasten *Oppdatert* og debattpodkasten *Trygdekantoret*. Andre eksempel er *Øyeblikket*, *Språksnakk*, *Skitbyen* og *Træsh*. Vidare er digital historieforteljing eit satsingsområde for NRK, og kvar veke blir det publisert langlesingssaker på Nrk.no. Den økologiske krisa blei skildra gjennom reisa til ein fiskeørn sørover i *Fru Rauers reise*, og *Demokratiets drømmere* handla om små parti på grasrota i norsk politikk.

NRK gjer greie for utvikling av innhaldstilbod på ulike område, som ei nyskaping knytt til distriktstilbodet på Nrk.no som gjer at brukarar som er innlogga, kan følge nyheiter frå eige distrikt, utvikling av KI-baserte tekstsamandrag av artiklar på Nrk.no, omlegging av produksjonen av gudstenester som gjer det mogleg med tv-produksjon av det som tidlegare var radiosende gudstenester, og ein ny lokalvalguide tilpassa nett og mobil før lokal- og fylkestingsvalet. I prosjektet *Sykkelsommer* utvikla NRK ny kunnskap om direktesend videoproduksjon og testa GPS-teknologi gjennom mange timar med sending direkte frå sykkelsetet. Som nemnd i punkt 2.2.1 er NRK med i kompetansenettverket Green Producers Club, og NRK er opptatt av at nyskaping og kvalitetsutvikling skal gå føre seg på ein klimavennleg måte.

Auka samfunnsverdi

NRK er bevisst rolla si som fellesarena og rapporterer at det blir arbeidd kontinuerleg med å utvikle innhald som er innretta for å samle mange – både knytte til hendingar i samfunnet og drivne av NRK-innhald. Målet er å skape opplevingar som får publikum til å kjenne seg som ein del av eit større fellesskap, fordi dette skaper tilhøyrsløse til samfunnet og bygger bruer på tvers av alder og bakgrunn. Store årlege sendingar, som også blei produserte i 2023, er 17. mai-sendinga, *Melodi Grand Prix*, *Sámi Grand Prix*, *Samenes nasjonaldag*, *P3 Gull* og *Idrettsgallaen*. Kongelege merkedagar og sportsarrangement blei formidla i 2023. NRK opplyser at det blir lagt vekt på å tilby samlande opplevingar i høgtider, som påske og jul, blant anna med julekalender, jule- og påskenøtter, gudstenester og anna innhald om livssyn. *Festen etter fasten* blei send for fjerde år på rad og var ei direktesending der høgtida eid blei feira. I julehøgtida opna NRK for andre år på rad alle julekalendrane frå dei siste 40 åra i NRK TV, for å gi ulike generasjonar eit gjensyn med favorittane sine. NRK opplyser også at den nye julekalenderen *Snøfall 2* og sesong 2 av den uhøgtidelege konkurranserealityserien *24-stjernes julekalender* fekk høg oppslutnad og mykje merksemd.

Mesternes mester, *Alle mot 1*, *Stjerneramp* og *Maskorama* er underhaldningssatsingar som ifølge NRK fortsette å samle sjåarane i 2023. *Klassequizen*, *Frå bølge til bestevenn* og *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu* blir også trekte fram som populære programseriar i helgene. Innanfor talkshow-kategorien viste NRK også i 2023 *Eides språksjov*, *Nytt på nytt* og *Lindmo*. Som vist over, har NRK også i 2023 fleire eksempel på dokumentarseriar som *Gitt bort* og under Brennpunkt-paraplyen, som set søkelyset på kompliserte tema frå fleire perspektiv.

Medietilsynet vurderer det folkelege tilbodet med brei appell som viktig for at NRK både fyller funksjonen som samlande fellesarena i befolkninga og som ein «lead in»-effekt til det smalare tilbodet som appellerer til bestemte målgrupper. Ved å vere nyskapande og ta opp samfunnsaktuelle tema på ein fordjupande og engasjerande måte som treffer breitt, vurderer Medietilsynet at NRK tilfører ein samfunnsverdi i det totale innhaldstilbodet som er tilgjengeleg for publikum.

Breidde i programtilbodet

NRKs kanalar på tv og radio utfyller kvarandre med dei breie kanalane NRK1 og NRK P1, dei fordjupande og kunnskapsorienterte kanalane NRK 2 og NRK P2 og barne- og ungdomstilbodet i NRK Super / NRK 3. I tillegg har NRK ei rekke digitale radiokanalar med

ulik profil og eit omfattande tilbod på nett og mobil. Sjå tabellar og diagram som viser innhaldstilbodet i NRKs hovudkanalar på radio, tv og nett, i punkt 2.3.3.

Medietilsynet har i dei seinare allmennkringkastingsrapportane framheva endringane NRK gjorde i programlegginga i 2020 for å møte behovet som befolkninga hadde for løpande nyheitsoppdatering og informasjon under koronapandemien, og korleis programstatistikken reflekterte ei «normalisering» i retning av programprofilane før pandemien i 2021 og i 2022. Samtidig er det nokon endringstrekk i programprofilen til NRK1 dei siste åra, for eksempel auka omfang av nyheiter. I 2023 blei det formidla 3615 timar nyheiter i NRK1. Etter ein kraftig auke i nyheitsomfanget frå 1231 timar i 2019 til 2996 timar i 2020 under koronapandemien, har timetalet lege høgt på 2239 timar i 2021 og 3173 timar i 2022. Statistikken stadfestar styrkt nyheitsformidling i den breie tv-kanalen til NRK samanlikna med før pandemien, noko som kan ha si forklaring både i nyheitsbildet, der den ekstraordinære pandemisituasjonen blei følgd av krig i Ukraina og Israel/Gaza, og endringar i nyheitsvanar med auka etterspurnad etter løpande oppdatering. NRK har tidlegare forklart at nyheitsoppdateringa *Nyhetsstrømmen*, som dagleg blir send på NRK 1 mellom klokka 09.00 og 18.00, bidrog til å auke talet på timar med nyheiter frå 2021 til 2022. I allmennkringkastingsrapporten for programåret 2022 peikte Medietilsynet på at den auka nyheitsatsinga påverkar omfanget av andre programområde, noko som også gjer seg gjeldande i 2023 med over 400 fleire nyheitstimar enn året før. Nyheiter utgjorde 45,3 prosent av det samla programtilbodet til NRK1 i 2023, mot 39,4 prosent i 2022, 27,9 prosent i 2021 og 37 prosent i 2020. Størst reduksjon i talet på timar frå 2022 til 2023 var det innanfor kategoriane generell fakta (frå 804 til 677 timar), vitskap (frå 476 til 336 timar), sport (frå 933 til 797 timar) og kunst/kultur (284 til 233 timar). Nokre variasjonar frå år til år er forventa ut frå ulike satsingar og rettar, noko som særleg kan gi utslag i dei «mindre» programkategoriane. I eit allmennkringkastarperspektiv er det viktig å sjå utviklinga over tid og om det er enkelte smalare programtilbod som får mindre plass – også på tvers av NRKs samla innhaldstilbod. Medietilsynet merkar seg at vitskap var ein av kategoriane med størst reduksjon i antal timar også frå 2021 til 2022 (frå 576 til 476 timar). Dette inneber at formidlinga av vitskap i NRK1 er redusert med over 40 prosent dei to siste åra. Innanfor generell fakta og kunst/kultur har timetalet vore meir stabilt eller styrkt dei føregåande åra.

På NRK2 sokk talet på nyheitstimar frå 1730 timar i 2019 til 1070 timar i 2020, men i dei påfølgande åra har nyheitsformidlinga auka jamt frå 1 389 timar i 2021 til 1 446 timar i 2022 – og til 1543 timar i 2023. Drama på NRK2 har meir enn dobla seg frå 2019 til 2023, frå 622 til 1499 timar i 2023. Dette er relevant i lys av at drama var ein av kategoriane med størst reduksjon i antal timar på NRK1 frå 2021 til 2022, men timetalet var relativt likt frå 2022 til 2023. Samla gir dette eit relativt stabilt omfang drama dei seinare åra. Kategorien religion/livsfilosofi auka jamt på NRK2 frå 56 timar i 2019 til 98 timar i 2022, men med 83 timar i 2023 går omfanget noko tilbake. Etter ei nær halvering av timetalet innanfor vitskap i perioden 2019 til 2022, frå 843 til 440 timar, er det ein liten auke til 499 timar i 2023. Kategorien kunst/kultur har vore relativt stabil dei seinare åra og auka frå 460 timar i 2022 til 503 timar i 2023. Sjå nærmare om utviklinga i kulturdekninga i alle NRKs kanalar i punkt 2.9.1.

Programprofilen i NRK3 har vore relativt stabil dei seinare åra, men timetalet innanfor drama har gått jamt tilbake frå 1386 timar i 2020, 1182 timar i 2021, 894 timar i 2022 og til 721 timar

i 2023. Formidlinga av vitskap aukar i same periode jamt i NRK3 frå 156, 171, 215 og til 252 timar. Same tendens gjeld religion som auka frå 15, 18, 32, og til 42 timar. Den samtidige auken i generell fakta / samfunnsspørsmål i same periode flatar ut i 2023 (frå 350 timar i 2020, 458 timar i 2021, 623 timar i 2022 og til 603 timar i 2023). Tilsvara ende utflating skjer også for kunst/kultur som auka frå 63 timar i 2020, 140 timar i 2021, 168 timar i 2022 og flatar ut med 157 timar i 2023. I NRK Super er fordelinga mellom dei ulike programkategoriane relativt stabil, og litt meir enn 75 prosent av tilbodet er animasjon og drama (respektive 61,2 og 15,6 prosent i 2023).

Programstatistikken for radio viser som for tv at NRK vidarefører omlegginga i den allmenne breiddekanalen NRK P1 med meir nyheitsstoff etter pandemien. Mens trenden med meir nyheitsstoff held fram, er det ein auke i antal timar med samfunnsstoff etter ein periode med reduksjonar. Det blei sendt 579 timar nyheiter i NRK P1 i 2023 mot 393 timar i 2022. Formidlinga av samfunnsstoff blei tredobla frå 11 timar i 2022 til 358 timar i 2023. Den største reduksjonen er det i kategoriane underholdning, frå 3657 timar i 2022 til 3384 timar i 2023, og i regionale sendingar, frå 1550 timar i 2022 til 1452 timar i 2023. Kategorien «anna» er redusert frå 166 til 33 timar, noko som er positivt med omsyn til innsikta i kor breitt tilbodet i radiokanalen NRK P1 er.

NRK P2 har ein tydeleg kultur- og samfunnsprofil som på nokre område er styrkt dei siste åra. Frå 2020 til 2023 har blant anna talet på timar innanfor fleire av dei smalare kategoriane auka jamt og mykje. Kunst/kultur/medium har i denne perioden auka frå 1109 til 2770 timar og religion/livssyn frå 272 til 867 timar. Auken i formidlinga av radiodokumentarar flata ut i 2023 med 250 timar, men hadde ein markant auke frå 80 timar i 2020 til 287 timar i 2022. Nesten ein tredel av innhaldstilbodet i NRK P2 handlar om samfunnsspørsmål, og timetalet auka ytterlegare frå 2430 i 2022 til 2770 i 2023. Kategorien vitskap har lege stabilt på rundt 4 prosent dei siste åra med 363 timar i 2023. Omfanget av nyheiter fall frå 2173 timar i 2020 til 1826 i 2021 og 763 timar i 2022 – og auka til 963 timar i 2023. Medietilsynet har merka seg at kategorien portrett, som tidlegare har hatt eit visst omfang i programprofilen til NRK P2, ikkje lenger blir brukt. I 2022 var heile 672 timar og 7,7 prosent av innhaldet i radiokanalen kategorisert som «portrett». NRK har på førespurnad frå Medietilsynet forklart at portrettprogrammet *Drivkraft* ikkje lenger blir kategorisert som «portrett», men som «kunst/kultur/medium». Medietilsynet viser til at dette inneber at det auka omfanget i kunst/kultur/medium frå 2022 til 2023 ikkje inneber ei reell endring i programprofilen til NRK P2, med ei styrkt kulturdekning samanlikna med året før.

NRK P3 leverte i 2021 og 2022 større breidde i tema og sjangrar for dei unge med meir formidling av nyheiter, samfunnsspørsmål og kunst/kultur/medium enn tidlegare. I 2023 blir styrkinga av kunst/kultur/medium stadfesta med 796 timar – på tilsvarande høge nivå som 778 timar i 2022 mot 143 timar i 2021 og 123 timar i 2020. Formidlinga av nyheiter og samfunnsspørsmål er samtidig halvert i 2023 samanlikna med 2022. Nyheiter var for første gong ein eigen kategori i NRK P3 i 2021, men i 2023 blei det berre sendt 170 timar mot 314 timar i 2021 og 240 timar i 2022. Innanfor samfunnsspørsmål er det ein markant reduksjon frå 321 timar i 2022 til 108 timar i 2023. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet forklart at NRK P3 sende like mykje nyheiter i 2023 som i 2022, men at dei eigne *P3nyheitene* nå blir

sende i flyt, altså ikkje kjem fram som eige program med inngår i *P3morgen*. NRK gjer vidare greie for at nyheits- og aktualitetstilbodet i NRK P3 blir dekt i mange flater, men som innslag framfor eigne program. Når det gjeld reduksjonen i kategorien samfunnsspørsmål forklarar NRK at endra kategorisering av *Med all respekt* frå samfunnsspørsmål i 2022 til underhaldning i 2023 er årsaka. Medietilsynet legg til grunn at endringa i programstatistikken ikkje representerer ei reell endring i programprofilen til NRK P3. Ifølge NRK har omlegginga til «flytradio» gjort at temavariasjonen i dei lange programflatene ikkje kjem fram, fordi enkeltinnslag i lange programflater ikkje blir registrert kvar for seg. Medietilsynet meiner dette understrekar kor viktig det er at NRK gir ei god utgreiing utover statistikken for å synleggjere innhaldsmangfaldet i kanalen.

NRK publiserte 19 734 artiklar på Nrk.no i 2023, om lag på same nivå som i 2022, da talet på artiklar var 19 909. Nettpubliseringa ser med dette ut til å ha stabilisert seg etter at NRK i nokre år har hatt ein strategi for å redusere talet på artiklar. Fordelinga mellom programkategoriane på Nrk.no har vore relativt stabil, med ein høg andel stoff produsert av distriktskontora. I 2023 var over halvparten av artiklane innanriksstoff (frå distrikta), noko som er ein liten auke frå 2022. Utanriksnyheiter har lege stabilt rundt 9 prosent og innanriks om politikk rundt 11–12 prosent. Artiklar om kultur og underhaldning ligg rundt 3–4 prosent.

Medietilsynet viser til at den tematiske breidda i innhaldstilbodet til NRK er sentral for å sikre at NRK bidrar positivt til innhaldsmangfaldet. NRK har ei viktig rolle både som ein fellesarena som bidrar til at befolkninga har ei felles orientering mot samfunnet, og for å eksponere mediebrukarane for innhald dei tradisjonelt ikkje oppsøker. Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod, som er tilgjengeleg for heile befolkninga. Med det samla innhaldstilbodet på radio, tv og nett skal NRK tilby eit variert og allsidig tilbod både til breie og smale grupper. Tilsynet viser at NRK har eit innhaldsmangfald og ei sjangerbreidde som skil seg frå tilbodet til dei kommersielle medieaktørane i den norske mediemarknaden. Medietilsynet understrekar at det er viktig at NRK held tilbodet innanfor smalare kategoriar som undersøkjande journalistikk, fakta/informasjon, samfunnsspørsmål, kultur, natur, vitenskap, religion og dokumentarar på eit tilfredsstillande høgt nivå framover. Tema- og sjangerbreidde er viktig også i dei aldersgruppeorienterte tilboda til NRK. NRKs rolle på område med marknadssvikt er i tillegg svært viktig for å bidra til auka innhalds- og bruksmangfald.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å arbeide for høg kvalitet, mangfald og nyskaping, at allmennkringkastingstilbodet skal vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap gjennom innhald og tenester av høg kvalitet, og at NRK skal vere nyskapande og bidra til kvalitetsutvikling. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfylte kravet om at tilbodet skal ha tematisk og sjangermessig breidde, og at NRK skal appellere til alle aldersgrupper. Vurderinga er også at NRK oppfylte kravet om å legge vinn på å tilføre tilbodet sitt eit element av auka samfunnsverdi samanlikna med det kommersielle tilbodet.

2.3.3 Programstatistikk NRK TV

Tabell 1 – programstatistikk for NRK1 for 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Nyheiter	3 173	39,4 %	3 615	45,3 %
Fritid/hobby/livsstil	953	11,9 %	942	11,8 %
Sport	933	11,6 %	797	10,0 %
Drama	703	8,7 %	712	8,9 %
Generell fakta	804	10,0 %	677	8,5 %
Musikk	377	4,7 %	367	4,6 %
Vitskap	476	5,9 %	336	4,2 %
Underhaldning	281	3,5 %	245	3,1 %
Kunst og kultur	284	3,5 %	233	2,9 %
Religion/livsfilosofi	61	0,8 %	59	0,7 %
Sum	8 046	100 %	7 984	100 %

Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 1 – programstatistikk for NRK1 for 2023 (tal i prosent)




Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Tabell 2 – programstatistikk for NRK2 for 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Nyheiter	1 446	18,7 %	1 543	19,9 %
Drama	1 419	18,4 %	1 499	19,4 %
Fritid/hobby/livsstil	1 388	17,9 %	1 465	18,9 %
Generell fakta	1 127	14,6 %	1 025	13,2 %
Musikk	662	8,6 %	623	8,1 %
Kunst og kultur	460	6,0 %	503	6,5 %
Vitskap	440	5,7 %	449	5,8 %
Underhaldning	305	3,9 %	306	3,9 %
Sport	389	5,0 %	242	3,1 %
Religion/livsfilosofi	98	1,3 %	83	1,1 %
Sum	7 733	100 %	7 737	100 %

Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 2 – programstatistikk for NRK2 for 2023 (tal i prosent)




Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Tabell 3 – programstatistikk for NRK3 for 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Drama	894	32,1 %	721	26,6 %
Generell fakta	623	22,4 %	603	22,2 %
Fritid/hobby/livsstil	392	14,1 %	428	15,8 %
Underholdning	245	8,8 %	259	9,5 %
Vitskap	215	7,7 %	252	9,3 %
Musikk	135	4,8 %	161	5,9 %
Kunst og kultur	168	6,0 %	157	5,8 %
Sport	79	2,8 %	85	3,1 %
Religion/livsfilosofi	32	1,2 %	42	1,5 %
Nyheiter	0	0 %	7	0,2 %
Sum	2 783	100 %	2 714	100 %

Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 3 – programstatistikk for NRK3 for 2023 (tal i prosent)




Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Tabell 4 – programprofil for NRK Super for 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

Kategori	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Animasjon	3 329	63,4 %	2 955	61,7 %
Drama	892	17,0 %	749	15,6 %
Underholdning	446	8,5 %	516	10,8 %
Dokumentar	227	4,3 %	220	4,6 %
Undervisning	168	3,2 %	130	2,7 %
Samisk	115	2,2 %	113	2,4 %
Musikkvideo	57	1,1 %	93	1,9 %
Vitskap	18	0,3 %	15	0,3 %
Anna (sport)	2	0,0 %	0	0,0 %
Sum	5 254	100 %	4 791	100 %

Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 4 – programstatistikk for NRK Super for 2023 (tal i prosent)



Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk


2.3.4 Programstatistikk NRK Radio

Tabell 5 – programstatistikk for NRK P1 for 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Underholdning	3 647	41,6 %	3 384	38,6 %
Musikk	2 463	28,1 %	2 373	27,1 %
Regionale sendingar	1 550	17,7 %	1 452	16,6 %
Nyheiter	393	4,5 %	579	6,6 %
Samfunnsspørsmål	111	1,3 %	358	4,1 %
Religion/livsfilosofi	286	3,3 %	259	3,0 %
Sport	90	1,0 %	57	0,7 %
Konkurransar	54	0,6 %	55	0,6 %
Anna	166	1,9 %	33	0,3 %
Sum	8 760	100 %	8 760	100 %

Kjelde: NRK Statistikk

Figur 5 – programstatistikk for NRK P1 for 2023 (tal i prosent)



Kjelde: NRK Statistikk


Tabell 6 – programstatistikk for NRK P2 for 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Kunst/kultur/medium	2 430	27,7 %	2 770	31,6 %
Samfunnsspørsmål	2 357	26,9 %	2 753	31,4 %
Nyheiter	763	8,7 %	963	11,0 %
Religion/livsfilosofi	786	9,0 %	867	9,9 %
Musikk	792	9,0 %	565	6,4 %
Portrett*	672	7,7 %	0	0,0 %
Vitskap	351	4,0 %	363	4,1 %
Dokumentar	287	3,3 %	250	2,9 %
Underhaldning	0	0,0 %	34	0,4 %
Sex/samliv	10	0,1 %	19	0,2 %
Anna	311	3,6 %	177	2,0 %
Sum	8 760	100 %	8 760	100%

*Frå 2023 har ikkje lenger NRK ein eigen kategori for «portrett», men program innanfor denne sjangeren blir plasserte under kategorien «kunst/kultur/medium». Kjelde: NRK Statistikk

Kjelde: NRK Statistikk

Figur 6 – programstatistikk for NRK P2 for 2023 (tal i prosent)




Kjelde: NRK Statistikk

Tabell 7 – programstatistikk for NRK P3 for 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Musikk	5 028	57,4 %	4 801	54,8 %
Underholdning	2 169	24,8 %	2 532	28,9 %
Kunst/kultur/medium	778	8,9 %	796	9,1 %
Sex/samliv	221	2,5 %	252	2,9 %
Nyheiter	240	2,7 %	170	1,9 %
Samfunnsspørsmål	321	3,7 %	108	1,2 %
Anna	3	0,0 %	102	1,2 %
Sum	8 760	100 %	8 760	100 %

Kjelde: NRK Statistikk

Figur 7 – programstatistikk for NRK P3 for 2023 (tal i prosent)



Kjelde: NRK Statistikk


2.3.5 Innholdsstatistikk for Nrk.no

Tabell 8 – innholdsstatistikk for NRK på nett i 2022 og 2023 (tal på antal artiklar og prosent)

	Artiklar 2022	Prosent 2022	Artiklar 2023	Prosent 2023
Distrikt – innanriks	9 664	48,5 %	10 630	53,9 %
Nyheiter – politikk, innanriks	2 374	11,9 %	2 168	11,0 %
Nyheiter – utanriks	1 837	9,2 %	1 676	8,5 %
Sport	1 904	9,6 %	1 580	8,0 %
Kultur og underhaldning	609	3,1 %	779	3,9 %
NRK Sápmi	458	2,3 %	397	2,0 %
Andre	3 063	15,4 %	2 504	12,7 %
Sum	19 909	100 %	19 734	100 %

Kjelde: NRK Statistikk

Figur 8 – innholdsstatistikk for NRK på nett i 2023 (tal i prosent)



Kjelde: NRK Statistikk

2.3.6 Utdanning og læring

NRK skal bidra til utdanning og læring som inkluderer å tilby innhald tilrettelagt for skoleverket. NRK Skole samlar innhald produsert i heile NRK og omarbeider og koplar dette opp mot konkrete læreplanmål i skoleverket. Vidare produserer NRK Skole eige innhald, også saman med interne og eksterne samarbeidspartnarar. NRK opplyser at NRK Skole har nesten 11 000 klipp tilgjengelege som bidrag til undervisning på dei fleste trinna og i fleire fag.¹⁷ Nærmare 350 av desse klippa blei publiserte i 2023. Dette er ein nedgang frå nær 600 klipp som blei publiserte i 2022. NRK viser til at det blir prioritert å lage videoinnhald for å dekke læreplanmål i kjernefaga i skolen der det ikkje finst videoinnhald frå før. Vidare fortset NRK arbeidet med å tekste alle eldre videoar som ikkje er teksta tidlegare.

NRK Skole-redaksjonen har dialog med lærarar om behovet for skolemateriell, både gjennom konferansar, fokusgrupper, nyheitsbrev og sosiale medium. Det meste av det eigenproduserte innhaldet frå NRK Skole-redaksjonen er retta mot ungdomsskole og vidaregåande skole, ettersom NRK Super har mye pedagogisk innhald som er eigna til yngre elevar og passar inn i tenesta til NRK Skole.



Frå innhaldsproduksjonen i 2023 trekker NRK blant anna fram serien om grunnstoff. Serien blei ferdigstilt i 2023 og består av 24 filmar, der kvar enkelt film tar for seg ulike grunnstoff, både i naturfagleg og historisk kontekst. Prosjektet var eit nordisk samarbeid, og YLE har

¹⁷ NRK har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at klipp som enten er utdaterte eller som NRK ikkje lenger har rettane til, blir tatt bort frå NRK Skole-basen.

laga egne versjonar. Det er også laga eit omfattande undervisningsopplegg som følger NRK Supers vennskapskampanje BlimE!. Mykje av innhaldet er nedlastbart og finst på nynorsk og samisk, og er teiknspråktolka og for brukarar av Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK).¹⁸ Vidare fullførte NRK ei oppgradering av Musikkparken (nettstad drifta av NRK Skole) i 2023, slik at han er tilpassa dei nye læreplanane i fagfornyinga frå 2020 for musikklinjefag på vidaregåande skole.

I samband med kommune- og fylkestingsvalet tilpassa NRK Skole videoinnhald frå NRK Super og NRK Nyheter som blei presenterte i tenesta. Vidare jobba NRK Skole med innhald til norskfaget og KRLE. *Best English Hacks* passar i engelskfaget på mellomtrinn og ungdomskole og er eit eksempel på ein serie der NRK Skole har samarbeidd med andre nordiske land i Nordvisjon, det nordiske samarbeidet mellom NRK og dei svenske, danske, islandske og finske allmennkringkastarane.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å bidra til utdanning og læring, inkludert å tilby innhald som er tilrettelagt for skoleverket.

2.3.7 Bruk av andre medieplattformer

NRK skal stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar, og NRK rapporterer at det er ei prioritert oppgåve å informere og formidle kunnskap om den digitale utviklinga i samfunnet. Gjennom NRK P1+, som er ein av kanalane i NRKs radiounivers som rettar seg mot ei godt vaksen målgruppe, formidlar NRK mykje informasjon om nyvinningar og trendar innan ulik teknologi, blant anna har kunstig intelligens vore eit tema i 2023. Eit anna tema har vore tilbodet i NRK Radio-appen, der NRK erfarer at responsen i lyttargruppa er god og at publikumsdialogen i appen har gjort at lyttarane kommuniserer tettare med redaksjonen undervegs. NRK opplyser at P1+ forsøker å ta tak i dei utfordringane lyttarane møter med den digitale utviklinga, og bruker fagpersonar til å forklare og hjelpe målgruppa til å ta i bruk digitale verktøy. NRK understrekar at det framleis er mogleg å kommunisere med redaksjonane på tradisjonelt vis.

Av NRKs sjåarar og lyttarar over 67 år er det mange som berre ser og høyrer lineært, og NRK jobbar med å synleggjere innhaldet som ligg i strøymetenestene. NRK opplyser at det i 2023 var ein promoteringskampanje retta mot eit eldre publikum for å vise breidda i programtilbodet på valbare plattformer. Vidare har NRK jobba bevisst med presentasjon av arkivinnhald i NRK TV og NRK Radio, slik at dette innhaldet framstår som appellerande for målgruppa – blant anna gjeld dette årstilpassa NRK-innhald.

¹⁸ Sjå nærmare om denne spesialpedagogiske metoden her: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/alternativ-og-supplerende-kommunikasjon-ask/#a186631>.

I 2023 har NRK forenkla, oppdatert og forbetra skildringar som ligg på Nrk.no/hjelp, og som skal vere til informasjon og rettleiing for publikum. Mange tar også kontakt med NRKs publikumsservice for å få munnleg rettleiing. NRK viser til at universell utforming av NRK TV, som teksting av all tale og lydtekst, også er nyttig for eldre brukarar ved at innhald blir meir tilgjengeleg.

NRK trekker fram at NRKbeta er eit viktig redaksjonelt miljø som skriv om medium, internett og ny teknologi. Fagpersonane frå dette redaksjonelle miljøet bidrar også med innsikt og rådgiving i andre prosjekt i NRK. Det blei også satsa på teknologijournalistikk i NRK Nyheter i 2023.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar.

2.3.8 Interaktiv deltaking

NRK framhevar at interaksjonskonsept, der publikum blir invitert til å delta og påverke, er blitt ein viktig del av NRKs innhald, blant anna fordi det samlar og engasjerer både vaksne og barn. I 2023 blei fleire underhaldningskonsept vidareutvikla med omsyn til interaksjon, blant anna *MGP*, *Stjernekamp*, *Alle mot 1* og *Maskorama*. Andre programkonsept der publikum kunne delta gjennom å stemme på sine favorittar, er for eksempel *Sápmi Grand Prix*, *Idrettsgallaen* og *P3 Gull*.

I 2023 kunne dei som følgde med på *Maskorama*, vere med på å gjette kven som skjulte seg bak dei ulike kostyma. Etterpå publiserte NRK ei resultatliste der publikum kunne samanlikne seg med korleis innbyggerane i eigen kommune og resten av landet hadde gjetta. NRK var også heime hos ti familiar mens dei såg på *Maskorama* for å få meir kunnskap om korleis sjåarane bruker mobilen under sendinga. Dette gav NRK innspel til korleis ulike konsept kan bli betre og utvikla vidare.

Dei interaktive konsept *Påskesnøtter* og *Julenøtter* blei laga digitalt for andre år på rad i 2023. NRK opplever at yngre aldersgrupper i større grad deltar når programma er tilgjengelege i strøymetenesta, samanlikna med når programma berre blir sende lineært. Vidare er *Påskelabyrinten*, *Idrettsgallaen*, *Klassequizen* og *Grevinnen og hovmesteren* eksempel på quizformat på Nrk.no, mens NRK Super fleire gonger har brukt *Svar-o-meter*-appen.

NRK Radio gjer det mogleg for publikum å dagleg delta i avstemmingar og/eller bidra med innsendingar. NRK viser til at dialog og interaktivitet er viktig i fleire innhaldstilbod, slik som i sjakksendingane i romjula og i nyheitstilbodet, blant anna i *Debatten*. Vidare er p3.no/meningar eit nettprosjekt som skal la unge komme til orde med meiningane sine. Sjå meir om nettuniverset til *Debatten* i punkt 2.4.1 og om forumet for debatt for unge i punkt 2.6.2.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å ha eit breitt og løpande oppdatert tilbod av tenester og spel på nett som stimulerer til interaktiv deltaking.



Nyheits- og aktualitetsdekninga i NRK

2.4 Nyheits- og aktualitetsdekninga

Vedtektene:

§ 42 NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 43 NRK skal bidra til økt kunnskap om internasjonale forhold.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- nasjonale og internasjonale nyheter
- fakta- og bakgrunnsinformasjon for nyheter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål

§ 27 NRK skal ha en bred og balansert dekning av politiske valg. Samtlige partier og lister over en viss størrelse omtales normalt i den redaksjonelle valgdekningen.

§ 28 NRK har som oppgave å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre.

2.4.1 Eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod, fakta og bakgrunnsinformasjon

NRKs nyheits- og aktualitetsdekning skal vere for både smale og breie grupper, tilbudet skal spegle mangfaldet i befolkninga, og på nett skal NRK ha eit løpende oppdatert tilbud av nasjonale og internasjonale nyheiter, fakta- og bakgrunnsinformasjon for nyheiter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål. Den uttrykte ambisjonen til NRK er å vere først med det siste, og gi bakgrunn, perspektiv, breidde og kontekst. Det er eit tett samarbeid mellom Nyhetsdivisjonen, Distriktsdivisjonen og Sápmi, og også på tvers av heile NRK, om produksjon av nyheitsinnhald.

NRKs omdømmemålingar for 2023 viser at tilliten til NRK har gått opp frå 2022 og er på same nivå som for pandemiåret 2021. 85 prosent svarte at dei hadde svært stor eller ganske stor tillit til NRK i 2023, og det er 3 prosentpoeng høgare enn i 2022. Andelen som har svært stor tillit, har gått noko ned, mens andelen med ganske stor tillit har auka. Ni av ti svarte at NRK tilbyr truverdige nyheiter, informasjon og dokumentarar, og det var på nivå med talet for 2022. Sju av ti svarte at «NRK hjelper meg med å forstå samfunnet og verden rundt meg», og det var også på same nivå som i 2022.

For å nå heile befolkninga med nyheitsinnhald tar NRK i bruk alle eksisterande kanalar og plattformer. Endringar i mediebruken har ført til at det er forskjell på kva medieplattformer unge versus vaksne får nyheitene sine frå, men NRK viser til at begge gruppene ønsker og forventar nyheitsinnhald. NRK rapporterer at dei når dei yngste brukarane via mobil, podkast og gjennom Nrk.no, mens ein stor andel av befolkninga bruker dei lineære kanalane. NRK opplyser at ulike nyheitskriterium kan ligge til grunn for innhaldet som blir publisert på Snapchat, Nrk.no og i dei ulike programma på radio og tv, fordi publikumsgruppene også er forskjellige. Vidare opplyser NRK at sosiale medium blir brukte som eit verktøy for å få fleire unge til å bruke NRKs plattformer meir. NRK bruker i hovudsak TikTok, Snapchat og

Facebook for å vise relevant innhald for unge og leie dei inn til NRK TV, NRK Radio og Nrk.no

NRK har eit mål om å nå breiast mogleg med debattsendingane, som blir programsette i beste sendetid på hovudkanalen på tv. Formålet for NRK er å skape ein fellesarena og motvirke eit fragmentert ordskitte. NRK framhevar *Debatten*, *Dagsnytt 18*, *Oppdatert*, *Nyhetsmorgen*, *Politisk kvarter* og *Kommentert* som arenaer for demokratisk deltaking og debatt. *Oppdatert* er ein podkast der formålet er å gi ei yngre målgruppe innsikt i aktuelle tema. *Debatten* er dei to siste åra utvikla til å bli eit fleirmedialt univers, der publiseringa blir koordinert på alle plattformer. Med prosjektet *Debatten digital* er målet å komme tettare på publikum ved å flytte trafikk frå tredjepartsplattformer og lineær-tv over til Nrk.no og NRKs egne digitale plattformer. Nrk.no/debatten samlar alle tema frå *Debatten* med publikumsdiskusjonar, avstemmingar, videooppsummeringar frå sendingar, artiklar m.m. NRK opplyser at nettsakene frå *Debatten* har frå 200 000 til 450 000 visningar, og at dei korte videoane som er klipte ned frå det som skjer før, under og etter tv-sendinga, har høg oppslutning blant unge sjåarar. NRK oppfordrar til publikumsdialog gjennom ei fast tilvising på forsida til Nrk.no, som blir nytta aktivt av redaksjonen for å vise interaktivitet under sendingane. Ein eigen tipsportal gir ifølge NRK eit unikt innsyn i kva folk er opptatte av, og det blir brukt i researcharbeidet til *Debatten*. Podkasten *Kommentert* formidlar aktuelle og viktige nyheiter med eit tilgjengeleg og enkelt språk. Også i dette tilbudet engasjerer NRK publikum ved å opne for spørsmål via appen NRK Radio, noko som gjer opplysningsarbeidet til NRK meir treffsikkert.



NRK opnar for publikumsdialog i blant anna *Debatten*. Programleiar Fredrik Solvang og gjest Erna Solberg.

NRK har i 2023 satsa på konstruktiv journalistikk og teknologijournalistikk. Med satsinga på konstruktiv journalistikk ønsker NRK å imøtekomme det uttalte behovet publikum har for meir håp og løysingar. NRK skal fortsette å sette søkelyset på problem og utfordringar, men også oftare peike på positiv utvikling og sette saker i kontekst. Ved å nyansere nyheitdekninga,

forklare komplekse tema, sørge for eit kjelde- og språkmangfald og bidra til meir konstruktive debattar ønsker NRK å svare betre og meir fullstendig på informasjonsbehovet og motvirke nyheitsvegring. Eit av dei nye formata, som NRK blant anna brukte under kommune- og fylkestingsvalet i 2023, var å invitere publikum til å delta i det store folkemøtet, der Erna Solberg og Jonas Gahr Støre svarte på spørsmål frå veljarane i direktesendinga. NRK viser til at arbeidet med konstruktiv journalistikk blir delt både med journalistutdanningar og andre allmennkringkastarar og mediehus.

Satsinga på teknologijournalistikk blei utsett då Ukraina-kringen braut ut, men tatt opp igjen i august 2023. NRK viser til at kunstig intelligens og språkmodellar har aktualisert dette arbeidet, og at det er etablert ei teknologiklynge i nyheitene som skal hjelpe publikum med å forstå teknologien som endrar samfunnet og teknologien som treffer dei. Teknologiklynga jobbar tett på dei eksisterande satsingane NRK har på klimajournalistikk, dei unge målgruppene og konstruktiv journalistikk. I 2023 har NRK blant anna avdekt korleis fleire norske helsetenester på internett deler sensitiv informasjon om brukarane på Facebook, og det er undersøkt korleis kunstig intelligens kan vere både ei løysing og ei utfordring i samfunnet.

NRK ønsker også å vidareutvikle og betre kvaliteten på dialogen med publikum og involvere dei meir i journalistikken. Tenesta «NRK Svarer» blei vidareutvikla før kommune- og fylkestingsvalet, og dette resulterte i 74 saker på nett, tv og radio. NRK oppfordrar også meir aktivt enn tidlegare folk til å dele bilde og historier når det skjer noko i nyheitsbildet.

I 2023 rapporterer NRK om ein nedgang i sjåartala for fleire sentrale nyheitstilbod. For *Dagsrevyen* fall sjåartala for den lineære sendinga 524 000 i 2022 til 477 000 i 2023. 38 000 såg *Dagsrevyen* i strøymetenesta, men talet er ikkje stor nok til å vege opp for nedgangen lineært. Dersom vi ser sjåartala lineær og i strøymetenesta samla hadde også *Dagsrevyen 21* ein nedgang, frå 318 000 i 2022 til 286 000 i 2023, mens sjåartala til *Kveldsnytt* sokk frå 295 000 i 2022 til 260 000 i 2023. *Urix* og *Dagsnytt 18* hadde også ein nedgang i sjåartala same periode. *Urix* fell frå 263 000 til 234 000, og *Dagsnytt 18* frå 184 000 til 177 000. NRK sitt flaggskip *Debatten* hadde derimot ein auke frå 406 000 sjåarar i 2022 til 421 000 i 2023.

NRK publiserte 19 734 artiklar på Nrk.no i 2023, eit snitt på 54 artiklar per dag. Dette er om lag same nivå som i 2022. NRK opplyser at produksjonen av artiklar er meir enn halvert sidan 2017, som ein del av strategien der NRKs redaksjonelle miljø jobbar etter prinsippet «færre for å gjere betre». Av dei publiserte sakene på Nrk.no i 2023 var 8,5 prosent utanriks, mens 65 prosent handla om nasjonale forhold (54 prosent distrikt–innanriks og 11 prosent nyheiter–politikk, innanriks), og dei resterande sakene er kategoriserte som sport, kultur og underholdning, NRK Sápmi og anna innhald.

I allmennkringkastarrekneskapen går det fram at NRK P1, som er NRKs beredskapskanal på radio, tilbyr løpande nyheitsoppdatering regionalt og nasjonalt, og NRK P2 tilbyr nyheitsfordjuping, kommentarar og analysar. NRK har også radiokanalen NRK Alltid Nyheter, som både leverer eigne nyheitsoppdateringar og samsender nyheitsflater med andre kanalar på radio og tv. NRK har også podkastar som *Oppdatert* og *Kommentert* som skal gi innsikt i og forklare aktuelle tema.

Nyhetsstrømmen er ein kontinuerleg straum av nyheiter som blir oppdaterte med nye saker etter kvart som dei kjem inn. Arbeidet med dette tilbodet starta da pandemien gjorde at Noreg blei stengd ned 12. mars 2020. I 2023 er *Nyhetsstrømmen* utvikla til å dekke alle kvardagar frå *Nyhetsmorgen* som startar klokka 06.30, til *Kveldsnytt* er ferdig klokka 23.30, med ein samanhengande straum av nyheiter frå NRK. NRK Nyheter sender alltid på alle plattformene til NRK.


Dekning av kommune- og fylkestingsvalet i 2023

NRK skal ha ei brei og balansert dekning av politiske val. I 2023 hadde Distriktsdivisjonen og Nyhetsdivisjonen eit særleg ansvar for dekninga av kommune- og fylkestingsvalet. NRK Sápmi var også sterkt delaktig i dette arbeidet.

NRK viser til at valdeltakinga blant 20–25-åringar i Noreg er vedvarande låg. NRK hadde derfor igjen andregongsveljaren som kjernemålgruppe for valdekninga, samtidig som det var eit mål å nå så breitt ut i befolkninga som mogleg. NRK utforma ein eigen plakat, «Ti bud for NRKs valgdekning», med mål om å ha ei jamleg dekning av sakene som var viktigast for publikum, forklare, gi oversikt og vise konsekvensar, og løfte fram nye stemmer og kjelder. NRK hadde vidare som mål å gjere kommunal- og fylkespolitikk tilgjengeleg for folk flest, velje plattform og format ut ifrå behova til 20–25-åringane og drive fram konstruktiv journalistikk. For å nå breitt ut skulle NRK vise fram mangfald og kompetanse i heile landet, bruke klarspråk og sikre god tilgang og universell utforming, tilby valinnhald til flest mogleg på det føretrekte språket deira og samarbeide på tvers av divisjonar og redaksjonar. Plakaten skulle gi ei tydeleg retning og vere ein arbeidsinstruks for NRKs valdekning med ambisjon om å tilby den beste valopplevinga på mobil og sikre at dekninga skulle nå både ungt og breitt.

For å tilby mest mogleg innhald på så mange språk som mogleg viser NRK til at for eksempel *Valomaten* i 2023 blei laga på bokmål og nynorsk. I tillegg blei *Valomaten* laga på nordsamisk for kommunane innanfor det samiske språkforvaltningsområdet og i dei største byane. Vidare utvikla NRK i 2023 *Lokalvalgguiden*, som ei ny partnarteneste til *Valomaten*. Tenesta viste fram alle parti og lister som stilte til val, og gav brukarane ei rask og lettlesn innføring i viktige saker i eigen kommune. NRK viser til at publikumsundersøkingar etter valet viser at bruken av *Valomaten* auka frå førre kommune- og fylkestingsval totalt og var ei viktig informasjonskjelde for unge til å oppdatere seg og ta eit politisk val.

I 2023 arrangerte NRK to partileiardebattar i Arendal og Stavanger og eit folkemøte i Tromsø, der publikum kunne komme i direkte dialog med politikarane. NRK hadde også tre storbystudiosendingar i Oslo, Bergen og Trondheim som la spesiell vekt på dei aktuelle lokale spørsmåla. NRK brukte NRK Svarer og Nr.no til å invitere publikum til å stille spørsmål og interagere med programleiarar og politikarane. På valnatta 11.–12. september var det valnattsending med innslag frå fleire kommunar enn tidlegare år. NRK tok også i bruk ein eigen NRK-prognose, som ifølge NRK fungerte godt. Resultattenesta på Nr.no fekk rekordoppslutning med fleire unike brukarar enn under stortingsvalet i 2021.



Publikumsundersøkingar etter valet viser at bruken av Valomaten auka frå førre kommune- og fylkestingsval og var ei viktig informasjonskjelde for unge til å oppdatere seg og ta eit politisk val. Foto: Alem Zebic / NRK.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK gjennom innhaldstilbodet på radio, tv og nett hadde ei brei nyheits- og aktualitetsdekning i 2023, som oppfylte krava i vedtektene. Utgreiinga frå NRK viser at det var både nasjonale og internasjonale saker, løpande oppdatering av nyheitsbildet og fakta og bakgrunnsstoff i nyheitsdekninga – i tillegg til dekning og debatt av aktuelle samfunnsprospørsmål. Nyheits- og aktualitetstilbodet var også retta mot ulike aldersgrupper, inkludert barn og unge. Medietilsynet vurderer at NRK ved kommune- og fylkestingsvalet i 2023 oppfylte krava knytte til ei brei og balansert dekning av politiske val, og at alle parti og lister over ein viss storleik blei omtalte i den redaksjonelle valdekninga.

2.4.2 Kunnskap om internasjonale forhold

NRKs uttrykte mål er å tilby alle brukarane både forståing av dei løpande nyheitene og bakgrunnskunnskap til å forstå dei store endringane som skjer i verda. To av hendingane som prega nyheitsbildet i 2023, var krigen i Ukraina og utbrotet av krig mellom Israel og Hamas på Gaza. Andre store nyheitssaker som NRK dekte, var dei kraftige brannane og høge temperaturane i middelhavsregionen sommaren 2023. Dette påverka mange nordmenn på ferie, samtidig som hendingane blei kopla mot klimaendringane.

I 2023 har NRK fått ein fast korrespondent i Kyiv, som NRK rapporterer har gitt meir kontinuitet i arbeidet og ei djupare forståing av kva som går føre seg både i krigen og i det ukrainske sivilsamfunnet. NRK har også sendt medarbeidarar frå Marienlyst når

korrespondenten har hatt innlagt kviletid utanfor Ukraina. NRK har vidare oppretthalde nærværet i Moskva med krevjande arbeidsforhold for korrespondenten og avgrensa ytringsfridom for NRKs kjelder. Samtidig viser NRK til at dette nærværet er av stor verdi for å forstå dagens Russland og i kva retning landet går.

NRK har to midtaustenkantor som blir brukte i dekninga av krigen mellom Hamas og Israel. NRK var til stades rett etter at terrorangrepet frå Hamas i Israel fann stad 7. oktober 2023. Dette ble følgt opp av angrep på Gaza frå Israel. NRK har hatt meir eller mindre løpande nærvær sidan krigen starta, og bemanninga har vore supplert med utanriksjournalistar og fotografar frå Marienlyst. NRK er i likskap med andre internasjonale medieorganisasjonar utestengd frå Gaza. NRK gjer greie for at det derfor er oppretta samarbeid med lokale journalistar som har reist ut på oppdrag for NRK, og som så har sendt råmateriale for omarbeiding av journalistar i Oslo.

I NRKs nyheitsdivisjon på Marienlyst er det 20 journalistar som jobbar dedikert med utanriksnyheiter. Vidare har NRK tolv korrespondentar fordelte på elleve kontor: to i Washington DC, éin i Nairobi, Beijing, London, Moskva, Kyiv, Brussel, Berlin, Istanbul, Midtausten (Beirut) og Stockholm. I tillegg er det ein fast frilansar i Buenos Aires.

For å nå ut til eit størst mogleg publikum med eit så fullstendig bilde av verda som mogleg publiserer NRK løpande nyheiter på alle dei tre plattformene og gjennom dei vanlege nyheitssendingane. Lengre og meir samansette reportasjar blir laga for å bringe innsikt og gi nærleik. NRK framhevar i denne samanhengen *Urix*, som blir send både i NRK TV og NRK Radio. For å nå yngre målgrupper med utanriksjournalistikk bruker NRK vanlege nyheitsflater til å forklare utan å komplisere, og for å komme tett og nært. Vidare framhevar NRK podkasten *Oppdatert* og NRKs Snapchat-utgåve.

Dokumentarar om internasjonale forhold, politikk og opplevingar frå andre delar av verda skal ifølge NRK bidra med kunnskap, innsikt og sterke personlege historier. I 2023 har NRK vist seriar som *Den grønne planeten*, *Ei iskald verd*, BBC-serien *Det ville Norden* og *Vakre og ville Oman*. Dette er eksempel på program om natur og dyreliv som også gir perspektiv på klima og miljø. NRK trekker også fram andre dokumentarseriar som blant anna *Michael Palin i Irak*, som gir eit innblikk i livet til irakarar, og *Eit enklare liv*, der Ben Fogle møter folk som har busett seg utanfor allfarveg. *Tek-milliardæraner* gir eit innblikk i teknologigründerar som Elon Musk, Mark Zuckerberg og Jegg Bezos og den innverknaden dei har på livet vårt, mens *Autisme fra innsida* fortel historier frå menneske som lever med autisme.

I 2023 har krigen i Ukraina fortsett å vere sentral i fleire internasjonale produksjonar, som BBC-serien *Putin mot Vesten*, og dokumentarfilmar som *Heltar og svikarar* og *Mariupol – med egne øyne*. Vidare har *Dokuland* kvar veke tilbydd dokumentarhistorier frå ulike land, som *Drapet på en journalist* (Slovenia), *Barn av Belfast* (Nord-Irland), *Hidden letters* (Kina) og *Gisseltakerne* (Syria).

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å bidra til auka kunnskap om internasjonale forhold.

2.4.3 Undersøkande journalistikk

NRK hadde også i 2023 ei strategisk satsing på undersøkande journalistikk. Blant anna belyste NRK ulovleg hogst og mangelfulle kontrollrutinar i forvaltninga av norsk natur. NRK avslørte også at titusenvis av røntgenbilde av norske pasientar blei sende til analyse i Romania utan av sjukehus og helsetilsyn visste om det.

NRKs gravegruppe i region Nord og tv-redaksjonen Brennpunkt samarbeidde med gravegrupper frå allmennkringkastarane i Sverige, Danmark og Finland om avsløringar i 2023. Resultatet av samarbeidet er Brennpunkt-serien *Skyggekrigen*, om avsløringa av ei rekke etterretningsagentar blant russiske diplomatar i Norden, korleis russiske fiskebåtar blei brukte i etterretningsoppdrag og korleis russiske fartøy bevega seg over Nord Stream-gassrøret før det blei sprengt. NRK gjer greie for at graveprosjektet tok eitt år. Nokre dagar før NRK starta publiseringa, blei 15 russiske diplomatar utviste frå Noreg, og til saman 29 diplomatar blei utviste frå Noreg, Sverige og Danmark. Nyheiter og klipp frå serien blei publiserte over heile Europa. NRKs undersøkande klimaredaksjon i region Vest samarbeidde med ei europeisk samanslutning av gravejournalistar om avsløringa av kostnadene ved å rydde opp i utrangerte oljeplattformer i Nordsjøen.

NRK har sju gravegrupper over heile landet, og i den nordlegaste gravegruppa er journalistar frå NRK Sápmi innlemma. Dette resulterte i *De falske samene*, der NRK avslørte at Frp, som vil legge ned Sametinget, oppfordra medlemmer til å melde seg inn i valmanntalet på Sametinget med mål om å stille valliste der. Fleire som hadde følgd oppfordringa, oppfylte ikkje kriterier for å stå i valmanntalet. Avsløringa førte til at valmanntalet og korleis det blir kontrollert, skal granskast.

NRK viser til at bruk av skjult kamera er eit kontroversielt verkemiddel som blir stadig sjeldnare brukt i undersøkande journalistikk. Dette blei likevel brukt i Brennpunktts *Omsorg bak lukkede dører* for å vise at journalar og annan dokumentasjon ikkje gav eit sannferdig bilde av korleis eldre faktisk blir behandla på sjukeheim og i heimebasert omsorg. Dette gjorde at eldreomsorg blei tema frå nyttår og gjennom heile valkampen.

Konklusjon: NRK har gjort greie for satsinga på undersøkande journalistikk. NRK har gitt fleire eksempel på større prosjekt, program og nettsaker i 2023, der kritikkverdige forhold både på individ- og systemnivå er belyste. Medietilsynet vurderer på denne bakgrunnen at NRK i 2023 oppfylte kravet om å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å verne enkeltmenneske og grupper mot overgrep eller forsømmingar frå offentlege myndigheiter og institusjonar, private føretak eller andre.



Distriktsdekninga i NRK

2.5 Distrikt

Vedtektene:

§ 20 NRK skal reflektere det geografiske mangfoldet i Norge og ha et godt lokalt tilbud. NRK skal vere til stede i alle fylker.

§ 33 NRK plikter å tilby innhold som er produsert i og tar utgangspunkt i distriktene. NRK skal ha distriktssendinger alle hverdager.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- et eget regionalt nyhets- og innholdstilbud

NRK har ifølge § 14 i vedtektene eit sjølvstendig ansvar for å bidra til mediemangfaldet regionalt. NRK skal ha distriktssendingar alle kvardagar og tilby eit eige løpende oppdatert regionalt nyheits- og innholdstilbud på nettet. Krava om geografisk spreining av NRKs redaksjonelle nærvær i ulike delar av Noreg i §§ 20 og 33 handlar både om redaksjonell dekning av distrikta og om at NRK skal vere til stades i alle fylka. Kravet om å vere til stades i alle fylka skal ikkje bli forstått som at NRK skal ha eit eige distriktskontor i kvart fylke. NRK har altså handlefridom til sjølv å bestemme organiseringa av distriktskontorstrukturen. Familie- og kulturkomiteen var opptatt av at kravet skal sikre at det ikkje blir utvikla geografiske blindsoner i den redaksjonelle dekninga av landsdelane (Innst. 332 S (2016–2017)).

Sidan 2020 har NRK hatt eit særskilt ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner (§ 26), noko som også styrker ansvaret for å dekke geografiske område med svak journalistisk dekning. Sjå meir om vurderinga av korleis NRK oppfyller dette kravet i punkt **Feil! Fant ikke referanse kilden..** Kultur- og likestillingsdepartementet vurderte ved utforminga av styringssignal for NRK for perioden 2023–2026 at det ikkje er behov for å justere føresegnene som regulerer det regionale oppdraget til NRK. Departementet la samtidig til grunn at § 26 legg føringar som inneber at NRK må styrke det regionale forvaltningsnivået dersom dette utviklar seg til å bli ei blindsoner.¹⁹

NRK hadde fast redaksjonelt nærvær på 43 ulike stader i Noreg og var til stades i alle landets elleve fylke i tråd med fylkesinndelinga i 2023. I februar 2024 etablerte NRK eit lokalkontor på Røros og har etter etableringa fast redaksjonelt nærvær på 44 ulike stader i Noreg. I perioden frå 2020 til 2023 har distriktskontorstrukturen til NRK følgt fylkesinndelinga

¹⁹ Prop. 1 S (2022–2023) Mediepolitisk styringssignal 2023–2026 og kommersiell allmennkringkasting, Tiltråding frå Kultur- og likestillingsdepartementet 23. september 2022, godkjent i statsråd same dag (Regjeringa Støre).

frå 2020 med éi organisatorisk eining i kvart fylke med ansvar for dei ulike lokaliseringane, men ei felles organisatorisk eining for dei to fylka Oslo og Viken. Gjennom 2023 har NRK arbeidd for å tilpasse verksemda og innhaldet til den nye fylkesinndelinga med 15 fylke.²⁰ Våren 2023 bestemte NRK å dele Troms og Finnmark i to organisatoriske einingar (distriktskontor). Den felles organisatoriske eininga for Oslo og Viken blei delt i tre distriktskontor med Østfold, Stor-Oslo og Buskerud. For Vestfold og Telemark opprettheldt NRK ei felles organisatorisk eining for dei to fylka.

Frå årsskiftet 2023–2024 består NRKs distriktskontorstruktur av følgande 13 organisatoriske einingar:

- **NRK Finnmark:** hovudkontor i Alta og lokalkontor i Hammerfest, Vadsø og Kirkenes
- **NRK Troms:** hovudkontor i Tromsø, redaksjonar og lokalkontor i Harstad og Finnsnes
- **NRK Nordland:** hovudkontor i Bodø og lokalkontor i Brønnøysund, Mo i Rana, Svolvær og Narvik
- **NRK Trøndelag:** hovudkontor i Trondheim, redaksjon i Steinkjer og lokalkontor i Namsos og Brekstad (og frå februar 2024 i Røros)
- **NRK Innlandet:** hovudkontor på Lillehammer, redaksjon på Hamar og lokalkontor på Kongsvinger, i Folldal, i Vågå, på Fagernes og i Elverum
- **NRK Møre og Romsdal:** hovudkontor i Ålesund og lokalkontor i Ulsteinvik, Molde og Kristiansund
- **NRK Vestland:** hovudkontor i Bergen, redaksjonar og lokalkontor i Førde, på Nordfjordeid, i Sogndal, Odda og på Stord
- **NRK Rogaland:** hovudkontor i Stavanger og lokalkontor i Haugesund
- **NRK Sørlandet:** hovudkontor i Kristiansand og lokalkontor i Flekkefjord og Arendal
- **NRK Vestfold og Telemark:** hovudkontor i Porsgrunn og redaksjon i Tønsberg
- **NRK Buskerud:** hovudkontor i Drammen og lokalkontor på Ål
- **NRK Stor-Oslo:** hovudkontor i Oslo (ingen lokalkontor)
- **NRK Østfold:** hovudkontor i Fredrikstad (ingen lokalkontor)

²⁰ Frå 1. januar 2024 er det 15 fylke i Noreg, sjå <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunestruktur/fylkesinndelingen-fra-2024/id2922222/>

Figur 9 – oversikt over NRKs geografiske nærvær i 2023

NRKs distriktsdivisjon og NRK Sápmi



Kjelde: NRK

NRK gjer greie for at distriktsdivisjonen har totalt 860 medarbeidarar fordelte på dei ulike kontora og er den største innhaldsproduserande eininga i NRK. I tillegg kjem avdelingane til NRK Sápmi.

2.5.1 Innhald produsert i og sendt frå distrikta

Ambisjonen for distriktsdivisjonen er ifølge NRKs allmennkringkastarrekneskap å «[s]e hele Norge innenfra» med mål om «å lage journalistikk og fortelle historier fra folks hverdag – som engasjerer, setter dagsorden og blir valgt av flest mulig». Distriktsdivisjonen har ifølge NRK eit todelt oppdrag.²¹ Det eine er å gi eit lokalt nyheits- og aktualitetstilbod i den regionen det enkelte distriktskontoret har som dekningsområde, og det andre er å produsere nyheiter, undersøkende journalistikk og andre sjangrar til NRKs nasjonale tilbod på alle plattformer.

²¹ NRK har tidlegare formulert oppdraget til distriktsdivisjonen som tredelt, men med same innhald: å produsere nyheiter og aktualitetar frå heile landet til nasjonale flater, gi eit regionalt nyheitstilbod og produsere for NRKs nasjonale innhaldstilbod i ei rekke andre sjangrar for alle plattformer.

NRK har daglege regionale sendingar på tv og radio og regionale nettsider på Nrk.no med innhald for nett og mobil. NRK1 sender regionale tv-sendingar på kvardagar klokka 19.45 (14 minutt) og klokka 22.55 (fem minutt). Det regionale tv-tilbodet er også tilgjengeleg for strøyming i NRK TV. NRK rapporterer høge sjåartal for desse sendingane gjennom heile året i 2023. NRK hadde eigne regionale tv-sendingar for Nordland, Trøndelag (Midtnytt), Møre og Romsdal, Vestland (Vestlandsrevyen), Rogaland, Agder (Sørlandet), Innlandet og felles sendingar for Troms og Finnmark (Nordnytt), for Vestfold og Telemark og for Østfold, Stor-Oslo og Buskerud.

Distriktsendingane på radio blei også i 2023 sende i to flater i NRK P1, med regionale morgonsendingar frå klokka 06.00 til 09.00 og ettermiddagssendingar frå klokka 14.00 til 17.00. NRK opplyser at fleire av dei regionale redaksjonane har hatt utvida sendingar ved større hendingar i 2023. Det regionale radiotilbodet har ein annan sendestruktur enn tv, med ei noko meir lokal inndeling som skal bidra til meir geografisk nærleik når det gjeld innhaldet. I 2023 hadde NRK P1 regionale radiosendingar i Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Rogaland, Sørlandet, Innlandet, Buskerud, Stor-Oslo og Østfold – i tillegg til eigne morgon- og ettermiddagssendingar for dei tidlegare fylka Hordaland og Sogn og Fjordane i Vestland. Eigne morgonsendingar blei sende i Troms, Finnmark, Vestfold og Telemark, men det blei sendt ei felles ettermiddagssending for Troms og Finnmark og for Vestfold og Telemark. Utgreiinga frå NRK viser at strukturen i distriktsendingane på radio i 2023 blei endra i samsvar med den nye fylkesinndelinga som gjeld frå 1. januar 2024.

NRK gjer greie for at nyheitsoppdraget ligg i kjernen av oppdraget til distriktskontora, som er ein viktig leverandør av nyheiter og aktualitetar til alle plattformene i NRK. NRK opplyser at om lag 40 prosent av innhaldet på forsida til Nrk.no var laga av distriktskontora i 2023, noko som bidrar til at saker frå heile landet blir spegla på den største digitale plattformen til NRK. I allmennkringkastarrekneskapan for 2022 fortalde NRK om innsiktarbeid knytt til kva behov publikum har for innhaldstilbod frå eigen region, og eit mål om å nå fleire med regiontilbodet. Arbeidet er vidareført i 2023 med for eksempel dialogprosjektet «NRK Svarer 2.0», der publikum kunne stille spørsmål til politikarane i valkampen. Sakene blei deretter utvikla og publiserte på Nrk.no. I 2023 har NRK testa ut ein funksjonalitet der publikum kan logge inn og få innhald frå regionen sin direkte på forsida til Nrk.no. Med den nye funksjonaliteten er det ikkje nødvendig å gå via dei fylkesvise undersidene på Nrk.no for å få tilgang til den løpande oppdateringa av regionalt innhald. Det nye tilbodet er ei blanding av korte nyheitsmeldingar, nyheitsartiklar og videoar med hendingar i kvart fylke. NRK rapporterer om positive tilbakemeldingar frå publikum, blant anna om lettare tilgang til regionale nyheiter. NRK erfarer auka lojalitet og bruk ved at publikum oftare kjem tilbake til Nrk.no. Vidare vurderer NRK at store hendingar som ekstremvêret Hans og kommune- og fylkestingsvalet understrekar behovet publikum har for nyheiter som er tettare på eigen kvardag. Funksjonaliteten med sjølvvalt regionalt innhald blir derfor eit permanent tilbod på Nrk.no.

Dekninga av kommune- og fylkestingsvalet var ei hovudsatsing for NRK i 2023, der distriktsdivisjonen var ansvarleg for valprosjektet som blei gjennomført i tett samarbeid med andre innhaldsmiljø i NRK. Med mål om å nå fleire andregongsveljarar med nyheiter, bakgrunnsinformasjon, debattar og undersøkende journalistikk var innhald og format tilpassa mobil prioritert. Alle distriktskontora bidrog i utviklinga av *Valomaten* og *Lokalvalguiden*. NRK forklarar at dette var innhaldsprodukt meint for å opplyse, informere og engasjere publikum,

som nådde ut til mange. Heile 2,3 millionar fullførte *Valomaten*, og 730 000 unike brukarar testa *Lokalvalguiden*. Distriktskontora bidrog også til den fordjupande journalistikken om valet, som folkemøta og storbysendingane (Oslo, Tromsø, Trondheim og Bergen) og på valnatta, både med eigne, lokale sendingar og bidrag til nasjonale flater.

Når større hendingar oppstår i Noreg, er det distriktskontora til NRK som leverer bilde, rapportar og intervju til NRKs nasjonale nyheitstilbod, og den geografiske nærleiken til dei ulike hendingane var også sentral i dekninga av flaumen og ekstremvêret som ramma Austlandet seinsommaren 2023. NRK viser også til at lokale konflikter om utbygging av vindkraft har vore eit hyppig tema i det lokale nyheitsbildet i 2023, og at NRK Trøndelag og NRK Sápmi har samarbeidd og sett dagsorden med fleire saker om Fosen-utbygginga.

Distriktskontora leverer også innhald til det nasjonale tilbodet på radio, nett, tv og mobil. Distriktsdivisjonen leverer undersøkande journalistikk, underhaldning, seriar i ulike sjangrar og innhald for barn og unge, og dei lagar dei fleste riksdekkande programma i NRK P1 og P1+. NRK forklarar at dei største miljøa for produksjon innanfor andre sjangrar er på kontora i Tromsø, Trondheim og Bergen, i tillegg til eit mindre miljø ved distriktskontoret for Stor-Oslo.



Bergmo ungdomsskole og Frei ungdomsskole er klare for finalen i Klassequizzen i Oslo. Frå venstre Joel Bendiksen, Astrid Gunnerød Antonsen, Adrian Romy Cruz-Drågen, Olve Gryt, Johanne Fjærli Bremnes og Even Karlsvik Opdahl. Foto: NRK.

Dei fire regionane Nord, Midt, Vest og Sørøst har etablerte miljø for den undersøkande journalistikken, der om lag 50 medarbeidarar jobbar med å granske og avdekke forhold lokalt for eit nasjonalt publikum. Nokre eksempel på større, dagsordensettande saker i 2023 var saker om forsvunne asylbarn, russisk etterretningsverksemd i Noreg og om at verneverdig skog i Noreg forsvinn. NRK fortel at seks av NRKs ni påmeldingar til Skup-prisen var metoderapportar frå distriktskontora. NRK samarbeider med Senter for undersøkande journalistikk i Bergen om kompetansehevande tiltak og har i løpet av 2023 rekruttert nye

medarbeidarar i distriktsdivisjonen for å auke kompetansen og bruken av datastøtta journalistikk. Denne kompetansen deler distriktsdivisjonen med andre divisjonar i NRK.

Eitt av måla for riksproduksjonane frå distriktskontora er ifølge NRK å fortelje historier som set spor og speglar heile landet. Nokre eksempel frå 2023 er *Klassequizen* (ansvarleg region Sørøst), ein nasjonal kunnskapskonkurranse for elevar i tiande klasse. NRK fortel at over 655 skolar deltok i lokale konkurransar som blei sende i lokalsendingane til NRK P1 for skoleåret 2022–2023, og at fylkesvinnarane gjekk vidare til den nasjonale konkurransen som blei send på NRK1 våren 2023. Hausten 2023 var det nye lokale konkurransar, og landsfinalen blei send våren 2024. NRK har i tillegg utvikla eit interaktivt mobilspel der publikum kan teste eigen kunnskap på spørsmål frå *Klassequizen*. NRK fortel at eit anna viktig mål for distriktsdivisjonen er å levere valbar lyd frå heile landet. I 2023 blei det produsert nye episodar til eksisterande podkaststraumar som *Hele historien*, *Oppdatert* og *Ekko*. Distriktsdivisjonen produserte blant anna *Hvor ble det av Belur*, *Politidrapene på Austbø* og *Kirurggen* som blei publiserte i *Hele historien*. *Øyeblikket* er ein ny podkaststrøm som blei publisert med bidrag frå fleire distriktskontor i to sesongar i 2023, og som fortel historier om hendingar som har prega livet til ulike menneske.

Frå region Vest rapporterer NRK om fleire innhaldsbidrag innanfor eit breitt spekter av sjangrar og format. Hovudbasen er i Bergen, men riksproduksjonen går føre seg i heile regionen. Nokre eksempel frå 2023 er *Sykkelsommer*, som var ein tre vekers direkteproduksjon på sykkel gjennom Nordland, Møre og Romsdal og Innlandet, og *Dei siste dødsdømte*, ein serie om straffeforfølginga av landssvikarar etter andre verdskrig. Ifølge NRK blei TV-aksjonen for første gong produsert utanfor Oslo, og miljøet i region Vest hadde ansvaret. Det er også dette miljøet som har ansvar for dei faste flatene *Norge i dag* og *Norge Rundt* på NRK1 og *Opptur* i NRK P1.

Frå region Nord kjem mange produksjonar for barn, og i 2023 blei det laga nye sesongar av *Planetpatruljen*, *Gjør det sjølv* og ein ny produksjon om barn som køyrer motorsport i *Max Gass*. Programmiljøet i Troms produserte også serien *Klar til strid*, om unge soldatar i førstegongstenesta. NRK opplyser at serien var den meste sette i NRK TV første halvår 2023. Distriktskontora i region Nord produserer stadig meir radio og podkastar, og eitt av dei populære programma er *Helgemorgen*, som blir send direkte på NRK P2 og NRK 1 gjennom heile året.

NRK opplyser at region Midt og programmiljøa i Trondheim har den største og breiaste leveransen av alle kontora utanfor Oslo, og kontoret har også den største bemanninga. I 2023 laga dei dokumentarserien *Kampen*, som gjennom å følge Rosenborgs kvinnelag gjennom eitt år bidrog til å sette søkelys på urettferd i idretten og til å skape engasjement for kvinnefotball. Andre eksempel på produksjonar frå Trondheim er *Jens og Isak på tynn is*, som følger Jens Kvernmo og Isak Dreyer på besøk på Grønland for å lære meir om levesettet til inuittane og tradisjonelle måtar å jakte på. Det går fram av allmennkringkastarrekneskapen at det i 2023 har vore ei satsing på innhald for unge jenter på 14–15 år, og at ung-redaksjonen i Trondheim samarbeider tett med ei rekke andre miljø i NRK. Gjennom konseptet *Unormal* blei det publisert innhald på TikTok, Snapchat og Nrk.no. Podkasten *Baksnakk* blei ifølge NRK nominert til ei rekke prisar i 2023 og fekk i løpet av året over 90 000 følgjarar på TikTok. Det går også fram av allmennkringkastarrekneskapen at

Tyholt er det største radio- og lydmiljøet i NRK utanfor Oslo, og produserer ei rekke direktesende program på NRK P1, P1+ og P3 i tillegg til faste flater på P2. I 2023 blei også produksjonen av *Ukeslutt* flytta frå Oslo til Trondheim.



Podkasten *Baksnakk* med Milie Engueleguele Birkelund og Zara Cecillie Leite fekk over 90 000 følgjarar på TikTok og blei nominert til ei rekke prisar.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK gjennom innhaldstilbodet sitt på ulike plattformer i 2023 reflekterte det geografiske mangfaldet i Noreg, og at NRK hadde eit godt lokalt tilbod som er produsert og tar utgangspunkt i distrikta. NRK oppfylte også kravet om å vere til stades i alle fylka og tilpassa i løpet av 2023 organiseringa til den nye fylkesinndelinga. NRK har hatt distriktssendingar alle kvardagar både på tv og radio og har eit løpande oppdatert regionalt nyheits- og innhaldstilbod på nettet.



Innhald for barn og unge i NRK

2.6 Barn og unge

Vedtektene:

§ 22 NRK skal fremme barns rett til ytringsfrihet og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhold. NRK skal ha norskspråklige programmer for barn under 12 år, jevnlig norskspråklige programmer for unge, og jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene.

§ 34 NRK skal ha daglige norskspråklige programmer for barn under 12 år.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- egenutviklet innhold for barn og unge

2.6.1 Norskspråklege program for barn

NRK skal ha daglege norskspråklege program for barn under tolv år og eigenutvikla innhald for barn og unge. Ein viktig del av samfunnsoppdraget til NRK er å fremme retten barn har til ytringsfrihet og informasjon. I 2023 lanserte NRK sju nye tv-seriar for barn under tolv år, og fleire nye sesongar av etablerte titlar. Blant dei nye seriane var *Gnist*, ein dramaserie som handlar om nye familiekonstellasjonar og nye vennskap, og *Mine ville venner*, som er ein dokumentarserie der åtte år gamle Marte lever saman med dyr frå norsk natur. Vidare har NRK på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at seks podkastar for barn blei publiserte i 2023. NRK Super har som mål å bruke karakterar og programtitlar som barna allereie er kjende med frå tv. Blant titlane i 2023 er *Eventyrstund med Morten og Saft*, med dei klassiske norske folkeeventyra, og *Fantorangens vitseshow*, der Fantorangen og vennen Pivi fortel vitsar, og nye sesongar av *Brannbamsen Bjørnis*, som handlar om livet på brannstasjonen, og *Labyrinthemmeligheter*, som avslører topphemmeleg informasjon om Daidalos og robotane hans.

I 2023 hadde NRK Super daglege lineære sendingar frå klokka 06.00 til 19.30, som er tilsvarande som føregåande år. NRK opplyser at desse sendingane først og fremst er tilpassa dei yngre barna opp til seks–sju år, som er dei som ser mest på tv lineært. Utover dette blir programtilbodet i all hovudsak publisert først i strøymetenestene til NRK Super og NRK TV. Unntaket er *Julemorgen*, som framleis er eit sterkt lineært program på julaftan.

NRK Super, som deler kanal med NRK 3, hadde 5267 sendetimar i 2023. Dette var tilsvarande nivå som i 2022, der det blei sendt 5254 timar med innhald. 63 prosent av sendetimane var animasjon, 15 prosent drama, 10 prosent underhaldning, 5 prosent dokumentar, 3 prosent undervisning, 2 prosent samisk innhald og 1,8 prosent anna (0,6 prosent vitskap, 1,1 prosent musikkvideo og 0,04 prosent anna).

NRK har krav om å skjerme barn mot skadelege former for innhald. Innhald som blir publisert på NRKs egne plattformer, blir vurdert og merkte etter Medietilsynets retningslinjer for aldersklassifisering av bildeprogram. NRK opplyser at det i NRK Super-appen er mogleg å hindre avspeling av program som har anbefalt aldersgrense på seks+ og ni+. Dette gjeld

også for strøymetenesta NRK TV. I 2023 lanserte NRK ei innloggingsløyising for barn i NRK TV. NRK Super har hatt denne funksjonen sidan 2022. På denne måten kan innlogging bli brukt av foreldre for å sikre at barn får eit alderstilpassa strøymeinnhald.

NRK held fast på ambisjonen om å ha tydeleg lokalt forankra program for småbarn, noko som sikrar at innhald som tar utgangspunkt i ein norsk kontekst, konkurrerer med det beste innhaldet frå utlandet. Fantorangen og småsøskenet Fantus, Bjørnis og Brillebjørn er karakterar i univers bygde opp over tid, der det er produsert ulike typar innhald både for podkast og tv. Med sikte på å styrke norsk og samisk språk og kultur for dei minste barna har blant anna den samiske figuren Binnabánnas vore med i fleire episodar av *Fantorangens verden* i 2023. NRK opplyser også at programmet har fått ein ny karakter i Maurora, som snakkar normert nynorsk.

Fantus musikantus er ein nyutvikla serie frå 2023, der NRK Super har lagt innhaldet til rette for dei aller yngste sjåarane. NRK peiker på at innsikt viser at mange småbarnsforeldre lar dei aller minste sjå på tv, og YouTube er mykje brukt. NRK ønsker med seriar som *Fantus musikantus* å produsere innhald som berikar og aktiviserer barna, som har ein avgrensa episodestruktur og som ikkje inviterer til langvarig skjermbruk.



I dokumentarserien *Et hav av muligheter* tok 13 ungdommar med og utan funksjonsnedsettingar over Christian Radich i fem dagar. Foto: Halkawt Sharif

For 2023 var temaet for «Temadager» barn med funksjonsnedsettingar. Hensikten med temadagane er å ha fokus på tema som i utgangspunktet kan vere vanskelege å snakke med barn om. Tidlegare temadagar har handla om blant anna vald, rus og rasisme. NRK peiker på at innsikt viser at barn i Noreg med ulike funksjonsnedsettingar opplever mykje utanforskap. Den største produksjonen NRK hadde knytt til temadagane, var dokumentarserien *Et hav av muligheter*, der ein programleiar kjend frå Supernytt og 13 ungdommar med og utan funksjonsnedsettingar tok over skuta Christian Radich i fem

dagar. NRK samarbeidde også med Redd Barna om eit undervisningsopplegg retta mot 5.–7. trinn basert på serien. NRK involverte blant anna Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Unge funksjonshemmede og Beitostølen Helse- og idrettsenter i innhald, framstilling, faktasjekk og rekruttering. Prosjektet «Temadagene 2023» vann NRKs mangfaldspris hausten 2023.

NRK Supers årlege vennskapskampanje BlimE! skal fremme vennskap og samhold på barneskoler ved hjelp av song og dans. I 2023 var det i tillegg til ein norsk versjon av årets BlimE-låt også ein samisk versjon, som for første gong blei sunge på både nord-, sør- og lulesamisk i same låt. Det blei også laga versjonar med alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), med teiknspråk og på nynorsk. Danseinstruksjonane blei synstolka. Under kampanjenamnet #SayHi har også fleire europeiske land sin eigen versjon, og i 2023 var Spania, Sveits, Litauen, Tyskland, Georgia og Austerrike med. Gjennom eit samarbeid med TV-aksjonen blei BlimE-dansen formidla til flyktningleirar i Ukraina, DR Kongo, Bangladesh og Sør-Sudan. NRK Super fekk videoar frå barn i flyktningleirane, som saman med innsende videoar frå barn i Noreg løfta fram budskapet om å sjå verdien til kvart einaste barn.

Supernytt er nyheitsprogrammet på NRK Super for barn i alderen 8–12 år. Programmet blir publisert alle kvardagar klokka 09.45 på Nrksuper.no. Programmet blir også sendt på NRK1 eller NRK2 klokka 17.50 og er tilgjengeleg i NRK TV. NRK gjer greie for at Supernytt skal gi målgruppa kunnskap om kva som skjer i Noreg og verda frå dag til dag, slik at dei forstår samfunnet og seg sjølv betre og blir opplyste og engasjerte borgarar. I 2023 var det særleg krigen mellom Hamas og Israel og kommune- og fylkestingsvalet i Noreg som prega nyheitsdekninga til Supernytt. I tilknytning til dekninga av krigen mellom Hamas og Israel har Supernytt lagt vekt på å forklare bakteppet for konflikten på ein måte barn i målgruppa kan forstå, og det har vore mogleg for barn å sende inn spørsmål og kommentarar. I samband med kommune- og fylkestingsvalet har dekninga vore brei, med ei blanding av underhaldning og læring. For eksempel blei leiarane for dei største partia intervjuja om saker som angår barn i serien *Superstolen*, og Supernytt arrangerte ein partileiardebatt under Arendalsveka. Vidare var Supernytt initiativtakar til valprosjektet *Minecraft-kommunen*, der barn i det populære spillet Minecraft kan flytte inn ved å bygge hus. Programleiarane i Supernytt og FlippKlipp var blant innbyggjarane i kommunen. Det blei sendt ei tre timar lang direkteending på valdagen i speluniverset, og barn kunne bestemme kva tiltak to fiktive politikarar skulle sette i verk i kommunen. Sjølv avstemminga blei gjort via Svar-o-meter-appen til NRK Super. Det som blei valt dukka straks opp i spelet, mens barna kunne stille spørsmål og ytre meininga si om kommunepolitikken i ein chat.

For å samle befolkninga og skape felles referansar peiker NRK på augneblinkar som familiar kan dele. Som eksempel på dette nemner NRK *Superkrim* frå påska 2023, tilgjengeleggjering av alle NRKs julekalendrar (med unntak av to) i NRK TV, *Mesternes mester*, *Maskorama* og *Alle mot 1*. Julekalenderen i 2023 var *Snøfall 2*, som handla om ein ti år gammal gut med ei mor som er kreftsjuk. NRK framhevar at kreft er eit viktig tema, og at dette var ei viktig historie å fortelje. Det blei raskt ein debatt om NRKs val av tema, med om lag 150 medieoppslag om serien. NRK registrerte 80 klager og fekk 180 positive tilbakemeldingar. NRK rapporterer også at 25 prosent av alle mellom 12 og 18 år var faste

sjåarar av julekalenderen gjennom heile desember. Dette er ei målgruppe NRK peiker på elles gjerne vel internasjonale medium framfor nasjonale.

For å treffe målgruppa yngre tenåringar er titlar med nye sesongar i 2023 blant anna VGS (sesong 2), som handlar om kvardagsdrama på vidaregåande skole, *Rykter* (sesong 2) om ein gut frå byen som begynner i 10. klasse på ei lita øy, *Familien Lykke* (sesong 3) om ein uvanleg familie og dei store og små konfliktane deira, *Bremsespor* (sesong 9), som er eit humorunivers der ein gutegjeng reiser til ein fristad på landet, og *Lik meg* (sesong 7). *Lik meg* følger det same 2006-kullet frå sesong til sesong, noko som gjer at temaa endrar seg i takt med at ungdommane blir eldre. Serien er innsiktsbasert og tar opp tema som utestenging, rasisme og psykisk helse. NRK opplyser at fleire forlag har laga undervisningsopplegg rundt serien. Serien er også nominert til og har vunne fleire internasjonale priser.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte krava knytte til å fremme retten barn har til ytringsfridom og informasjon, og til å skjerme barn mot skadelege former for innhald. NRK oppfylte også kravet om å ha daglege norskspråklege program for barn under tolv år.

2.6.2 Norskspråklege program for unge

NRK skal ha jamlege norskspråklege program for unge og opplyser at NRK P3 har eit særskilt ansvar for å speile ung røyndom både på tv, lyd og nett. Nettprosjektet *P3 Meninger* (p3.no/meninger) slepp unge til med meiningane deira og skal gi plass til stemmer som vanlegvis ikkje blir høyrde. Prosjektet blir publisert på P3.no og Nr.no gjennom året.

NRK framhevar eit podkast- og radiotilbod som er retta mot ei ung målgruppe. I 2023 blei humorpodkasten *Kladden har dævvva* lansert. Podkasten tar for seg forholdet til døden hos gjester og publikum. To andre podkastar som starta i 2023, var *Radio Mørch* og *Både Erlend og Steinar*. Førstnemnde har eit subjektivt utgangspunkt, der intervjuaren Erlend Mørch bruker podkasten til å ta opp og å få informasjon om saker og personlegdommar som interesserer han. *Burde vært pensum* og *Oppdatert* blir trekte fram som eksempel på kunnskapsbyggande podkastar retta mot eit ungt publikum.

Dramaserien *Beist* ble lansert i 2023 og handlar om to unge fotballspelarar som drøymmer om å bli profesjonelle. Serien er basert på ei bok, men er også utvikla gjennom samtalar med ungdom i fotballmiljøet og apparatet rundt dei. *Vi lover et helvete*, om ein klimaskeptikar og ein samisk miljøaktivist som møtest og blir forelska, blei også publisert i 2023. Dette er ein dramaserie som set søkelyset på den sterkt polariserte offentlege debatten om klimasaka og ei rekke andre identitetskampar. Dokumentarserien *Klar til strid* følger ei gruppe ungdommar gjennom førstegongstenesta og var ifølge NRK ein av dei mest sette dokumentarseriane i 2023.



Max Campbell spiller hovudpersonen Elias i dramaserien *Beist*. Serien følger Elias og venen David og draumen deira om å bli fotballproffar. Foto: NRK

NRK kom i 2022 med det eigenutvikla formatet *Norske beefere*, og i 2023 kom det tre nye episodar. Serien tar personar som er store på TikTok, og nokre av dei største debattane som har vore på plattforma, over til NRKs eiga redaktørstyrte plattform og nyanserer debattane. I sesong 2 blei tema som kroppspositivisme og usunne mannlege rollemodellar debatterte. For NRKs humorsatsing mot unge blir det peikt på at kortformatet på Nrk.no og i NRK TV er viktig. I tillegg blir humorseriane *Dummedag* og *Orion*, og dokumentarparodien *Karpe: Ferdig, men ikke kom og tørk* nemnde, og dramakomedien *Cammo*, der ein influensar går personleg konkurs og begynner å jobbe som støttekontakt for ei jente med Downs syndrom. Serien tar opp ei rekke fordommar og bruker humor for å introdusere nye perspektiv. NRK opplyser at serien har fått internasjonal anerkjenning og at det er inngått opsjonsavtale med Tyskland, Frankrike, Spania, Belgia og Nederland om moglege nyinnspelningar av serien. I Noreg kom første sesong i 2023, og sesong 2 blir send i 2024.

NRK skal ha eigenutvikla innhald for barn og unge på internett. Eitt av dei digitale universa til NRK er *Unormal*, der kjernemålgruppa er jenter i alderen 13 til 15 år. Tematikken er kropp, kjensler og identitet, og målet er ifølge NRK å vise unge at dei ikkje er aleine med bekymringane sine. Konseptet er på Snapchat, TikTok, YouTube og i podkasten *Baksnakk*. NRK viser til at dette er dei føretrekte sosiale media for målgruppa. NRK framhevar også satsinga *LL35*, som tar utgangspunkt i spelverda. Her blir det henta inspirasjon frå kjente spel og spelmekanisamar, og dette blir skalert opp til underholdande videoar som utspeler seg i røynda. *LL35* blir publisert på YouTube og i NRK TV.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK oppfylte kravet om jamlege norskspråklege program for unge. NRK oppfylte også kravet om å ha eigenutvikla innhald for barn og unge på internett som blir løpande oppdatert.

2.6.3 Program for barn på dei samiske språka

NRK skal sende jamlege program for barn på alle dei samiske språka, og dette tilbodet blir levert av NRK Sápmi. NRK opplyser at det samiske innhaldstilbodet for barn blir publisert på NRK Super, NRK TV og YouTube. Totalt utgjorde samisk innhald 113 timar og 2,4 prosent av det totale innhaldet på NRK Super i 2023, på tilsvarande nivå som dei to føregåande åra. Hovuddelen av det eigenproduserte samiske barnetilbodet er *Binnabánnaš*, *Junjá* og den nye serien *Husky*. NRK har også kjøpt inn ytterlegare barneinhald og laga versjonar på dei tre samiske språka.

I 2023 sende NRK Super barneprogram på samisk måndag til fredag frå klokka 17.00 til 17.15. *Binnabánnaš* er ein serie med innkjøpt innhald for målgruppa to til fem år, som blir oversett til dei samiske språka. I 2023 sende NRK tolv episodar på nordsamisk og like mange på sørsamisk og på lulesamisk. Dette er ein auke frå åtte episodar i 2022 og 2021, som da var ei dobling frå 2020. I 2023 fokuserte serien på å inspirere samiske barn til å utvide ordforrådet sitt, slik målet også var dei to føregåande åra. NRK fortsett også å synleggjere *Binnabánnaš*-figuren nasjonalt ved auka samarbeid med produksjonen *Fantorangen*, noko som har ført til stor merksemd på NRK Super, NRK TV og som lineært tilbod, rapporterer NRK.



I thrillerserien *Husky* møter vi Elle (Sara Felicia Rasmus Labba) og mor hennar, Line (Ánna Mággá Wigelius) som lever av å køyre hundspann med turistar. Foto: NRK

Tv-serien *Junjá* blei i 2023 publisert kvar veke i NRK TV og på YouTube. Serien er på nordsamisk og har 12-åringar som målgruppe med eit innhald og formspråk som YouTube-brukarar i denne alderen kjenner igjen. NRK fortel at redaksjonen i *Junjá* har jamlege møte med publikum i målgruppa, og at dialog er eit viktig verktøy i innhaldsutviklinga.

Den nye serien *Husky* er ein thriller for barn i 10–12-årsalderen, som blant anna tematiserer dyreplageri og grådighet. NRK gjer greie for at thrillerserien er ei storsatsing frå NRK Sápmi

som har fått gode sjåartal både i NRK1 og i strøymetenesta NRK TV. NRK Sápmi har også samarbeidt med NRK Skole om relevant undervisningsinnhald til faga norsk, samfunnsfag og KRLE.

Dei siste åra er det, i samband med vennskapskampanjen til NRK Super, BlimE!, produsert ein samiskspråkleg musikkvideo. I 2023 var Anders Nils Gaup frå Junká-redaksjonen årets samiske BlimE-artist. I låta «Moai girde» syng Gaup både nord-, sør- og lulesamisk. NRK fortel at NRK Sápmi sette søkelyset på mangfald og toleranse frå eit samisk perspektiv og at alle dei tre store samiske språkgruppene blei synleggjorde. NRK løfta i 2023, som i 2022, mangfaldet i kjønnsidentitet i det samiske samfunnet.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet til jamlege program for barn på dei samiske språka.

2.6.4 Program for unge på dei samiske språka

NRK skal ha jamlege program for unge på dei samiske språka. NRK lanserte i 2023 to nye podkaster retta mot unge samar: *Hævvi* (sørsamisk) og *Dálla ja dalloj* (lulesamisk). På førespurnad frå Medietilsynet har NRK opplyst at målgruppa er eldre ungdommar og unge vaksne. Vidare gjer NRK greie for at dei to podkastane blir publiserte kvar veke og har ulike fokus basert på innsikta NRK har om ønska og behova i målgruppene (sør- og lulesamiske unge). *Hævvi* tar ifølge NRK opp små og store utfordringar for unge samar, og *Dálla ja dalloj* belyser utfordringar med generasjonsskifta.

NRK publiserte ikkje den nordsamiske podkasten *Gozuid Alde* med Ella Marie Hætta Isaksen og Sajje i 2023. Podkasten, som blei lansert i 2022, var retta mot ei ung målgruppe gjennom val av tema og programleiarar. NRK utdjuar for Medietilsynet at det var produksjonstekniske årsaker som gjorde at han ikkje blei publisert i 2023. Det går fram av NRKs utgreiing at nye episodar av *Gozuid Alde* blir produserte i 2024, og at målet med podkasten er å gi «stemme og plass» til samtalar som ikkje får plass i offentlegheita. Både *Gozuid Alde* og *Hævvi* er såkalla visuelle podkaster som NRK tekstar til norsk og publiserer i strøymetenesta NRK TV, i tillegg til NRK Radio. NRK opplyser at episodar av *Gozuid Alde* frå 2022 var tilgjengelege i Sámi Radio i 2023, og det same var 2022-episodar av den nordsamiske podkasten *Sámi Horror*. NRK viser også til at dramaet *Vi lover et helvete* var retta mot unge sjåarar og tematiserte identitetskonfliktar i det samiske samfunnet gjennom kjærleikshistoria til hovudpersonane Elin, som er reindriftssame, og Daniel, som jobbar i gruva som trugar beitemarkane til samane i Finnmark.

Tilsynspraksis for forståinga av kva målgruppe kravet om jamlege program for unge er meint å vareta, er at dette gjeld aldersgruppa som normalt blir definert som ungdom, det vil seie frå 13 til 19 år. I det årlege allmennkringkastingstilsynet er det presisert at formålet med å stille krav om eigne program spesielt retta mot unge på dei samiske språka, er at sendingane skal tilby ein arena dedikert til tema ungdom er opptatt av, og at programma skal bidra til å reflektere ungdomsidentitetar. Medietilsynet har også i allmennkringkastingstilsynet presisert at det å definere målgruppa for vidt aldersmessig undergrev formålet med føreseigna, som er å sikre at det blir programsett eit eige tilbod for målgruppa ungdom. Det er derfor ikkje

tilstrekkeleg for å innfri kravet at NRK i sitt generelle programtilbod på samisk har program som er retta mot unge vaksne.

Medietilsynet viser til at NRK i 2023 ikkje lenger sende *Valvi*, som var eit dagleg direktesendt radiotilbod til unge i tenåra på samisk, på NRK Sápmi (nå NRK Sámi radio). Programmet var leia av unge programleiarar som tok opp aktuelle tema og spelte samisk og annan musikk som var relevant for målgruppa. Konseptet baserte seg også på publisering på fleire plattformer ved at *Valvi* jamleg publiserte fleirspråkleg videoinnhald til nett og sosiale medium, og at programmet blei produsert som tv-sending kvar fredag og publisert på [Nrk.no/sapmi](https://nrk.no/sapmi). Medietilsynet finn ikkje at NRK har gjort greie for at det nye podkasttilbodet representerer eit tilsvarande eige programtilbod til unge som reflekterer ungdomsidentitetar, slik *Valvi* gjorde.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 har hatt program på samisk som er retta mot dei aller eldste ungdomane, men at fráværet av program for yngre ungdommar tilseier at NRK ikkje oppfylte kravet til jamlege program for unge på dei samiske språka.



Språk, identitet og kultur i NRK

2.7 Samisk språk, identitet og kultur

Vedtektene:

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. (...). NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkning.

Særstillinga den samiske befolkningsgruppa har som urbefolkning i Noreg, er reflektert i NRKs allmennkringkastingsoppdrag. Oppdraget med å styrke samisk identitet og kultur omfattar også å styrke dei tre samiske språka som er likestilte med det norske språket.²² Hausten 2022 slutta Stortinget seg til ei presisering i NRK-plakaten om at NRK skal tilby innhald på samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og teiknspråk (§ 19 i NRKs vedtekter). Ved endringa av NRKs vedtekter i januar 2023 blei NRKs oppdrag også utvida med eit krav om å fremme musikk av samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar (§ 35). 2023 er det første året NRK skal oppfylle desse nye krava. Sjå nærmare om vurderinga av det presiserte kravet om samisk musikk i punkt 2.9.3.

NRK viser til at NRK Sápmi har eit spesielt ansvar for det samiske innhaldet, men at det er eit utstrekt samarbeid på tvers av innhalds- og utviklingsmiljøa i NRK. Krava blir ifølge NRK oppfylte med dagleg og periodisk innhald til alle delar av det samiske publikummet på NRKs plattformer Nrk.no, NRK TV, NRK Radio, NRK Super og på kringkasta fjernsyn og radio. NRK Sápmi leverer innhald og innslag til andre programflater i tilbodet NRK har på radio og tv, og alt samisk innhald som er sendt på NRK1 eller direkte sendt i NRK Sámi radio, er tilgjengeleg i strøymetenestene NRK TV og NRK Radio.

NRK Sápmi publiserer på dei tre samiske språka nord-, sør- og lulesamisk og på norsk. I allmennkringkastarrekneskapen går det fram at tilgangen til samisk språkkompetanse er ein av dei mest kritiske faktorane, og rekruttering av journalistisk og annan relevant kompetanse er krevjande, spesielt for lule- og sørsamisk. Frå 2023 samarbeider NRK med allmennkringkastarane i Sverige og Finland for å legge til rette for maskinlæring i samband med utvikling av samiske språkmodellar i nordiske forskings- og utviklingsmiljø.²³ Aktørane gjer samiskspråkleg innhald frå eigne arkiv tilgjengeleg for å bøte på at språkteknologiske verktøy som maskinlæring og kunstig intelligens (KI) i svært liten grad er tilgjengelege eller blir utvikla for samiske språk.

Det samiske talentprogrammet som NRK etablerte i 2020, uteksaminerte det tredje kullet i 2023 og er nå eit fast tiltak for rekruttering av nye journalistar og programskaparar. Lule- og sørsamiske journalisttalent har vore eit fokusområde i rekrutteringa i 2023 og vil også vere det i 2024. NRK rapporterer at tiltaket bidrar til å auke tilfanget av unge samiske journalistar

²² Samelova § 1-5.

²³ Sveriges Radio, Sveriges Television, svenske Utbildningsradion og finske YLE.

ved at talet på søkarar har auka med 75 prosent frå 2020 til 2023. 85 prosent av dei som har gjennomført programmet, har fortsett å jobbe i NRK, og 45 prosent har sør- eller lulesamisk bakgrunn. NRK Sápmi vil nå tilsette to medarbeidarar med ansvar for rådgiving i lule- og sørsamisk slik at dei unge samiske journalistane får tilstrekkeleg språkstøtte – både i talentprogrammet og i produksjonen av innhald. NRK rapporterer om ein tosidig gevinst frå tiltaket. Kulturen for læring i NRK blir styrkt ved at dei samiske talenta blir utplasserte i redaksjonar i heile NRK. Samtidig blir fagmiljøet i NRK Sápmi styrkt når talenta kjem tilbake med ny fagleg kompetanse. Nærværet av samiske journalisttalantar i dei ulike NRK-redaksjonane bidrar også til at samisk språk- og kulturkompetanse kjem inn i redaksjonar og innhaldsmiljø på tvers i NRK.

I volum er det daglege tilbodet på samisk størst på lineær-tv og -radio. På NRK1 sender NRK Sápmi nyheits- og aktualitetsprogrammet *Ođđasat* alle kvardagar. Programmet blir laga i samarbeid med dei samiske redaksjonane i dei nordiske kringkastarane SVT Sápmi, SR Sameradion og YLE Sápmi. NRK fortel at det er *Nrk.no/sapmi* og *Ođđasat* som i hovudsak byr på samisk nyheits- og aktualitetstilbod med daglege og fortløpande nyheitsoppdateringar og anna innhald på norsk og dei samiske språka. Nær 45 prosent av det samiske innhaldet på tv var nyheiter i 2023, sjå tabell 9 og figur 10. Frå 2023 har samisk innhald eit eige felt på *Nrk.no* saman med innhald frå distrikta. I 2023 har NRK tilsett ein eigen meldar som formidlar og kommenterer samisk kunst og kultur, noko som eksponerer og synleggjer dette innhaldet på radio og nett.

NRK Sámi radio (DAB og NRK Radio) sender samiskspråkleg innhald og musikk 24 timar i døgnet heile året.²⁴ Frå april 2023 er sendeskjemaa lagde om til meir direktesendingar, formidla i tre programpostar frå klokka 07.00 til 17.30. Morgonsendinga klokka 07.00 til 10.00, *Buorre Idit Sápmi*, er utvida med éin time samanlikna med 2022 og er eit nyheits- og aktualitetsprogram på nordsamisk laga i samarbeid med dei samiske redaksjonane i dei nordiske kringkastarane SR Sameradion og YLE Sápmi. Frå klokka 10.00 til 14.00 og frå klokka 14.00 til 17.30 følger dei to nye nordsamiske programpostane *Buorre beaivi, Sápmi* og *Buorre eahketbeaivi, Sápmi*, som erstattar ungdomsprogrammet *VALVI* og aktualitetsprogrammet *Veaigesátta*. På førespurnad frå Medietilsynet har NRK forklart at dei to nye programma formidlar saker om samisk kultur, språk og aktualitetar, og at hovudinnhaldet er musikk. Særleg omhandlar *Buorre beaivi, Sápmi* saker om kultur og musikk dagleg. NRK gjer greie for at alle dei tre direktesende programma i 2023 er baserte på «flytradio» med aktualitetar på morgon og ettermiddag. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet forklart at omlegginga til «flytradio» har hatt som mål å skape meir levande radio gjennom dagen og betre rom og kapasitet for meir valbar lyd (podkast) i NRK Radio for unge målgrupper. Målet har også ifølge NRK vore å lage meir innhald på sør- og lulesamisk, som etter NRKs vurdering er forsterka i volum og innhald. NRK meiner også at dette

²⁴ I 2023 endra den samiske radiokanalen namn frå NRK Sápmi til NRK Sámi radio.

innhaldet er meir regelmessig og tilgjengeleg. NRK rapporterer at omlegginga har ført til ein auka oppslutnad i strøymetenesta NRK Radio.

Omlegginga inneber at det ikkje lenger blir sendt eigne nyheitsbulletinar på nordsamisk, men at nyheiter og aktualitetar blir presenterte fortløpande i direktesendingane. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet forklart at nyheitsoppdateringar blir sende kvar time i morgonsendinga *Buorre Idit Sápmi*, men at dei blir formidla av programleiarane direkte frå studio. NRK opplyser at slike nyheitsoppdateringar blir formidla i andre direktesendingar til faste tider. Omlegginga blir også reflektert i programstatistikken for NRK Sámi radio ved at talet på timar med aktualitetar er nær halvert frå 2022 til 2023, frå 2121 timar og 24,2 prosent av innhaldet til 1345 timar og 13,4 prosent. Nyheiter er reduserte frå 82 til 57 timar i same periode. Samtidig aukar innhaldet innan kultur og underhaldning frå 1305 timar og 14,5 prosent i 2022 til 2345 timar og 26,8 prosent i 2023. Ut frå forklaringa til NRK legg Medietilsynet til grunn at reduksjonen kom av at nyheits- og aktualitetsstoffet ikkje blir registrert på same måte som før. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet uttalt at nyheitsformidlinga er forsterka samanlikna med tidlegare, og at det i tillegg er større merksemd om aktualitetar i dei nye programflatene. NRK opplyser at ettermiddagssendinga på NRK Sámi radio også informerer om kva nyheitssaker som kjem i tv-sendinga *Ođđasat* på NRK1.



Jonna Dunfjeld-Mølnvik og Nelli Engström står bak den sørsamiske podkasten *Hævvvi*.
Foto: Vegard Blakstad, NRK.

Vidare inneber omlegginga at det ikkje lenger blir sendt lule- og sørsamisk magasin måndag til og med torsdag (annankvar dag lule- og sørsamisk). NRK har på førespurnad frå Medietilsynet bekrefta at programleiarane for dei direktesende programma på NRK Sámi

radio snakkar nordsamisk, men har gjestar som snakkar sørsamisk, lulesamisk, enaresamisk og skoltesamisk. Vidare forklarar NRK at innsikta om dei ulike målgruppene er at mobil/nett er den viktigaste plattformen for nyheitsformidling, og at NRK derfor har styrkt nyheitstilbodet på nettet med fleire saker på sør- og lulesamisk.

NRK lanserte dei to nye podkastane *Hævvi* (sørsamisk) og *Dálla ja dalloj* (lulesamisk) i 2023 og opplyser at innanfor podkastsesongen blir innhaldet programsett på radio. NRK gjer greie for at innhaldet i dei to podkastane er utvikla på grunnlag av kva unge sør- og lulesamar har uttrykt at dei har behov for og ønsker seg. Tilnærminga er i tråd med utgreiinga NRK tidlegare har gitt, om at intervju og kartlegging av behov blant brukarane av det samiske innhaldet ligg til grunn for utvikling av tilboda. *Hævvi* blir også publisert som videopodkast i NRK TV og NRK Radio i tillegg til å bli publisert lineært på NRK1. Målet til NRK er å opne for at fleire enn dei som beherskar sørsamisk, kan få med seg innhaldet.

Den faste radioandakten *Rohkos*, som er ei automatavvikla sending kvar søndag, blir fornya i løpet av 2024 mot ei meir moderne og folkeleg oppleving av innhaldet om kristen livstru. NRK Sámi radio tilbyr i tillegg desse automatiserte musikkprogramma: *Luohteboddu* (samiske joikar), *Ođđaseamos sámi musihkka* (den nyaste samiske musikken), *Álgoálbmotmusihkka* (urfolkemusikk) og *Idjarávogga musihkka* (musikk for natteramnar).

NRK opplyser at den visuelle podkasten *Gozuid Alde* (nordsamisk) som blei send våren og hausten 2022, ikkje blei vidareført i 2023. Årsaka var produksjonsteknisk, og NRK har arbeidet med ei utvikling av programkonseptet for publisering i 2024. *Gozuid Alde* var samtalebaseret og tok opp aktuelle og til dels tabubelagde tema knytte til ung samisk røyndom.

NRK rapporterer om auka oppslutnad om NRK Sámi radio i 2023 samanlikna med dei føregåande åra. I 2023 har NRK målt 30 prosent auke for DAB og NRK Radio, og for nokon av dei einskilde programma er veksten enda større. NRK opplyser at måling av radiotal på DAB er usikre ettersom moglegheitene for nøyaktige målingar i den samiske befolkninga er avgrensa.

NRK gjer greie for at samisk røyndom og saker er synlege i det nasjonale tilbodet til NRK. Radioprogramma *Helgemorgen* og *Ekko* har dekt fleire slike saker, for eksempel Karasjok-saka (striden om eigeomsrettane til utmarka i Karasjok), Saminor 3 (undersøking av helse- og levkår i samisk, kvensk og norsk befolkning i utvalde område i Nord- og Midt-Noreg)²⁵ og ulike tematikkar knytte til dei samiske språka. Andre eksempel på relevante saker i 2023 er

²⁵ Blir gjennomført av Senter for samisk helseforskning ved Universitetet i Tromsø, Noregs arktiske universitet. Sjå nærmare om undersøkinga på

https://uit.no/research/saminor_no/project?pid=745505&p_document_id=745315

dekninga av Sannings- og forsoningskommisjonens rapport,²⁶ Fosen-saka og dekninga av nyheiter og aktualitetar i tilknytning til kommune- og fylkestingsvalet. For å gjere valet meir relevant for den samiske befolkninga var valomaten og lokalvalguiden for første gong tilgjengeleg på nordsamisk i 2023. NRK fortel at desse tenestene i tillegg hadde informasjon om viktige samepolitiske saker i utvalde kommunar, fylkeskommunar og i dei største byane.

Nasjonaldagen til samane 6. februar blei markert på alle flatene og plattformene til NRK og med ei tv-sending frå Karasjok. I 2023 markerte NRK også at det var 30 år sidan den samiske nasjonaldagen blei feira for første gong i Noreg.

NRK Sápmi og NRKs region Nord har ei felles gruppe for undersøkende journalistikk. I 2023 har gravejournalistane blant anna avslørt over 300 brot på lova blant tilsette hos statsforvaltaren knytte til teljinga av rein, og organiserte forsøk på innmelding i valmanntalet til Sametinget utan å oppfylle kriteria.

NRK gjer greie for at *Sámi Grand Prix* er blitt ei viktig scene for samiske musikarar, komponistar og joikarar frå Noreg, Sverige og Finland, og at det er eit mål for produksjonen å skape auka rom og forståing for samisk musikk. I 2023 blei *Sámi Grand Prix* send direkte i NRK1 og NRK3 i tillegg til i SVT i Sverige. NRK har i 2023 arbeidd for ein felles musikkstrategi for samisk og norsk musikk. Sjå meir om dette i punkt 2.9.3. NRK viser til at samisk musikk over fleire år også har blitt fremma i *Stjernekamp*, ein musikkkonkurranse der artistane blant anna får prøve seg i joik.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 gjennom tilbodet på radio, tv, nett og mobil oppfylte krava til å styrke dei samiske språka, samisk identitet og kultur. NRK har i 2023 sendt innhald på både nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. NRK oppfylte også kravet om å ha daglege sendingar for den samiske befolkninga.

I allmennkringkastarrapporten for 2022 peikte Medietilsynet på at NRK Sápmis satsing og samarbeidet på tvers av ulike redaksjonar i NRK er viktig, ikkje minst på musikkområdet, der NRK frå 2023 har eit presisert ansvar for å fremme musikk av samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar. Medietilsynet vurderer at NRK oppfylte dette nye kravet i 2023. Sjå nærmare om vurderinga i punkt 2.9.3. Medietilsynet ser også positivt på korleis NRK utviklar tilbodet basert på innsiktsarbeid i dei ulike målgruppene. Vidare vil Medietilsynet framheve tiltaka NRK gjer med omsyn til å rekruttere, motivere og utvikle samiskspråklege journalistar som har ein meirverdi med omsyn til samisk representasjon og språkutvikling utover at det styrker NRKs evne til å oppfylle oppdraget sitt som allmennkringkastar.

²⁶ Kommisjonen ga sin rapport til Stortinget 1. juni 2023. Sjå nærmare på <https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Organene/sannhets--og-forsoningskommisjonen/>


2.7.1 Programstatistikk NRK Sápmi

Tabell 9 – tv-tilbodet til NRK Sápmi i 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

Kategori	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Barn og ungdom	114	47,9 %	116	50,2 %
Nyheiter	102	42,9 %	103	44,6 %
Underhaldning	3	1,3 %	8	3,5 %
Musikk	0	0,0 %	2	0,9 %
Kultur	5	2,1 %	2	0,9 %
Fakta	14	5,9 %	0	0,0 %
Sum	238	100 %	241	100 %

Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 10 – tv-tilbodet til NRK Sápmi i 2023 (tal i prosent)




Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Tabell 10 – radiotilbudet til NRK Sápmi i 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Musikk	5 147	58,7 %	4 914	56,1 %
Kultur, underhaldning	1 301	14,8 %	2 345	26,8 %
Aktualitetar	2 121	24,2 %	1 345	15,4 %
Religion	56	0,6 %	59	0,7 %
Nyheiter på samisk	82	0,9 %	57	0,7 %
Anna	54	0,6 %	39	0,4 %
Sum	8 760	100 %	8 760	100 %

Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 11 – radiotilbudet til NRK Sápmi i 2023 (tal i prosent)



Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

2.8 Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfaldet

Vedtektene:

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha forankring i og speile det kulturelle mangfoldet i Norge. (...) NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter samt innhold for tegnspråklige. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra med kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

§ 18 NRKs tilbud skal gjenspeile Norges religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske samfunnet.

§ 19 NRKs tilbud skal i hovedsak ha innhold på norsk. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk. NRK skal også tilby innhold på samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og tegnspråk.

§ 32 NRK skal formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfoldet i det norske samfunnet. NRK skal skape arenaer for debatt og informasjon om Norge som et flerkulturelt samfunn.

§ 35 (...) I tillegg skal NRK fremme musikk av (...) samt talenter fra nasjonale minoriteter i Norge.

2.8.1 Norsk språk, identitet og kultur

Vurderinga av korleis NRK oppfyller kravet om å styrke norsk språk, identitet og kultur, bygger på ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller fleire av dei spesifikke krava i innhaldstilbodet. Ved behandlinga av dei fireårige styringssignala for 2023–2026 slutta Stortinget seg til ei justering av ordlyden i § 16 frå at ein stor andel av tilbodet skal ha «norsk forankring og speile det kulturelle mangfoldet i folket», til «forankring i og speile det kulturelle mangfoldet i Norge». Eit krav om at NRK skal ha innhald for teiknspråklege blei også lagt til krava i § 16. Medietilsynet legg til grunn at endringa ikkje inneber ei materiell endring i allmennkringkastaroppdraget, men er meint å tydeleggjere funksjonen NRK har som allmennkringkastar når det gjeld å vere ein norskspråkleg fellesarena som reflekterer at Noreg rommar eit mangfald av identitetar og kulturar – også språkleg. Ved revideringa av NRK-plakaten blei samtidig språkansvaret til NRK i § 19 utvida og tydeleggjort ved å presisere krav om å tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk og teiknspråk, i tillegg til innhald på norsk og dei samiske språka.

Ansvarer NRK har til å styrke samisk identitet, kultur og språk, har i mange år vore jamstilt i allmennkringkastingsoppdraget. NRK Sápmi publiserer innhald på nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk og bidrar samla sett til eit breitt samisk innhaldstilbod. Sjå meir om vurderinga av korleis NRK innfrir dei samiskspråklege krava i punkt 2.7.

Norsk teiknspråk er gjennom språklova som tredde i kraft 2022, eit offisielt språk i Noreg, og det er språkleg og kulturelt jamstilt med norsk.²⁷ NRK har lenge hatt krav om å ta omsyn til personar med funksjonsnedsettingar i utforminga av tilbodet sitt, og dette kravet går fram av NRK-plakaten og § 15 i vedtektene til NRK. Meir konkrete og spesifikke krav til universell utforming av bildeprogram, som teksting, og krav om teiknspråk og teiknspråktolking, er lovfesta i kringkastingsregelverket.²⁸ NRK har meir omfattande krav enn dei kommersielle tv-kanalane og skal blant anna tilby daglege tv-program både på norsk teiknspråk og program med teiknspråktolking. Etter den nemnde vedtektsendringa om at NRK skal tilby teiknspråk, er denne sida av kravet om å ta omsyn til funksjonsnedsettingar i utforminga av innhaldstilbodet presisert i vedtektene, men inneber inga materiell endring i pliktene til NRK. Presiseringa tydeleggjer likevel at teiknspråk er noko meir enn eit verktøy for å gjere innhald tilgjengeleg, og er eit eige sjølvstendig og jamstilt språk i Noreg, som NRK skal bidra til å gjere synleg og styrke gjennom allmennkringkastingsoppdraget.



I serien *Ål inn* følger vi nokre av elvane og lærarane ved Ål folkehøgskole gjennom eit år. Foto: Stian A. Giltvedt, Fabelaktiv / NRK.

²⁷ Sjå nærmare i lov om språk på <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>

²⁸ Sjå nærmare i § 2-19 om tilrettelegging for personar med funksjonsnedsettingar i Lov om kringkasting og audiovisuelle bestillingstenester på https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-12-04-127/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2 og § 2-5 om tilrettelegging for personar med funksjonsnedsettingar i NRKs program i forskrift om kringkasting og audiovisuelle bestillingstenester på <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-02-28-153>

NRK gjer greie for dialogmøte med Norges Døveforbund i 2023, om korleis forbundet jobbar med utvikling, styrking og synleggjering av norsk teiknspråk, og kva forventingar forbundet har til innhald på norsk teiknspråk i NRK. Tv-kanalen NRK Tegnspråk har i 2023 sendt nyheitssendinga *Tegnspråknytt* alle kvardagar og eit variert programtilbod i helgene. Nokre eksempel på slike program i 2023 er *Ikke bare meg*, *Undringstårnet*, *Undringsskogen*, *Mitt Norge*, *Gode venner*, *Mia Aimée og Matheo*, *En julefortelling*, *Mads og sauemysteriet* og *Snakkis*. NRK publiserte også den nyproduserte dokumentarserien *Ål inn*, som gjennom ti episodar følger elevar og lærarar ved Ål folkehøgskule gjennom et heilt år. NRK fortel at dei fleste ved skulen er døve, men at somme elevar også er høyrande, og at all undervisning ved denne folkehøgskulen skjer på teiknspråk. NRK gjer greie for at produksjonen er basert på ønske frå Norges Døveforbund og Norges Døveforbunds ungdom, og at serien både speglar samhaldet blant elevane og skildrar utanforskapet i samfunnet som mange døve kjenner på.

NRK fortel også om produksjonen *Beist*, der ei av rollene blir spelt av ein døv skodespelar, og korleis produksjonen jobba bevisst med å løfte teiknspråk / visuell kommunikasjon mellom dei unge gutane på ein sjølvsgd og naturleg måte. Serien handla ifølge NRK om eit fotballag og draumen om å bli best. NRK peiker på at grepa som blei gjorde i casting og samspel, er viktige for å synleggjere døve og norsk teiknspråk for majoritetsbefolkninga, noko som bidrar til ein større aksept for mangfald generelt. Samtidig bidrar det til at teiknspråklege kjenner ein sterkare tilhørsrel til det norske samfunnet. Sjå meir om korleis NRK tar vare på krava knytte til universell utforming i punkt 2.10.1.

Ansvar NRK har for å tilby program for nasjonale og språklege minoritetar, og dei nye krava om at NRK skal tilby program på nasjonale minoritetsspråk og fremje musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg, blir vurderte i punkt 2.8.3.

I allmennkringkastarrekneskapen for 2023 gjer NRK greie for at språkarbeidet er organisert for å verke på tvers av organisasjonen og at NRK har tatt fleire overordna grep for å sikre eit større språkmangfald. I 2022 reviderte NRK styringsinstruksjonen til NRKs språkstyre, slik at NRK Sápmi er inkludert. NRK har eit eige språknettverk, og i 2023 blei også retningslinjene for kontaktane i språknettverket reviderte for å inkludere både representantar for NRK Kvensk og NRK Tegnspråknytt. Retningslinjene for den interne språkprisen til kringkastings sjefen blei reviderte i 2022 for å omfatte alle språka NRK frå 2023 har eit spesielt ansvar for: norsk, samisk, teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka. NRK meiner ansvaret for å styrke og utvikle språket ikkje berre handlar om å bruke språket riktig og godt, men også å sørge for gode norske språkmodellar i utviklinga av KI.

NRK rapporterer at det i 2023 er laga retningslinjer og gjennomført språkmangfald i «etasjetitlane» i NRK Radio og NRK TV, slik at publikum møter fleire språk i strøymetenestene. Vidare blei det gjennomført kurs i nynorsk og i riktig bruk av komma, og teiknspråktolkane blei kursa i politisk språk. Toppleiargruppa i NRK hadde kurs både i nynorsk og samisk.

NRK gjer greie for at språkmangfald var ein viktig faktor i planlegginga av valprosjektet 2023. Tekstane til 449 norske kommunar var på både nynorsk og bokmål i *Valomaten* og *Lokalvalgguiden*, og elleve av tekstene var i tillegg på samisk. Den interne informasjonen om

valprosjektet i NRK var tilgjengeleg på bokmål, nynorsk og dei tre samiske språka. I tillegg jobba NRK med klarspråk i valprosjektet, noko som fekk ros frå Språkrådet.²⁹ Prosjektgruppa som jobba med valprosjektet, fekk også kringkastingssjefens språkpris for arbeidet med klarspråk, nynorsk og samisk. NRK opplyser at klarspråktiltaka blir brukte i det redaksjonelle arbeidet framover.

Medietilsynet legg vekt på at NRK har ein omfattande eigenproduksjon på radio, tv, nett og mobil, som samla omfattar ein stor variasjon av tema og sjangrar. Den breie lokale forankringa i distriktdekninga og tilbodet til ulike minoritetsgrupper bidrar til å spegle ulike sider av norsk røyndom og eit mangfald av identitetar i det norske samfunnet. Tematikken i dramaseriane til NRK bidrar også til å spegle mangfaldet i det norske samfunnet. Sjå meir i punkt 2.9.3.

NRK har eit tilbod til ulike aldersgrupper, blant anna eigne nyheiter for barn og unge. NRK har eit breitt og variert kulturtilbod og oppfyller dei ulike krava knytte til norsk musikk, norsk drama og ein variasjon av norske kulturuttrykk. Sjå nærmare i punkt 2.9.1 og 2.9.4 nedanfor.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte det overordna kravet om å styrke norsk språk, identitet og kultur. Vurderinga er vidare at ein stor del av programtilbodet til NRK er forankra i og speglar det kulturelle mangfaldet i befolkninga. Sjå elles vurderinga i punkt 2.8.3.

NRK har ein stor norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, tv og nett. Medietilsynets vurdering er at NRK i 2023 oppfylte kravet om at tilbodet i hovudsak skal ha norskspråkleg innhald.

Medietilsynet vurderer at NRK oppfylte det presiserte språkoppdraget knytt til innhald for teiknspråklege og på teiknspråk i 2023.

2.8.2 Bruk av nynorsk

NRK har aldri oppfylt kravet om minst 25 prosent nynorsk på alle plattformer. For å forstå utviklinga er prosentandelane for dei siste seks åra frå 2018 til 2023 illustrerande. Sjå figur 12. Gjennom denne tidsperioden har prosentkravet for tv-plattforma vore oppfylt, og særleg NRK2, NRK3 og NRK Super har høge nynorskprosentar. Fram til og med 2018 låg andelen nynorsk på nett stabilt lågt med rundt 16 prosent, men i den siste femårsperioden frå 2019 til 2023 har nynorskprosenten vore høgare, og trenden er positiv. NRK er likevel framleis eit stykke unna å oppfylle nynorskkravet på nett i 2023. På radio har NRK med unntak av i 2019 heller ikkje oppfylt kravet om 25 prosent nynorsk i løpet av dei siste seks

²⁹ Sjå nærmare om vurderinga frå Språkrådet på <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2023/klarsprak-ble-arets-valgvinner/>

åra. Frå 2020 til 2023 er det ein fireårig periode der nynorskprosenten var på mellom 22,5 og 23 prosent, og tala viser ingen positiv trend. Det er nynorskandelane i NRK P2 og NRK P3 som trekker ned, mens NRK P1 leverer stabilt godt over minimumskravet på 25 prosent.

Medietilsynet har i fleire år etterlyst systematiske tiltak og evaluering av effektane desse tiltaka har for nynorskandelen. NRK har sett i gang ulike tiltak for å auke nynorskandelen, og i 2023 har omfanget av nynorsk vore ei rapporteringssak i redaktørmøte med NRKs kringkastingssjef kvar måned. NRK opplyser at ein prognose for kvart halve og heile år, som NRK Analyse utarbeider, har vore ein del av rapporteringa til kringkastingssjefen. Målet har vore å få ei betre forståing av korleis dei ulike tiltaka verkar og spelar inn på bruken av nynorsk i NRK. NRK er opptatt av at det viktigaste er å spreie entusiasme rundt språkarbeid generelt og nynorsk spesielt, også i NRK-miljøa som ikkje ligg i typiske nynorsk område.

I 2023 har NRK jobba vidare med å auke kompetansen på språkteknologi og vidareutvikle rutineane for å kvalitetssikre språket. For å auke andelen nynorsk i nettproduksjonen er språkteknologi ein sentral del av planen, og det er oppretta ei eiga prosjektgruppe for å auke bruken av nynorsk på Nrk.no, ifølge NRKs tidlegare orienteringar til Medietilsynet.³⁰ NRK rapporterer at prosjektgruppa fortsette arbeidet sitt i 2023 med månedlege møte mellom dei innhaldsproduserande divisjonane, analysesjefen, nettsjefen og språksjefen i NRK for å drøfte konkrete nynorsktiltak på nett, evaluere, følge opp og dele innsikt med kvarandre. NRK opplever at metoden fungerer.

NRK har tidlegare gjort greie for ein fast avtale om å bruke nynorskroboten til NTB, at det er etablert ein eigen støtteressurs hos NRK Vestland og at det er innført egne delmål for nynorsk i dei redaksjonelle områda på nett. Hausten 2023 gjennomførte 50 vaksjefar i Distriktsdivisjonen, Nyheitsdivisjonen og Innhaldsdivisjonen eit kurs knytt til nynorskarbeidet. Kurset tok ifølge NRK for seg nynorskstatistikk for kvar enkelt avdeling, styrkar og svakheiter ved nynorskroboten, korleis bruke roboten, finne hjelp og korleis sikre at språket blir rett og godt. NRK opplyser at kurset som Distriktsdivisjonen hadde utarbeidd, var vellukka, og at opplegget seinare blei brukt som ein mal for eit eige kurs for Nyheitsdivisjonen og Innhaldsdivisjonen.

Eit anna overordna tiltak for NRK er rekruttering av nynorskbrukarar. NRK Nynorsk mediesenter i Førde, som er samlokalisert med redaksjonen i Vestland, er eit tiltak for å rekruttere og lære opp journalistar med nynorsk språkkompetanse. Senteret tar årleg inn ti praktikantar som får opplæring og praksis i nyheitsjournalistikk på nett, sosiale medium, radio og tv. NRK forklarar at praktikantane får lage og publisere mykje av stoffet i NRK Vestland før dei har praksis i andre redaksjonar i NRK seinare i opplæringa. NRK Ung, NRK Utenriks, NRK Oslo og Viken i Fredrikstad, NRK Innlandet, NRK Innenriks, NRK Vestland, NRK Urørt,

³⁰ NRK orienterte Medietilsynet om status og planar for å auke bruken av nynorsk i eit møte i november 2022 og beskrev tiltaka ytterlegare i den påfølgande allmennkringkastarrekneskapen våren 2023.

NRK Vestfold og Telemark i Porsgrunn, redaksjonane på Tyholt og NRK P3 på nett fekk nynorskpraktikantar frå senteret i 2023. Totalt 195 nynorskpraktikantar er opplærte via Nynorsk mediesenter sidan oppstarten i 2004. NRK opplyser at blant dei som har vore praktikantar, jobbar 74 prosent framleis i media, og 50 prosent av desse jobbar i NRK. NRK opplyser vidare at fem praktikantar frå kullet i 2023 fekk forlengd kontraktane sine med redaksjonane dei hadde praksis i. Tiltaket har bidratt til å auke nynorskprosenten på Nrk.no gjennom arbeid med haldningar, korrektur og etterarbeid med saker som er omsette av nynorskroboten.

Nynorsk mediesenter arrangerte i samarbeid med språksjefen og Nyheitsdivisjonen kurs i nynorsk for rundt 60 medarbeidarar på Marienlyst og Tyholt i 2023. Senteret står også for ei nynorsk fadderordning, der medarbeidarar i NRK får ein fadder som les gjennom, gir tilbakemeldingar og kvalitetssikrar tekstar på nynorsk. Målet er ifølge NRK å vekke «sovande» nynorskbrukarar og støtte gjenopptakinga av nynorsk som arbeidsspråk. Nynorsk mediesenter bidrog i 2023 også med omsettinga av bokmål til nynorsk i valomaten til NRK. NRK viser til at nynorsk mediesenter bidrar til det langsiktige og strategiske arbeidet med å styrke og utvikle nynorsken internt i NRK. Hausten 2023 opna Nynorskhuset i Førde og husar nå NRK Nynorsk mediesenter og NRK Vestland saman med avisa Firda, Nynorsk avissenter og Teater Vestland. NRK fortel at det er eit mål at denne klynga av medie- og kulturverksemder skal vere eit kraftsenter for nynorsk. Ved opninga av nynorskhuset var NRK Nynorsk mediesenter med på å arrangere den nasjonale språkkonkurransen «Nynorsk i rampelyset». NRK opplyser også at mediesenteret er sekretariat for Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar.

NRK forklarar at dei fleste tiltaka i 2023 blei sette inn for å auke bruken av nynorsk på nett, som er den plattformen som historisk har hatt lågast nynorskprosent. NRK viser til at dette arbeidet har verka og at nynorskprosenten har auka år for år, også i 2023, og fortel at NRK også framover ser det som spesielt viktig å løfte nynorskbruken på nett. NRK gjer greie for at radiomiljøet har nytta seg av delar av metoden som prosjektgruppa for nynorsk på nett har utarbeidd. I 2023 jobba NRK for å få meir normert nynorsk på lufta, ekstra nynorskressursar i form av medarbeidarar blei sette inn i eit prosjekt, nye jinglar på nynorsk blei laga, og nynorsk blei prioritert i annonsering. For tv viser NRK til at det er detaljert planlegging for å nå målet om 25 prosent nynorsk på alle tv-kanalar, og at bruk av dialektmangfald i norsk innhald og dubbing/teksting av nordisk og internasjonalt innhald på nynorsk bidrar til dette.

NRK fortel også om eit eksempel på at tiltaket om å prioritere nynorsk i planlagde saker, som prosjektgruppa for nynorsk på nett innførte i 2022, har hatt god effekt i 2023. I dekninga av utdelinga av Nobelprisen til Jon Fosse blei alle teaterstykkane hans lesne opp i ei samanhengande framsyning og sende direkte på NRK. Opplesinga *Jon Fosse ord for ord* varte i førti timar, og NRK samarbeidde med Det Norske Teatret i Oslo, Teater Vestland i Førde, Den Nationale scene og Det Vestnorske Teateret i Bergen. NRK forklarar at prioriteringstiltaket førte til mykje nynorsk på tv gjennom helga da Fosse tok imot prisen i Stockholm, og at mange av sakene frå utdelinga på nett blei skrivne på nynorsk. NRK opplyser at under «Fosse-månaden» var 25 prosent av innhaldet på Nrk.no på nynorsk for første gong.

For 2023 rapporterer NRK ein total, gjennomsnittleg nynorskandel på tvers av alle kanalar på 25,2 prosent. Sjå tabell 11. Dette er om lag same nivå som dei føregåande fem åra, sjølv om prosentandelen var rundt 1 prosentpoeng lågare i 2018 og 2020. Trass i at NRK rapporterer om systematiske tiltak i organisasjonen, har ikkje dette hatt effekt på den totale leveransen av nynorsk i NRKs tilbod.³¹

Det er likevel nokre tilfelle av større variasjonar i nynorskandelen på kanalnivå enn det er i totaltala frå år til år. NRK har tidlegare forklart at hovudårsaka til variasjonen for radiokanalane er at nynorskprofilar sluttar. I rekneskapen for 2023 forklarar NRK at årsaka til at nynorskprosentane varierer mellom kanalane frå år til år, er at NRK ikkje programset etter språk på dei ulike tv-kanalane, men etter innhald. NRKs utgreiing om tiltak for å styrke nynorsk i redaksjonane, både gjennom rekruttering og opplæring, gir grunn til å forvente at bruken av nynorsk vil auke.

Tabell 11 viser at andelen nynorsk på NRK P3, etter den markante nedgangen på heile 8 prosentpoeng frå 2019 til 2020, er svakt fallande frå rundt 21 prosent i 2020 til 19,3 prosent i 2023. NRK P2 er med 19,4 prosent nynorsk i 2023 tilbake på same nivå som åra før etter eit lite oppsving til 20,2 prosent nynorsk i 2022. NRK P1 hadde 29,5 prosent nynorsk i 2023 og er radiokanalane med den stabilt høgaste andelen nynorsk. På tv har NRK2 den stabilt høgaste andelen nynorsk i 2023 med 31,7 prosent, slik kanalen også har hatt dei føregåande åra. Nynorskprosenten på NRK3 var i 2023 på 27,2 prosent og fortset å gå tilbake frå 2021, da andelen var 31,2 prosent. Med dette er nynorskbruken i kanalen nærmare nivået i 2019 og 2020, da andelane låg på rundt 26,5 prosent. NRK1 hadde 25,2 prosent nynorsk i 2023, ein liten auke frå den føregåande fireårsperioden, da andelane var på mellom 22 og 24 prosent, men framleis lågare enn i toppåret i 2018, da nynorskandelen var 29 prosent. Nynorskprosenten i Nrk.no har auka jamt sidan 2020, da han var på 17 prosent. I 2023 var han på 22,4 prosent.

Tala viser at med unntak for NRK P1, som har ein av dei høgaste nynorskandelane i kanaluniverset til NRK, ligg radiokanalane eit stykke unna kravet om å bruke minst 25 prosent nynorsk.

³¹ Dersom berekninga tar utgangspunkt i den totale, gjennomsnittlege nynorskandelen på tvers av dei tre plattformene radio, tv og nett, har han auka frå 21,8 prosent i 2018 til 25,2 prosent i 2023. Men ser vi på dei mellomliggende tala, er det likevel ei utflating etter 2021, da denne totalandelen var på 25,4 prosent, og til 25,1 og 25,2 prosent i 2022 og 2023. Med denne berekninga gir den positive trenden for Nrk.no større utteljing enn når prosentandelane på tvers av alle kanalane blir tatt med.

Tabell 11 – andel nynorsk på alle kanalar og totalt frå 2019 til 2023 (tal i prosent)

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
NRK1	29,0	23,9	22,0	24,2	23,5	25,2
NRK2	25,5	26,5	30,6	32,2	31,7	32,1
NRK3	21,8	26,4	26,5	31,2	28,4	27,2
NRK Super	25,7	25,7	29,9	28,6	26,9	26,5
NRK P1	29,7	30,4	28,7	28,1	29,7	29,5
NRK P2	17,7	18,5	17,5	19,1	20,2	19,4
NRK P3	23,8	28,8	21,1	20,9	19,6	19,3
Nrk.no	16,3	18,1	17,0	18,8	20,9	22,4
NRK totalt	24,0	25,2	24,2	25,4	25,1	25,2


Kjelde: NRK (Dialekt blir fordelt 50/50 mellom nynorsk og bokmål i statistikken.)

For å oppfylle nynorskkravet må NRK ha minst 25 prosent nynorsk på kvar enkelt medieplattform, altså på både på tv, radio og nett. Dermed er det gjennomsnittet av nynorskandelen i dei ulike kanalane per plattform som er grunnlaget for å ta stilling til om NRK oppfyller kravet til at minst 25 prosent av innhaldet som blir publisert, skal vere på nynorsk.

Figur 12 viser at kravet om minst 25 prosent nynorsk på tv er oppfylt, men at NRK heller ikkje i 2023 oppfylte kravet til nynorskandel på radio og nett. I 2023 var andelen nynorsk på tv i gjennomsnitt 27,7 prosent, om lag på same nivå som i 2022 med 27,6 prosent, og i 2020 med 27,3 prosent. På radio var gjennomsnittet 22,7 prosent, ein svak nedgang frå 23,2 prosent i 2023, og sett over tid på same nivå som i 2021 og 2020, da andelane var 22,7 og 22,4 prosent. I 2019 oppfylte NRK kravet om nynorsk på radio med ein andel på 25,9 prosent nynorsk.

På nett har NRK aldri oppfylt nynorskkravet, men utviklinga dei siste seks åra er positiv. Mellom 2018 og 2021 har nynorskandelen på nett lege på mellom 16,3 og 18,8 prosent, og i 2022 var andelen for første gong over 20 prosent. I 2023 var 22,4 prosent av innhaldet på nett på nynorsk. Som nemnt over er det også på nett at NRK har sett inn dei fleste tiltaka for å løfte bruken av nynorsk i 2023. Nett er plattformen som historisk har hatt lågast nynorskprosent, og NRK vil også framover særleg jobbe med å løfte nynorskbruken på nett.

Figur 12 – andel nynorsk på plattformene NRK tv, NRK radio og Nrk.no frå 2019 til 2023 (tal i prosent)



Kjelde: NRK

Konklusjon: Medietilsynet konstaterer at NRK oppfylte kravet til minst 25 prosent nynorsk på tv i 2023, men framleis oppfyller ikkje NRK kravet til nynorskandel på radio og nett. Mens nynorskprosenten på nett har vore jamt stigande sidan 2021, og i 2023 var 22,4 prosent, har nynorskprosenten på radio nærmast stått stille på pluss/minus 22,7 prosent mellom 2020 og 2023. Dette gjer at nynorskandelane for nett og radio i 2023 er nær jamstilte, men trendane er likevel ulike.

Medietilsynet har i fleire tilsynsrapportar understreka kor viktig det er at NRK gjennomfører systematiske tiltak for å sikre at kravet til minst 25 prosent nynorsk blir oppfylt for alle medieplattformer. Allmennkringkastingstilsynet har over fleire år vist at NRK har sett i gang ulike tiltak for å auke nynorskandelen. I lys av at effektane av tiltaka har latt vente på seg, har Medietilsynet også etterlyst evaluering av effektane desse tiltaka har for nynorskandelen. I Allmennkringkastingsrapporten for 2021 bad Medietilsynet derfor NRK om ein konkret handlingsplan for å sikre tiltak som resulterer i at kravet kan bli nådd også for radio og nett, ei oppfordring som blei følgd opp av NRKs generalforsamling.

NRK gjer greie for systematisk arbeid for å oppfylle nynorskkravet på alle plattformer, men opplyser også at dei aller fleste tiltaka er sette inn for å auke bruken av nynorsk på nett. Medietilsynet ser positivt på at den plattformen som historisk sett har hatt lågast bruk av nynorsk, nå jamt aukar nynorskprosenten år for år. Utviklinga i nynorskandelen på nett indikerer at tiltaka har ein positiv effekt, og dersom utviklinga held fram, synest ei innfriing av kravet å vere innanfor rekkevidde i nær framtid. På radio vurderer Medietilsynet framleis at resultatane frå tiltaka NRK har gjort, ikkje er gode nok. Medietilsynet må igjen vise til at den svakt negative tendensen for nynorskandelen for NRK P3, som er ein av kanalane der NRK i

2021 og 2022 sette i verk konkrete tiltak (som rekruttering), også held fram i 2023. Nynorskbruken i NRK P2 gjekk også tilbake frå 2022 til 2023.

Medietilsynet meiner derfor at NRK framleis må styrke arbeidet med å utvikle struktur og system som fremmar konkrete resultat og motverkar at språkarbeidet blir for sårbart. Vidare er det derfor også framleis nødvendig at NRK rapporterer grundig om tiltak og evaluering av effektar desse tiltaka har på nynorskandelane, noko som for 2024 særleg blir viktig for utviklinga i nynorskbruken i radiokanalane.

2.8.3 Nasjonale og språklege minoritetar

NRK har ei rolle som fellesarena som reflekterer at Noreg rommar eit mangfald av identitetar og kulturar. Pliktene NRK har overfor nasjonale og språklege minoritetar, omfattar både eit krav om at NRK skal tilby eigne program for desse gruppene, skal formidle kunnskap om ulike minoritetsgrupper og spegle mangfaldet i det norske samfunnet. Språkoppdraget til NRK er frå 2023 styrkt med eit krav om å tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk, jf. § 19 i vedtektene til NRK. Musikkoppdraget til NRK er samtidig styrkt med eit krav om å fremme musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg, jf. § 35 i vedtektene til NRK.

Dei nasjonale minoritetane omfattar grupper som har langvarig tilknytning til eit land. I Noreg er dette jødar, kvener/norskfinnar, skogfinnar, rom og romanifolk/taterar. Dei nasjonale minoritetsgruppene er relativt små, og det finst inga oversikt over kor mange som sjølve definerer seg som ein nasjonal minoritet, ettersom Noreg ikkje har offentleg registrering av etnisk tilhørsele. Krava om at NRK skal ha program for nasjonale minoritetar og tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk, er eitt av dei statlege tiltaka for å fremme det minoritetspolitiske målet om at nasjonale minoritetar deltar aktivt og kan uttrykke og vidareutvikle språket sitt og kulturen sin.

Medietilsynet meiner krava om eigne program og om innhald på minoritetsspråk er formålstenleg, og det sistnemnde særleg for å verne minoritetsspråka. Dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg er kvensk, romani og romanes, noko som blir stadfesta i § 6 i den norske språkløva. Medietilsynet legg vidare til grunn at NRK kan bidra til å fremme kunnskap om dei fem nasjonale minoritetane i Noreg og bidra til representasjon og deltaking gjennom programma sine, slik at den kulturelle identiteten og språka til desse gruppene blir synleggjorde. Medietilsynet held fast ved at dersom eigne program skal fungere som eit verkemiddel for å representere og synleggjere minoritetar, må omfanget vere på eit visst nivå. Europarådet har blant anna gitt fleire anbefalingar som gjeld auka innsats og direkte tiltak for kvener og kvensk språk. Auka nærvær i media er trekt fram som eit slikt direkte tiltak for å sikre at personar som høyrer til den kvenske minoriteten, kan oppretthalde og utvikle den kulturelle identiteten sin og bruke det kvenske språket aktivt i det offentlege rommet.

I allmennkringkastarrekneskapen viser NRK til at mens kvensk, samisk og teiknspråk er offisielt vedtatte språk, er ikkje dette tilfellet for romani og romanes. NRK forklarar at romani og romanes framfor alt har vore talespråk og at det er få skrivne kjelder i Noreg. Manglande normering og fastsette standardar gjer det derfor vanskeleg for NRK å lage innhald på desse to minoritetsspråka. For å orientere seg om språksituasjonen for romanifolket har NRK i 2023 hatt møte og dialog med Språkrådet og kultur- og ressurscenteret Romano Kher. NRK har

bedt Språkrådet om ei større kartlegging av kva variasjonar og dialekter som finst for dei to språka i Noreg. Dialogen med miljøa har ifølge NRK blant anna ført til kjøp av innhald for 2024. NRK opplyser også at språkrådet til romanifolket har starta eit normerings- og innsamlingsarbeid for romani,³² og at Språkrådet skal tilsette ein rådgivar på minoritetsspråk. NRK håper at begge desse tiltaka kan bidra i NRKs eige arbeid med å utvikle innhald på minoritetsspråk.

NRK har gitt bestemte regionredaksjonar eit særskilt ansvar for å spegle bestemte minoritetskulturar og halde dialogen med dei respektive miljøa. Som i 2022 har NRK også i 2023 sett søkelys på korleis dei nasjonale minoritetane kvener og skogfinnar og det samiske folket har blitt utsette for fornorskings- og assimileringsspolitikk. I juni 2023 blei rapporten frå Sannhets- og forsoningskommisjonen lagd fram for Stortinget, og heile rapporten blei send direkte på NRK i form av ei 37 timar lang tv-overføring frå Nationaltheatret. Initiativet til det NRK omtalar som ein nasjonal forsoningsdugnad, kom frå det kvenske teateret Kvääniteatteri. Sendinga blei simultantolka og ligg tilgjengeleg i NRKs strøymeteneste under tittelen *Norge lytter*. NRK publiserte i tillegg fleire saker i ulike flater på Nrk.no som bidrog til å bringe historia om fornorskingspolitikken, historier om enkeltmenneske og skildre ulike minoritetskulturar.

Tilbodet til nasjonale minoritetar

NRK gjer greie for at NRK Kvensk/Kvääni er eit tilbod og ein redaksjon med innhald til den kvenske/norskfinske befolkninga. Innhaldet blir publisert på nettsida Nrk.no/kvensk, sosiale medium, radio og tv. NRK opplyser at delar av innhaldet når ut til publikum lokalt og nasjonalt gjennom distriktskontora i Troms og Finnmark og andre avdelingar i NRK. NRK Kvensk/Kvääni tilbyr innhald om kvensk språk, kultur og kvenskrelaterte nyheiter gjennom artiklar, videoar, bilde og lydklipp. NRKs mål er at nettsida skal vere eit dialogpunkt med kvensk publikum og andre som er interesserte i kvensk kultur. NRK har også eit mål om å spreie kunnskap om kvensk kultur og identitet til andre i befolkninga, spesielt gjennom innhaldet som blir gjort tilgjengeleg på forsida til NRK. NRK opplyser at ein av dei mest lesne sakene på Nrk.no/kvensk er *Kvenflagget*, som er ei sak om historia til det kvenske flagget. Saka blei publisert på forsida til Nrk.no.

I 2023 tilsette NRK Kvensk/Kvääni ein journalist i fast stilling. Redaksjonen består etter tilsettinga av to heiltidstilsette journalistar, mot ein heiltidstilsett og to deltidstilsette i 50 prosent stilling i 2022. NRK opplyser at redaksjonen i periodar samarbeider med ein frilansar med stor kunnskap om og innsikt i kvenske/norskfinske miljø. I tillegg til publisering av innhald og artiklar som er skrivne og teksta på kvensk i 2023, er det også publisert innhald i radio og tv med kvensk tale. NRK Kvensk/Kvääni oppsummerer nasjonalt og internasjonalt nyheitsbilde på kvensk (tale og tekst) kvar veke på Nrk.no/kvensk.

³² Sjå meir om prosjektet her: <https://www.vandriane.no/sprak/>.

Den kvenske nyttårstalen blei for femte år på rad send på riksdekkande tv i 2023 og teksta på kvensk. Talen blei i tillegg gjord tilgjengeleg på [Nr.no/kvensk](https://nrk.no/kvensk). NRK opplyser om gode sjåartal for tv-sendinga og digitalt. Kvenfolkets dag i mars fekk omfattande redaksjonell dekning med publisering av innslag på forsida til [Nr.no](https://nrk.no), i *Dagsrevyen* på NRK1, i regionale radio- og tv-flater, i *Helgemorgen* i NRK P2 og NRK2 og i sosiale medium. NRK opplyser at det på kvenfolkets dag for første gong blei publisert eit innslag på kvensk i *Dagsrevyen*. I tillegg sende NRK «roadmovien» *Med moped til røttene* som skildra to menn på jakt etter dei kvenske røtene sine. NRK markerte også den kvenske språkdagen i april med ulike arrangement og innslag i nyheitsflatene til NRK.



Leiar for Norske kveners forbund, Kai Petter Johansen, heldt den kvenske nyttårstalen i 2023
Foto: Bernt Olsen, NRK.

Som føregåande år har NRK også i 2023 hatt jamlege innslag som set søkelys på kvensk kultur og nyheiter i lokalsendingane i Troms og Finnmark. NRK fortel om brei redaksjonell dekning av rapporten frå Sannhets- og forsoningskommisjonen, der NRK Kvensk/Kvääni og NRK Sápmi har samarbeidt. Andre eksempel på innslag er saker om kunst/kultur, konsekvensar av fornorsking for dei unge, utdanning og kvenskspråkleg tilbod til barn og unge. NRK gjer greie for at det er eit mål å nå barn og unge med kvensk-relatert innhald, noko som ligg til grunn for at NRK nyttar unge kjelder og dekker tema som engasjerer unge. NRK nyttar også andre format, som for eksempel quiz, for å nå dei unge.

NRK Kvensk/Kvääni produserte i 2023 for første gong podkast, som blei publisert under tittelen *Sommar i P2* i strøymetenesta NRK Radio. I episoden fortalde Frank Jørstad frå Kvääniteatteri om kvensk historie og opplevingane sine som teatersjef.

Rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen ligg også til grunn for NRKs redaksjonelle dekning av skjebnen til skogfynnane med tap av kultur og språk som følge av fornorsking. Nokre eksempel frå denne dekninga er reportasjen NRK Innlandet laga om ei ung kvinne som sørgde over at språket til skogfynnane er gått tapt for nye generasjonar,

innslaget frå besøket frå Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité på Skogfinsk museum, og at museet fekk tildelt fleire millionar kroner i revidert nasjonalbudsjett, som gjer det mogleg å bygge eit nytt museumsbygg. NRK markerte i fleire innslag at det var 200 år sidan norske og svenske skogfinnar gjekk frå Finnskogen til Stockholm for å møte kongen, blant anna i radioprogrammet *Kompass* og ulike nyheitsinnslag på NRK. NRK dekte den første gongen flagget til skogfinnane blei offentleg heist frå Oslo rådhus i mai 2023 og den første feiringa av nasjonaldagen til skogfinnane. Nrk.no laga også ein quiz om det skogfinske flagget som symboliserer samhøyr og felles opphav. Vidare har NRK laga nettsak på Nrk.no om fredinga av holmen Akkasari i Grue i Finnskog som skogfinnane har nytta som førebels gravplass. I ein episode av *Drivkraft* på P2 fortalde Merete Furuberg, som er skogfinne, bonde, skogeigar og lokalmatprodusent, om den kulturelle bakgrunnen sin og at ho som barn blei mobba for sitt skogfinske opphav. Den unge skogfinske musikaren Stine Bogsveen gjesta NRK Innlandet hausten 2023 og fortalde korleis inspirasjon frå eigne røter fekk ho til å ta opp att musikken igjen.

I tilbodet om og for den jødiske minoriteten i 2023 skildra NRK både jødiske tradisjonar og korleis det er å vere norsk jøde i dag – i tillegg til historia til jødane med forfølgning, deportasjon og utsletting og korleis historia pregar norske jødar i dag. NRK gjer også greie for at den betydninga konflikten mellom Israel og Hamas har for norske jødar, har vore eit tema i dekninga etter at krigen i Gaza/Israel braut ut 7. oktober 2023. NRK gjorde ei undersøking blant norske jødar i november 2023, som viste at sju av ti hadde hatt ubehagelege opplevingar knytte til den jødiske identiteten sin etter 7. oktober, og at 32 prosent opplevde trakassering eller hatefulle ytringar retta mot dei sjølv. NRK rapporterer om ei rekke saker som dekte undersøkinga på flatene deira, og både unge og eldre jødar fekk fortelje om opplevingane sine. NRK viser til at Det Mosaiske Trossamfund varsla om aukande antisemittisme, trakassering og truslar, og at politiet registrerte ei dobling i talet på straffesaker om antisemittisme samanlikna med året før. Samfunnsmagasinet *Ekko* tok opp temaet «Hvordan er det å vere jøde i Norge nå?» i samtale med regissør, forfattar og professor Nina Grünfeld. Aktualitetsprogrammet *Studio 2* drøfta skiljet mellom antisemittisme og Israel-kritikk med forfattar og forskar på Jødisk Museum Kjetil Braut Simonsen. Det går elles fram av allmennkringkastarrekneskapen at NRK hadde ei omfattande dekning av krigen i Gaza, og at program drøfta bakanforliggende tema og historiske forhold knytte til konflikten.

NRK viser til at livssynsmagasinet *Kompass* hadde ei rekke innslag om jødiske tradisjonar og profilar i 2023, og over fleire haustveker var Israel og Palestina temaet for sendingane. Gjestar var blant andre Ervin Kohn, forstandaren i Det Mosaiske Trossamfund, og Berit Reiss-Andersen, som er gift med ein jøde. Nokre eksempel på tema i 2023 er korleis kyrkja kjempa mot jødeforfølgingane, Henrik Wergelands syn på religion og kampen hans mot den såkalla Jødeparagrafen, og den jødiske påskefeiringa pesach. Den jødiske høgtida var også eit tema i samfunnsprogrammet *Ekko* som forklarte nærmare om det jødiske påskemåltidet og kvifor jødane et usyra brød. NRK viser også til at den jødiske forsoningsdagen, jom kippur, blei dekt med saker på Nrk.no og i laurdagsmagasinet *Ukeslutt*.

Ein podkast over tre episodar, *Da staten ranet jødene*, publisert under podkaststrøymen *Hele historien*, skildra korleis jødiske nordmenn mista alle egedelane sine under andre verdskrig og kampen for å få desse verdiane tilbake etter krigen. NRK gjer greie for at podkasten bidrog til å vise at desse forholda er blitt ekskluderte frå norsk krigshistorie, og viser til at

NRK publiserte fleire saker som skildra enkeltskjebnar og historia til etterkommarane av jødane som blei plyndra for alt dei eigde. Eit eksempel er forteljinga om gjenoppbygginga av kleskjeda Kleins, som før krigen låg i Noregs einaste jødisk-eigde kvartal, Nerbyen, i Trondheim. NRK viser også til utstillingsprosjektet «Kartet i Nerbyen» som Jødisk museum i Trondheim presenterte hausten 2023, og som NRK hadde innslag om i ulike program. Vidare viser NRK til at lokalsendinga til NRK Innlandet fortalde historia om den jødiske gardbrukaren Hans Salomon som rømte frå nazismen med familien sin til Valdres, men som blei forfølgd også etter krigen.

NRK opplyser at distriktskontoret NRK Oslo og Viken (kontoret i Stor Oslo) har eit særskilt ansvar for kontakt med dei norske rom- og romanimiljøa. I 2023 dekte NRK opninga av den første norske utstillinga om norske romar, kulturen og historiene deira på Rhomani Kher-senteret. NRK laga også ei nettsak på Nr.no om Sunita «Fanny» Lakatosova og Safira «Mercedes» Josef frå Oslo, som er programleiarar i det romske matprogrammet *Massimo's Food Challenge*. Ei anna nettsak i 2023 handla om den første norske filmen med norske romar i alle rollene og på eige språk: romanes. NRK publiserte også nettsaker om at romske barn mister språk og kultur i fosterheim, at norske rom er einaste minoritet som ikkje har fått ein prosess med forsoning, og om kampen for å få eit eige minnesmerke for romar. Samfunnsprogrammet *Ekko* sette søkelys på historia til norsk rom og romani og korleis styresmaktene har behandla denne minoriteten, om for eksempel den såkalla sigøyнарparagrafen, at norske rom blei gjorde statslause, hadde grufulle opplevingar under andre verdskrigen og måtte gå lange vegar i rettssystemet for å sleppe inn i Noreg igjen. Lokalsendinga til NRK Sørlandet tematiserte romanifolkets historie og konsekvensane av assimileringspolitikken med slektsforskar Kai-Samuel Vidgart og Tater-Millas barnebarn Nora Christin Pettersen.

NRK markerte i fleire innslag at musikaren Elias Akselsen, romanifolkets talsperson og frontfigur, fekk Kulturrådets ærespris i desember 2023. NRK viser til at Akselsen omtalte prisen som ei oppreising for heile romanifolket, og situasjonen for romanifolket var eit tema i aktualitetsmagasinet *Studio 2*. I 2023 løfta Kringkastingsorkesteret (KORK) fram musikk frå norske nasjonale minoritetar i ein eigen konsertserie. I ein av dei tre konsertane i serien *Romani!* står Elias Akselsen på scena saman med dottera Veronica og andre romanimusikarar. NRK sende reportasjar frå innspelninga, og konsertane blei publiserte på nettsidene til KORK. NRK opplyser også at konserten med Akselsen blei send på NRK1 på romanifolkets dag 8. april 2024. NRK markerte også i fleire innslag at Riksantikvaren freda huset til Tater-Milla i Solør i 2023, både om sjølve avgjerda, om verdien til huset som del av den norske kulturarven, intervju med riksantikvaren og med barnebarna til den kjende taterskikkelsen.

I 2023 publiserte NRK ein eigen serie på tre episodar i programmet *Godt selskap* på P1+. Serien skildra romanifolkets kultur og historie på ein positiv måte, blant anna ved å vinkle taterane som eit stolt reisande folk, som bygdefolk på Tingvoll i Nordmøre sette stor pris på besøk frå. NRK dekte også plateutgivinga til dei to brørne Vidar Karlsen Kolbu og Roger Fagerli Karlsen som er av romanislekt, då dei laga ei plate med taterverser. NRK Innlandet laga ein visuell nettartikkel om skutemålaren Ivan Storm Juliussen. NRK sende også den svenske serien *Et møte med*, der gjestar med tilknytning til rom og romani fortel om livet og

engasjementet for språk, historie og kultur. NRK opplyser at sesong 2 i serien blir sendt på NRK våren 2024.

Mangfold i organisasjonen

Når det gjeld kravet om å formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfoldet i det norske samfunnet, viser NRK til at mangfold og inkludering er eit strategisk innsatsområde. NRK meiner det er nødvendig å lukkast med dette for å levere på allmennkringkastingsoppdraget. I 2023 har NRK gjennomført eit internt arrangement for leiarane i NRK, der årsaker og framgangsmåtar når det gjeld funksjonsmangfold og rekruttering, blei drøfta. NRK har også ein intern mangfaldspris som i 2023 gjekk til NRK Supers prosjekt *Eit hav av muligheter*. Sjå nærmare om dette i punkt 2.6 om barn og unge.

NRK har eit eige mangfoldsteam med brei representasjon frå organisasjonen, og det er utarbeidd eit rammeverk for arbeidet med mangfold som skal sikre ei felles retning og fart i arbeidet. Mangfoldsteamet heldt foredrag i eigen organisasjon og hos andre verksemdar for å dele erfaring og kompetanse. I 2023 utvikla teamet ein workshop for å ta strategien ut i handling internt. NRK opplyser at teamet også bidrar med rådgiving til produserande miljø og leiarar, og held introduksjonar for nyttilsette. Blant dei eksterne verksemdene og organisasjonane mangfoldsteamet hadde dialog med i 2023, var Schibsted, Norges Idrettsforbund, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Stopp diskrimineringen, Stiftelsen VI, Universitetet i Agder, Trøndelag fylkeskommune, Likestillings- og diskrimineringsombodet, Bufdirs UnIKT forum, NAV, DOGA, fagforeiningar og Kringkastingsrådet. NRK har tidlegare gjort greie for at mangfold blir definert ut frå alder, kjønn, funksjonsgrad, språk og dialekt, livssyn, utsjånad, seksuell orientering, kjønnsidentitet, utdanning, kompetanse, erfaring, interesse og familiesituasjon – i tillegg til geografisk, sosial, etnisk og/eller kulturell bakgrunn. I 2023 har NRK, som i 2022, prioritert følgjande område: personar med fleirkulturell bakgrunn, funksjons-, kjønns- og LHBT+ og språkleg mangfold. NRK viser til at det språklege mangfoldet omfattar å styrke språka som NRK har eit særskilt ansvar for, som er bokmål, nynorsk, dei samiske språka, teiknspråk, kvensk, rom og romani.

I 2023 testa NRK teljing av representasjon i *Dagsnytt 18* over åtte veker og gjennomførte også pilotar på teljing i Kringkastingsorkesteret og Dokumentar og samfunn.³³

NRK deltar også i internasjonale nettverk som fremmar mangfold i organisasjonen, som «Valuable 500», som har som formål å få eit større funksjonsmangfold blant tilsette i verdas største og viktigaste bedrifter. I 2023 deltok NRK i leiarutviklingsprogrammet til nettverket, «Generation Valuable», som er ei intern ordning der direktørar er mentorar for tilsette med funksjonsnedsettingar. Frå NRK deltok organisasjonsdirektør Olav P. Hypher og

³³ NRK har på førespurnad frå Medietilsynet forklart at pilotane blei gjennomførte for å teste ut teljeverktøy, og at det ikkje ligg føre konkrete resultat med omsyn til representasjon i 2023.

tilgjengelegheitseksperter Kristoffer Lium, og erfaringa er at programmet gav meir kunnskap om mangfald og korleis tilsette med funksjonsnedsettingar opplever verksemda. Hausten 2023 tok Nordvisjon initiativ til eit nordisk mangfaldsnettverk for allmennkringkastarar, og NRK opplyser at tre møte blei gjennomførte same haust med temaa mangfald i organisasjon, innhald og metodar å telje/registrere mangfald på.

NRK gjer greie for at eigne talentordningar som rekrutterer og utviklar medarbeidarar med særleg viktig kompetanse på språk, nettverk og mangfaldsperspektiv, er viktige for å nå måla og oppfylle oppdraget. Eigne sider er etablerte for desse talent-, lærling- og praksisordningane på nrk.no/karriere. NRK vil halde fram arbeidet med å synleggjere og skape engasjement rundt desse tilboda. Sjå nærmare om talentprogrammet hos Nynorsk mediesenter i punkt 2.8.2 og nærmare om det samiske talentprogrammet i punkt 2.7.

Stipendiatorordninga for journalistar og innhaldsprodusentar med fleirkulturell kompetanse, FlêRe, er eit langsiktig tiltak i NRKs arbeid med mangfald. Fleirkulturell kompetanse blir definert som språk, nettverk og perspektiv frå store innvandrargrupper frå land utanom Vest-Europa. NRK har tidlegare gjort greie for at programmet varar i ti månader med fem månader opplæring og fem månader praksis. Ordninga kom i gang i 2008 og har fram til og med våren 2023 utdanna 97 stipendiatar. Seks nye talent starta på programmet hausten 2023 og fullfører sommaren 2024. NRK fortel om rekordtal på søkarar i 2023 med 290 søknader. Av dei som har gjennomført opplæringa, jobbar 45 prosent i NRK per i dag, og 77 prosent jobbar i mediebransjen. Prosjektet «Nye stemmer» blei vidareført i 2023 og gjer det mogleg for NRK å leite aktivt etter uetablerte medietalent med mangfaldsbakgrunn gjennom idépresentasjonar og gruppearbeid. Sjå meir om prosjektet i punkt 2.2.1.

NRK opplyser at språksjefen og mediemangfaldsteamet har revidert ordlista for funksjonsmangfald i 2023 i samarbeid med NRKs brukarråd og interesseorganisasjonane for funksjonshemma. NRKs liste for funksjonsmangfald er ifølge NRK eit viktig verktøy for journalistane i NRK.

Mangfald i innhaldet

NRK jobbar målretta for at mangfald skal bli ein naturleg og sjølvsgd del av alt innhald som blir produsert og publisert. Eitt av tiltaka er å stille krav både til interne og eksterne programbestillingar om at NRKs innhald skal spegle eit mangfaldig og fleirkulturelt Noreg. NRK jobbar aktivt for at kjeldebruken skal representere mangfald i erfaringar og perspektiv, og alle produksjonar skal legge vinn på å ha ei mangfaldig «casting».

I dekninga av nyheiter og debattar er NRK opptatt av at det er viktig å formidle kunnskap om ulike grupper i det norske samfunnet og skape arenaer for debatt og informasjon om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn, noko NRK blant anna gjer gjennom rekruttering til redaksjonane og i val av kjelder, gjestar og perspektiv. NRK viser til profilar med fleirkulturell bakgrunn i NRK Nyheter, som Yama Wolasmal, Rima Iraki, Chetan Rastogi, Katarina Moneta og Valentina Baisotti. Vidare har kjønnsidentitet vore eit tema i fleire nyheitsatsingar frå distriktskontora til NRK gjennom 2023. Den eigne mangfaldsgruppa i region Sørøst har ifølge NRK jobba målretta med innhald. Distriktsdivisjonens Stor-Oslo-kontor publiserte i 2023 sju episodar i serien *Bryllupsfeber* om ulike bryllupstradisjonar i innvandramiljø, og utvikla serien *Lett å hate*, der første program blei publisert i NRK TV i starten av 2024.



Brudeparet Dipshi og Arun er eitt av fleire brudepar vi følger i serien *Bryllupsfeber*. Foto: NRK.

NRK rapporterer om fleire rekrutteringar av journalistar med fleirkulturell bakgrunn til distriktskontoret for å fremme større mangfald i perspektiva i journalistikken. Under ein eigen emneknagg «Mangfold i Oslo og Viken» har NRK samla artiklar med mangfoldsperspektiv. NRK opplyser at mangfald og tilgjengelegheit var sentrale mål for valprosjektet 2023, der det blant anna blei lagt vekt på at saker ikkje skulle krevje førehandskunnskapar, at klarspråk og universell utforming skulle nyttast i utforminga av innhaldet og produkta, og at valinnhaldet skulle vere tilgjengeleg for flest mogleg på språket dei føretrekker. Artikkelserien *Livet nå* var ein del av valdekninga som med ni ulike historier hadde eit ekstra mål om å nå unge og den fleirkulturelle delen av befolkninga. NRK samarbeidde i dette prosjektet med vidaregåande skolar om eit eige undervisningsopplegg.

NRK P3 er også eit miljø i NRK med fleire kjente profilar som speglar mangfald, som Tara Lina Shahin, Arianrhod Engebø, Nate Kahungu, Adelina Ibishi, Tete Lidbom, Abubakar Hussein, Galvan Mehidi og Sandeep Singh. NRK gir fleire eksempel på titlar som speglar mangfald i innhaldstilbodet i 2023. Nokre eksempel er podkastane *Skitbyen*, *Selma og pappa*, *Med all respekt*, *Dynga og Hør'a*, *Røverradion*, laga av innsette i norske fengsel, andre sesong av dramaserien *Norsk-ish 2*, dramaserien *Vi lover et helvete*, og andre sesong av dokusåpa *Familien Adampour 2*. Med dramaserien *Cammo* ønskte NRK å fjerne mytar rundt det å leve med utviklingshemming og Downs syndrom. NRK fortel også at stiftinga HELT MED, som jobbar med å opprette arbeidsplassar og rekruttere menneske med utviklingshemming og lærevanskar, var medverkande til at NRK Super i 2023 tilsette ein medarbeidar med Downs syndrom. Emily Riedel, som gjennom stiftinga HELT MED har fått

jobb i frokostsalen på eit hotell, gjesta i 2023 *Lindmo* og saka blei dekt i ein artikkel på Nrk.no.

Deltakarar med funksjonshemmingar var med i dokumentarserien *Tandemeventyret* på tandemsyklar frå Lindesnes til Nordkapp og *Et hav av muligheter*, der 13 småkapteinar var på tokt med seglskuta Christian Radich. Det sistnemnde programmet var med i temadagane til NRK Super om barn med synlege og ikkje-synlege funksjonsnedsettingar, der tematikken også blei løfta i *Flipklipp* og *Bremsespor*. NRK opplyser at det er publisert mange artiklar om funksjonshemma på Nrk.no. Ein video som forklarar kva ein funksjonsnedsetting er, ligg på NRK Skole, og ein episode publisert i NRK *Unormal* skildra kva utfordringar Birgit Skarstein møter på ein dag i rullestol. NRK markerte den internasjonale dagen for funksjonshemma i 2023, og NRK Sporten publiserte ein artikkel om premiepengar i paraidretten.

NRK sende *Festen etter fasten*, der Cengiz Al og Bahare Viken leia programmet som markerte avslutninga på fastemånaden ramadan og høgtida id al-fitr. NRK dekte også Oslo Pride den 1. juli i 2023, og direktesendinga blei leia av Silje Nordnes, Robert Stoltenberg og Pål Plassen.

NRK nemner også dokumentarserien *Gitt bort*, der NRK-profilen Christian Strand utforska adopsjonshistoria til seg sjølv og andre. Serien *Demenskoret* synleggjer og løftar ei gruppe som har kognitive utfordringar, som NRK meiner sjeldan blir snakka om.


Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å ha program for nasjonale og språklege minoritetar. NRK tilbyr program og nettsaker på kvensk og oppfylte dermed delvis det nye kravet om å tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk i 2023. Medietilsynet har forståing for at manglande normering av skriftspråka til romani og romanes utfordrar innhaldsproduksjonen, og ser positivt på initiativet NRK har tatt for å kartlegge språksituasjonen med sikte på å utvikle innhald på desse to minoritetsspråka. Medietilsynet merkar seg at dialogen med miljøa har ført til at NRK har kjøpt innhald for 2024. Vidare meiner Medietilsynet at NRK i tematikken sin og programlegginga om og til dei nasjonale minoritetane, har mange eksempel som handlar om å synleggjere og fremme kulturen og språka deira, noko som også bidrar til å oppfylle formålet om at nasjonale minoritetar deltar aktivt og kan uttrykke og vidareutvikle språket sitt og kulturen sin. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK, gjennom til dømes konsertserien til KORK, oppfylte kravet om å fremme musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg i 2023.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte krava om å formidle kunnskap om ulike grupper, om mangfaldet i det norske samfunnet og om å skape arenaer for debatt og informasjon om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn. Medietilsynet meiner at den generelle innhaldsstrategien og arbeidet med å rekruttere og bygge mangfaldskompetanse gjer at NRK på ein god måte bidrar til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit mangfald av identitetar.

2.8.4 Nordiske samfunnsforhold, kultur og språk

Dei nordiske allmennkringkastarane har eit samarbeid gjennom Nordvisjon. Figur 13 viser at samarbeidet genererer over fleire tusen programepisodar årleg, både gjennom utvekslande og samproduserte program. NRK rapporterer om eit aktivt samarbeidsår i Nordvisjon i 2023 med 2687 samproduksjonar og 1903 programutvekslingar, noko som er ein liten tilbakegang frå 2022 med 2876 samproduksjonar og 2047 programutvekslingar. At talet på program og seriar varierer noko frå år til år, er ifølge NRK naturleg ut frå produksjonen og drifta til dei nordiske allmennkringkastarane.

Figur 13 – samproduksjonar og programutveksling i Nordvisjon frå 2014 til 2023



Kjelde: NRK

I 2023 blei det arrangert ni utvekslings- og samproduksjonsmøte for at dei nordiske kringkastarane skulle få tilgang på fleire seriar og program. Titlane som NRK framhevar for 2023, og som har nådd eit stort publikum, er *Fengselseksperimentet*, *DNA-jegeberane* og *Selma Lagerlöf – livet, arbeidet og tida* (SVT), *Stuntfarmen* (YLE) og *Byenes mester*, *Det gode bondeliv* og *Søren Vesters hage* (DR).

NRKs kulturavdeling bidrog med ressursar og kompetanse i den nordiske samproduksjonen *Ekstase – historia om nordisk elektronika*. NRK opplyser at serien blei send i alle dei nordiske landa og at han blei godt mottatt av publikum. Nordvisjon-samarbeidet famnar også seriar for og om urfolk og minoritetar, som SVT-produksjonen *Möte med* (romani), den samiske *Historjá – Stygn för Sápmi* og serien *En minneverdig sommer* om ni unge menneske med funksjonsnedsettingar på treningsleir før livet som vaksne.

NRK, Sveriges Radio og Danmarks Radio samarbeider om det skandinaviske talkshowet *Norsken, svensken og dansken*, som løfter samfunnsdebatten frå nasjonalt til nordisk nivå og

har som mål å auke forståinga mellom dei skandinaviske landa ved å snakke om kulturelle likskapar og forskjellar mellom dei tre nabolanda.

NRK har saman med allmennkringkastarane SVT, YLE, DR og RÚV avtalt å produsere tolv dramaseriar per år, noko som inneber at NRK skal levere tre av titlane og vise minst ni titlar frå dei andre nordiske landa årleg. NRK har tidlegare gjort greie for at produksjonane skal bli gjort tilgjengelege for strøyming i minst eitt år i alle medlemslanda. I 2023 resulterte dramasamarbeidet N12 i følgjande sju nordiske seriar på NRK: *Over streken* (RÚV), *Carmen Curlers 2* og *Huset* (DR), *Hormoner!*, *Mordene på Solkysten 2* og *66 grader mord* (YLE) og *Detektiven fra Beledweyne* (SVT). Grunnen til at det ikkje blei vist ni titlar i 2023, var ifølge NRK at lisensstart og premiere for nokre av seriane blei utsette. Dei sju seriane utgjorde om lag 42,5 timar nordisk drama i 2023, mot 55,6 timar i 2022, og på same nivå som i 2021 da timetalet også var 42,5.

I 2023 gjekk NRK inn i eit tilsvarande samarbeidsprosjekt (New8) med sju andre europeiske allmennkringkastarar, inkludert dei nordiske. Sjå meir om dette i punkt 2.9.1.

Allmennkringkastarane i Nordvisjon samarbeider også om dramainnhald for barn og unge. Både DR, SVT og NRK skal bidra med fire seriar kvart år, YLE med to seriar og RÚV éin serie årleg. Utvekslingsavtalen B15 bidrar til ein føreseieleg og sterk portefølje av nordisk innhald for barn. Seriar for barn og unge som NRK fekk frå dei andre nordiske allmennkringkastarane i 2023, er blant anna *Trumle på tur* (DR), *Femlingene* (DR), *Press* (originaltittel *Strula*, SVT), *Stopp!* (sesong 4, SVT), *Otajmat* (SVT) *Speilveien* (YLE), *Restaurant million* (YLE), *Vennene og det grønne lyset* (sesong 3, DR), og *Karlas fantastiske klasse* (DR). NRK har presisert for Medietilsynet at det kan vere forskjellar mellom når ein produksjon i B15-samarbeidet blir levert og når den blir sendt på NRK, slik som i N12-samarbeidet.

NRK tilbyr også nordiske program innanfor ulike programkategoriar, som til dømes kunst og kultur, dokumentar og underhaldning.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å formidle innhald frå Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, nordisk kultur og språk. Slik Medietilsynet ser det, bidrar medlemskapet i Nordvisjon og dei langsiktige produksjonsavtalane med dei andre nordiske allmennkringkastarane positivt til at NRK oppfyller dette kravet.

2.8.5 Mangfald i religion og livssyn

For å oppfylle kravet om å spegle Noregs religiøse arv og mangfaldet av livssyn og religionar i det norske samfunnet har NRK i 2023 tilbydt både eigenproduserte livssynsprogram, andakter og overføringar av gudstenester og innkjøpt materiale. I tillegg publiserer NRK mange artiklar om livssyns- og verdispørsmål på Nr.no. NRK opplyser at distriktskontoret på Tyholt i Trondheim har eit særleg ansvar for religions- og livssynsinnhaldet.

På tv sende NRK i 2023 til saman 184,2 timar med livssynsprogram og gudstenester på NRK1, NRK2 og NRK3. Dette er om lag same nivå som i 2022, med 191 timar, som

representerte ein auke frå 140 timer i 2021, 89 timar i 2019 og 114 timar i 2020. NRK har i 2023 vidareført dei faste kamerainstallasjonane i seks ulike kyrkjer i Noreg,³⁴ som gjer det mogleg å overføre gudstenester kvar søndag både på radio og tv. NRK fortel at dei seks kyrkjene er utvalde på bakgrunn av formidlingsevne, kyrkjebygg, geografi, kjønn og kyrkjelyd. NRK gjer greie for at tv-overføringa av gudstenestene bidrar til auka tilgjengelegheit for høyrselshemma, som kan følge tekstinga i tv-sendinga. NRK formidla i tillegg gudstenester under dei kristne høgtidene og overførte katolske midnattsmesser frå Roma til påske og jul. NRK produserte også gudsteneste frå Dansefestivalen i Sel, som blei send i heile Norden.

På radiokanalane NRK P1 og P2 formidla NRK til saman 1127 timar religion og livssyn i 2023, ein ytterlegare auke frå 1072 timar i 2022, og langt høgare enn i 2021 og 2020, da timetala var respektive 696 og 519 timar. I allmennkringkastarrekneskapen går det fram at NRK fortset flyttinga av delar av livssynsinnhaldet frå NRK P1 til P1+ i 2023, ved at *Morgenandakten*, som tidlegare gjekk i begge kanalar, blei flytta frå P1 til P1+. I 2022 flytta NRK radiogudstenesta, som tidlegare blei send i begge kanalar, frå P1 til P1+. I forlenginga av utgreinga NRK gav til Medietilsynet om omlegginga for 2022, viser NRK til at målet er å gjere dei to kanalane meir ulike og skape reelle valalternativ for lyttarane. NRK forklarar at *Morgenandakten* er tilgjengeleg i strøymetenesta NRK Radio som valbart innhald. Andakten byr ifølge NRK på velsigninga og Fadervår, i tillegg til at eit stort mangfald av kristne stemmer blir inviterte for å fortelje om korleis bodskapen i Bibelen stadig er relevant. NRK lanserte i 2023 eit nytt livssynsprogram, *Kveldstankar*, som slepp til ulike perspektiv og livsopplevingar. Programmet blir sendt alle kvardagar på NRK P1 og er tilgjengeleg i NRK Radio.

Radioprogrammet *Kompass* gir ifølge NRK nye perspektiv på aktuelle tema, fenomen og daglegliv ved å utforske tru, verdi- og livssyn. Programmet blei etablert i 2021 og har vore eit dagleg tilbod frå klokka 12.00 til 13.00 på NRK P2 og i NRK Radio i 2023, i tillegg til at høgdepunkt frå *Kompass* blir sendt på NRK P1 kvar søndag. Podkasta *Etikketaten*, der tre gjestar med ulike syn på livet gir råd om etiske dilemma som oppstår i kvardagen, blir produsert som ein del av *Kompass*. NRK forklarar at eit mangfald av stemmer blir inviterte til *Kompass* og *Etikketaten*, noko som bidrar til å vise spennet i tru- og livssyns-Noreg. Det var redaksjonen i *Kompass* som laga ein serie om jødanes historie då krigen i Gaza/Israel braut ut hausten 2023, og NRK opplyser at serien hadde høge lyttartal. NRK er opptatt av å vere synleg og ha dialog med publikum. Under Olavsdagane sende *Kompass* direkte frå Vestfrontplassen framfor Nidarosdomen, og *Etikketaten* hadde samtalar i tillegg til å sende direkte frå Litteraturhuset i Trondheim.

Dei etablerte, faste livssynsprogramma *Tro, håp og Lillesæter* og *Verdibørsen* blei sende på respektive søndagar i NRK P1 og laurdagar NRK P2 i 2022. Kvar søndag blei programmet

³⁴ NRK opplyser at to av kyrkjene blir skifta kvart halvår.

Salmer til alle tider sendt på NRK P1+. Det formidler ifølge NRK alle sjangrar av kristen musikk.

NRK markerte den muslimske høgtida id al-fitr med ei stor direktesending i 2023 og publiserte ei rekke innslag om ramadan og id i nyheitssendingane.

I 2023 produserte NRK 17 saker om livssyn til Nrk.no, ein nedgang frå 23 saker i 2022 og om lag på same nivå som i 2021, med 18 saker. NRK viser til at mange av nettsakene blei svært godt lesne og er i samsvar med strategien: færre, men betre saker. NRK opplyser at dei 17 artiklane hadde over to millionar sidevisningar, noko som saman med at fleire av historiene også blir formidla i radio, bidrar til at NRK når eit breiare publikum og set verdispørsmål på dagsordenen. NRK vil ha meir samarbeid om journalistiske prosjekt, for eksempel mellom nettartiklar og programma *Etikketaten* og *Kompass*, for å vareta måla om å fjerne fordommar og tabu, spreie kunnskap om ulikskap og skape fellesskapskjensle, overraske, bidra til nysgjerrighet og refleksjon. Nokre av artiklane om livssynsinnhaldet på Nrk.no i 2023 dekte tema som aktiv dødshjelp, haldninga til homofili innanfor trussamfunn, jødedommen, mangelen på prestar i Noreg og ulike helgenar.

Konklusjon: NRK har gjennom overføringar frå gudstenester og religiøse høgtider, faste programpostar og seriar samla sett formidla og belyst eit breitt spekter av religiøse perspektiv og livssyn i 2023. NRK har eit tyngdepunkt i kristne tradisjonar i tilbodet, men formidler også frå islamske høgtider. Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å spegle den religiøse arven i Noreg og mangfaldet av livssyn og religionar i det norske samfunnet.

Når fleire av dei religiøse programma med kristent tyngdepunkt blir flytta frå NRK P1 til P1+, blir det tydeleg at denne kanalen, som i NRKs radiounivers er retta mot ei eldre målgruppe, i større grad blir profilert med dette religiøse innhaldet. Medietilsynet meiner kanalprofileringa tilseier at NRK framover må rapportere nærmare om programtilbodet på P1+, slik at heilskapen i NRKs tilbod om religion og livssyn kan bli vurdert.



Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film

2.9 Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film

Vedtektene:

§ 17 NRK skal formidle norsk kultur og en bred variasjon av kunstuttrykk fra mange ulike kunstnere, uavhengige miljøer og kulturinstitusjoner i Norge. NRK skal formidle norsk musikk, film og drama og stimulere norske produksjonsmiljøer.

§ 35 NRK skal bidra til å fremme nye talenter og lokale artister, komponister og tekstforfattere. Minst 40 pst. av musikken som spilles på NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk skal være norsk, med vekt på norskspråklig eller norskkomponert musikk. I tillegg skal NRK fremme musikk av samiske artister, komponister og tekstforfattere samt talenter fra nasjonale minoriteter i Norge. NRK skal holde et fast orkester som dekker et bredt repertoar fra underholdningsmusikk til symfonisk musikk. NRK skal holde et fast orkester som dekker et bredt repertoar fra underholdningsmusikk til symfonisk musikk.

§ 36 NRK skal legge ut minst 40 pst. i gjennomsnitt for de siste tre årene av det frie programbudsjettet for TV til eksterne produsenter.

§ 42 NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 38 NRK skal ha sportssendinger som dekker både bredden i norsk idrettsliv, herunder funksjonshemmedes idrettsutøvelse, og store idrettsbegivenheter

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- kunst og kultur
- sport og underholdning

2.9.1 Brei kulturformidling til ulike publikumsgrupper

Kulturformidlinga til NRK skal romme både ei variert formidling og ei journalistisk behandling av ulike kulturtema. NRKs kulturformidling skal ifølge vedtektene være brei, variert og omfatte kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og kulturinstitusjonar. Ved endringa av vedtektene til NRK som gjeld frå 1. januar 2023, blei ordet «offentlege» framfor kulturinstitusjonar fjerna. Medietilsynet legg til grunn at dette i praksis ikkje inneber ei særleg endring i kulturoppdraget til NRK, men at den nye ordlyden understrekar forventninga til at NRKs dekning av kultur skal være brei og variert. Tilbodet skal ta omsyn til både breie og smale publikumsgrupper, spegle mangfaldet i befolkninga og appellere til alle aldersgrupper. Utforminga av kravet presiserer at NRK skal tilby egne kulturprogram i dekninga av kulturfeltet. NRK skal også ha eit løpande oppdatert tilbod av kunst, kultur og underholdning på nett. Det følger av utforminga og ordlyden at kulturoppdraget står sentralt i allmennkringkastingsoppdraget og har ein viktig demokratisk funksjon på lik linje med

nyheiter og aktualitetar. NRKs samfunnsoppdrag er utforma slik at det gir NRK plikter både overfor publikum og skapande og utøvande kunstnarar.³⁵

Medietilsynet har i tilsynet dei seinare åra vore særleg opptatt av korleis NRK varetar det breie kulturoppdraget sitt. Bakgrunnen er den viktige rolla NRK har som kultur- og språkpolitisk verkemiddel, at det er marknadssvikt i kulturdekninga i norske medium og den verdien kulturformidlinga har både for befolkninga og aktørar på kulturfeltet. I rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet i 2021 anbefalte Medietilsynet at NRK i større grad bør synleggjere kulturinnhaldet på alle plattformene sine, ettersom dette er ein type innhald som dei kommersielle aktørane formidlar mindre av.³⁶ NRKs rolle på område med marknadssvikt er svært viktig for å bidra til auka innhaldsmangfald og bruksmangfald.

Hovudleverandøren av kulturinnhald i NRK er kulturavdelinga, men kulturoppdraget blir løyst på tvers av ulike avdelingar i NRK. I allmennkringkastarrekneskapsrapporten for 2023 går det fram at den største utfordringa for NRK er å nå ut med kulturinnhaldet til breie og smale grupper i ei tid der publikum sjølv vel innhaldet dei vil konsumere. NRK tar derfor ulike grep for å gjere kulturinnhaldet meir synleg og lettare å velje, med mål om å gi fleire tilgang til kulturinnhaldet. Som ein del av publiseringsstrategien har NRK samla alt aktuelt innhald om kultur frå NRK på ein stad nettstaden (nrk.no/kultur), i tillegg til at det er eigne kulturkategoriar som «kunst og scene», musikk og litteratur i begge strøymetenestene NRK TV og NRK Radio. NRK gjer greie for at det blir jobba med såkalla smart publisering for å skape meirverdi på tvers av plattformene. Eit eksempel på eit kulturtilbod med smart publisering i 2023 er *Portrettmesterskapet*, som var ein konkurransedreven realityserie om portrettkunst. NRK opplyser at både amatørar og profesjonelle kunstnarar var blant dei 24 som konkurrerte om å måle det beste portrettet av ein kjend person. Kunstprogrammet blei laga for tv, og NRK fortel om brei appell og høge strøymetal. Samtidig publiserte NRK fleire saker på nett, radio og tv med portrettkunst som tematikk. Eit eksempel på dette er ein nettartikkel³⁷ og

³⁵ Dette blei skildra i forarbeida da allmennkringkastingsoppdraget til NRK blei utvida til å gjelde alle medieplattformer frå og med 2009, der blant anna krava til kulturformidling blei presiserte. Departementet uttrykte at punktet om å formidle norsk kultur og ein brei variasjon av norske kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og offentlege kulturinstitusjonar, skal understreke at «NRK har plikter andsynes skapande og utøvande kunstnarar, i tillegg til pliktene andsynes publikum. Dette gjeld mellom anna musikk, litteratur, teater og dans.» (St.meld. nr. 6 (2007–2008):24 *NRK-plakaten* – «Noe for alle. Alltid»). Ansvaret NRK har for å dekke kulturfeltet blei ikkje omtalt i stortingets behandling av meldinga, men i behandlinga av Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst* uttalte familie- og kulturkomiteen at «med et mediemarked i rask endring er det viktig med en allmennkringkaster som tilbyr både det brede og det smale tilbudet». Vidare understreka komiteen den viktige rolla til NRK som formidlar av norsk språk og kultur, og peikte på «sendering og produksjoner som favner bredt» og «smalere tilbud det ikke er rom for i andre medier».

³⁶ Sjå nærmare om dette i punkt 6.4.4 i Medietilsynet (2021) NRKs bidrag til mediemangfaldet 2021 – Ein analyse av NRKs bidrag til innholds- og bruksmangfaldet, NRKs samarbeid med andre medieaktørar og konkurransemessige verknader av NRKs nyheits- og aktualitetstilbod på nett.

³⁷ Sjå artikkelen her <https://www.nrk.no/kultur/william-20--munch-var-en-darlig-maler-1.16454000>

dokumentaren *Renessanseprinsen*, som handlar om målareren og ein av deltakarane i *Portrettmesterskapet*, William Heimdal. NRK gjer greie for at dei høge publikumstala og den positive omtalen av satsinga i fleire medium bekrefta at *Portrettmesterskapet* bidrog til å opne smalare kulturuttrykk for fleire. Serien blei spelt inn ulike stader i Noreg, og deltakarane hadde ein mangfaldig bakgrunn. Eit anna eksempel på korleis NRK jobba med smart publisering i 2023, er dramaserien *Makta*, der NRK samtidig publiserte både podkasten *Seriesnakk* og ein artikkelserie som gav publikum høve til å faktasjekka episodane i serien og få meir kunnskap om perioden og forholda som serien skildrar.



I Portrettmesterskapet kjempar 24 kunstnarar om å lage dei beste portretta av norske kjendisar. Her blir Morten Hegseth portrettert. Foto: Tobias Eidsaa Børresen, NRK.

I samband med at Jon Fosse fekk Nobelprisen i litteratur i 2023, hylla NRK han med å sende ei opplesing av alle dei 41 skodespela hans på NRK1 og NRK 2, noko som ifølge NRK er verdas lengste teaterevent direktesendt på tv. Skodespelarar frå Det Vestnorske Teateret, Den Nationale Scene, Teater Vestland og Det Norske Teatret deltok i opplesinga. NRK opplyser at sendinga starta på kvelden, fredag den 8. desember 2023, og heldt fram utan stans til søndag formiddag. NRK markerte folkemusikkens og folkedansens år og 100-årsjubileet til folkemusikkorganisasjonen FolkOrg i 2023 med ein nyprodusert serie, *Trollstemt*. Serien, som skildrar historia om folkemusikktradisjonen i Noreg, er ifølge NRK ein del av eit større løft NRK gjorde for folkemusikken i 2023. Sjå meir om dette i punkt 2.9.2. I desember 2023 hadde NRK premiere på *Pianisten*, ein podkast på fire episodar om jazzmusikaren Marie Kannegaard og hennar liv med musikk og psykisk uhelse. I 2023 har NRK vidareført den nye satsinga innan musikkformidling på alle plattformer, *NRK-scenen*, og formidla minikonserter frå eit breitt spekter av sjangrar innanfor musikklivet i Noreg. Sjå meir om dette i punkt 2.9.2. NRK publiserte også podkasten *Apetor* som i tre episodar skildra livet til den norske youtubaren Apetor.

I 2023 har NRK fortsett den særskilde satsinga på den aktuelle og dagsordenssettande kulturjournalistikken. Programmet *Arena* er vidareutvikla sidan lanseringa i januar 2022 og er nå ein aktuell kulturpodkast som ifølge NRK behandlar dei viktigaste kultursakene og kulturdebattane i Noreg og i verda elles. NRK rapporterer vidare at aktuelle kulturuttrykk blir løfta og utforska kvar veke i podkastar som *Musikkreisa* og *Åpen bok*. Podkasten *Brenner deler dikt* publiserte nye episodar kvar veke i 2023, og NRK opplyser at tilbodet er blitt ein av Noregs største podkastar og har vunne fleire prisar. I tillegg er det laga undervisningsopplegg for vidaregåande skole med utgangspunkt i podkasten. NRK har tidlegare gjort greie for at kunnskapen NRK har om at podkastar har eit anna og yngre publikum enn NRK P2, gjorde at NRK også for *Brenner deler dikt* satsa på valbar publisering først, og at denne publiseringsstrategien utvida publikummet for dette tilbodet. NRK opplyser at det blir jobba systematisk med å senke terskelen for å lese, dele og snakke om dikt, og dei mange tilbakemeldingane NRK får frå publikum, stadfestar at dei personlege historiene gir ein god inngang til dette kulturtilbodet.

Det faste kulturprogrammet Studio 2 i NRK P2 inneheld ifølge NRK aktuelt kulturinnhald, og programmet blei utvida frå to til tre timar i 2023. NRK framhevar også *Sommar i P2* og *Vinter i P2*, der det er eit mål for redaksjonen å sikre ein balanse i kjønn og bidra til at NRK speglar det kulturelle, språklege og religiøse mangfaldet i landet. I dei 42 sommar- og seks vinterepisodane var 24 av gjestane kvinner og like mange menn. NRK opplyser at 14 av programma blei produserte ved NRKs regions-/distriktskontor i Tromsø (NRK Kvensk/Kvääni), Bodø, Trondheim, Bergen og Stavanger. NRK fortel at *Sommar i P2* og *Vinter i P2* byr på nære, unike historier fortalde av gjestane sjølve og er flaggskip på NRK P2 med høg oppslutnad i strøymetenesta NRK Radio, der programma når ut til nye lyttarar. Programmet og podkasten *Drivkraft* er ifølge NRK eit anna populært tilbod der programleiaren møter unike menneske med drivkraft over gjennomsnittet og søker svara på kvifor nokon har så store visjonar, giv og lidenskap. Medietilsynet har merka seg at alle dei tre programtilboda, *Drivkraft*, *Sommar i P2* og *Vinter i P2*, hadde fleire kulturprofilar som gjester i 2023.

NRK rapporterer at prosjektet «Kulturfeature» i 2023 leverte faste djupnesakar til Nrk.no på femte året. Gjennom prosjektet blir det laga langlesing frå kulturfeltet kvar veke, og dette bidrar til å bygge kompetanse knytt til formidlinga av både breie og smale kultuttrykk. Eit eksempel frå dei 52 djupnesakene frå 2023 er artikkelen om den tsjekkiske dirigenten Petr Popelka, som tidlegare var dirigent for KORC, men nå dirigerer Wiener Symphoniker i Austerrike. Eit anna eksempel er artikkelen om ei uføretrygda aleinemor som fekk stor suksess med ei kokebok for airfryer.

NRK gjer også greie for to profildrivne kulturguidar på nett, *Bokbrevet* og *Popkorn*, som skal gi publikum ein personleg inngang til kulturstoffet. *Bokbrevet* formidlar litteraturstoff gjennom Siss Vik, som ifølge NRK gir djupne, perspektiv og utforskar ulike tematikkar. NRK fortel at responsen frå lesarane tilseier at bokbrevna bidrar til gode samtalar om litteratur. *Popkorn* er ny i 2023 og formidlar film- og seriestoff gjennom Torkil Risan som presenterer stoffet i eit kortfatta videoformat på Nrk.no.


NRKs kulturkritikarar bidrar ifølge NRK jamleg med kritikk og fagleg kulturformidling til alle NRK-plattformene. NRK peiker på at kulturmeldingar er eit viktig bidrag til oppdraget NRK

har på kulturfeltet. Kulturkritikarane deler og publiserer innsikt og meldingar om verk innan litteratur, spel, musikk, arkitektur, film, seriar, kunst og teater på Nrk.no og radioflata *Nyhetsmorgen* kvar veke. Med eit mål om å tydeleggjere innhaldet og invitere fleire lesarar til å lese meldingane har NRK frå hausten 2023 publisert terningkast i kunst-, litteratur- og teatermeldingane, noko som har vore ein årelang praksis for meldingar av musikk, film, seriar og spel. NRK rapporterer om ein positiv effekt når det gjeld talet på lesarar, lesetid og auka andel yngre lesarar.

I kulturtilbodet til NRK inngår også innkjøpt innhald, og nokre av titlane NRK løftar fram for 2023, er *Byenes mester*, *SMK i København*, *Frida Kahlo*, *Ranes museum*, *De danske malerne* og *Selma Lagerlöf – livet, arbeidet og tida*. Andre dokumentarar om kultur er *Banksy og den stjalne jenta*, *Ennio Morricone – filmens maestro*, *Hans Zimmer – Hollywood rebel*, *Sheryl* om Sheryl Crow og *Billie* om Billie Holliday.

Programstatistikken frå NRK viser at kunst og kultur samla har auka markant dei siste tre åra frå 2021 til 2023, etter ein periode der omfanget blei redusert. Sjå figur 14. For dei einskilde kanalane er utviklinga noko ulik, men det er naturleg ut frå NRKs profilering av kanalane. Sjå meir om dette i punkt 2.3.2 og meir detaljert om tala i programstatistikken i punkta 2.3.3, 2.3.4 og 2.3.5.

Figur 14 – utviklinga for totalt antal timar kunst og kultur i NRKs «kjernekanalar» i perioden 2010 til 2023



Kjelde: NRK

Heilt frå NRK etablerte fleire kanalar på radio og tv, har programlegginga i dei ulike kanalane vore orientert mot ulike målgrupper med tydelege profiler.³⁸ NRK1 og NRK P1 er dei allment orienterte breiddekanalane, mens for eksempel NRK2 og særleg NRK P2 er kultur- og samfunnsorienterte, og NRK P3 og NRK Super/NRK 3 er orientert mot yngre målgrupper. I tillegg kjem eit titals nisje- og spesialkanalar på radio. Den særskilde utgreiinga NRK la fram for Medietilsynet i tilknytning til utgreiinga om NRKs bidrag til mediemangfaldet hausten 2021, viste at NRK P2 er kanalen med ein tydeleg profil som kulturformidlar i NRKs innhaldsunivers. Statistikken for dei tre «kjernekanalane» på radio og tv for dei siste åra, og også i 2023, stadfestar dette. NRK formidlar også kulturinnhald på nett, og i 2023 var fire prosent av dei 19 734 publiserte artiklane på Nrk.no om kultur.

Utgreiinga til NRK viser at kulturoppdraget blir løyst gjennom å publisere program i mange ulike format, programflater og på alle plattformer. Vidare viser NRK at analyse, kritikk og kunnskapsformidling står sentralt i kulturdekninga, men at også anbefalingar og omtalar er viktige, fordi NRK meiner desse formata er ein sentral veg inn til kultur og musikk for svært mange. NRK publiserer kultur- og musikkstoffet saman med anna innhald gjennom dagen, men har også fleire spesialprogram, særleg i NRK P2 og som podkast i NRK Radio. Sjå meir om program og tilbod som dekker ulike musikksgangarar, i punkt 2.9.3. NRKs utgreiing viser samla sett at NRK tilbyr ei sjangerbreidde i kulturdekninga, medrekna dekninga av musikk.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 hadde eit variert og breitt kulturtilbod som retta seg mot ulike publikumsgrupper og oppfylte krava i vedtektene. Kulturdekninga famnar både norsk og internasjonalt kulturliv, og NRK gir den norske kulturen ulikt rom og ulik profilering i dei ulike kanalane. Målgruppeinnretninga i hovudkanalane på radio- og tv-plattformene bidrar, saman med nisje- og spesialkanalane på radio, til ein variasjon i kva publikumsgrupper tilbodet rettar seg til – også ulike aldersgrupper.

Kulturtema som ofte har eit smalare publikumspotensial, er også ein del av tilbodet til NRK. Spesialkanalane på radio, som NRK Jazz, NRK Klassisk, NRK Folkemusikk, NRK P13 og NRK Urørt, bidrar til dette. Sjå også Medietilsynets vurdering og konklusjon i punkt 2.9.3. Underholdnings- og humorprogram på ulike plattformer bidrar også til variasjon og breidde i kulturformidlinga til NRK, blant anna gjennom dekning av populærkulturelle tema. NRKs utgreiing viser at det er ei breidde i kulturformidlinga, der ein brei variasjon av kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og kulturinstitusjonar i Noreg er representerte i formidlinga.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å tilby kulturstoff til både smale og breie grupper, inkludert eigne kulturprogram. Medietilsynet ser positivt på at NRK har styrkt

³⁸ NRK etablerte sin andre radiokanal NRK P2 i 1984 og den tredje kanalen NRK P3 i 1993. I løpet av 2017 blei det nasjonale bakkenettet digitalisert, og NRK sender til saman 15 radiokanalar i den såkalla Regionblokka. På tv etablerte NRK sin andre tv-kanal NRK2 i 1996 og den tredje NRK Super / NRK3 i 2007.

dekninga av den samiske kulturen gjennom eigen kritikar med samisk kulturkompetanse, og at det er publisert kulturmeldingar på kvensk i 2023. NRK oppfylte i 2023 også kravet om å ha eit løpande oppdatert tilbod innanfor kunst, kultur og underhaldning på nett.

2.9.2 Norsk drama og film

I 2023 publiserte NRK 26 dramaseriar for tv som til saman utgjorde rundt 104 timar norsk drama. Talet inkluderer både nye produksjonar og nye sesongar av etablerte seriar. NRK opplyser at tolv av seriane blei produserte internt i NRK,³⁹ 13 blei laga av ulike eksterne produksjonsselskap, og éin av seriane var ein internasjonal samproduksjon mellom NRK og fleire samarbeidspartar.

NRK forklarar at drama er ein viktig sjanger for å ta opp eit breitt utval samfunnsaktuelle tema, og at dramatilbodet er retta mot ulike målgrupper, inkludert barn og unge. Ansvarer NRK har for å stimulere det norske produksjonsmiljøet, resulterer i ein blandingsmodell av både interne og eksterne produksjonar som NRK meiner skaper eit større og meir variert innhaldstilbod til publikum. NRKs rapportering viser ein brei tematikk i dramaseriane som bidrar til å spegle mangfaldet i det norske samfunnet. Det går også fram at NRK har som mål å bygge sterke relasjonar med publikum og skape gode sjåarvanar, noko NRK opplever med seriar med mange episodar og fleire sesongar, som *VGS*, *Rykter*, *Lik meg* og *Exit*. Fleire av seriane til NRK er også nominerte og prislønte nasjonalt og internasjonalt i 2023. Serien *Makta* fekk fleire prisar under Canneseries, seriane *Etterglød* og *Cammo* hausta prisar under Seoul International Drama Awards, og dei to barne- og ungdomsseriane *Kuppel 16* og *Lik meg* vann prisar under Japan Prize. I Noreg fekk serien *Kuppel 16* Gullruten for årets grønne produksjon, og *Makta* vann Osloprisen.

NRK bidrar til at nye stemmer slepper til ved å arrangerer møteplassar for nye og uetablerte talantar. Sjå meir om dette i punkt 2.2.1 om «Nye stemmer». I 2023 fekk NRKs dramaavdeling 241 innspel til nye dramaseriar frå eksterne produksjonsmiljø, og 19 av desse var lyddrama. NRK opplyser at 33 dramaproduksjonar var under utvikling ved utgangen av 2023, 20 eksterne og 13 interne.

NRK viser til nordiske og europeiske samarbeid om dramaproduksjonar. Sjå meir om dette i punkt 2.8.4. Det nye europeiske samarbeidet som skal gi åtte samproduserte dramaseriar årleg (New8) frå 2023, omfattar NRK, SVT (Sverige), DR (Danmark), YLE (Finland), RÚV (Island), VRT (Belgia), NPO (Nederland) og ZDF (Tyskland). NRK viser til at samarbeidet ikkje berre er ein økonomisk relasjon, men eit viktig tiltak for å styrke og utvikle demokratiet

³⁹ NRK opplyser at dei dramaproduserande avdelingane til NRK er Drama, Super, Underholdning og P3. Medietilsynet merkar seg at NRK Sápmi produserte den samiskspråklege serien *Husky*, som hadde premiere i 2023.

gjennom dramainnhald som formidlar djupe kjensler, idear og samfunnskritikk på tvers av landegrensene.

NRK har over fleire år hatt ein ambisjon om å stimulere det samiske produksjonsmiljøet og å utvikle samiske dramaseriar på originalspråket. Fleire divisjonar og avdelingar i NRK har samarbeidt om dette målet – i hovudsak NRK Drama, NRK Sápmi og Eksternredaksjonen. I 2023 hadde NRK premiere på thrillerserien *Husky*, som har målgruppa barn i 10–12-årsalderen, er på samisk og laga av NRK Sápmi. Sjå meir om denne serien i punkt 2.6.3 om tilbodet til barn på samisk. Ein annan premiere i 2021 som tematiserer samiske tema og konflikt i Finnmark, er dramaserien *Vi lover et helvete* som blei laga av eksterne produsentar (Fenomen TV Film og Scene).



Katelyn Garbin og serieskapar Caroline Glomnes spelar Kamilla og Cammo i serien Cammo. Foto: NRK.

NRK avgjorde i 2023 å sette to nye eksternproduserte seriar på nordsamisk i produksjon. Ungdomsdramaserien *Oro Jaska*, produsert av Alfred Film/Feelgood, og familiedramaet *Heajastallan (Bryllupsfesten)*, produsert av Meir Film/Tordenfilm, startar opptaka våren 2024 i respektive Karasjok og Kautokeino. NRK opplyser at *Oro Jaska* har premiere seinhausten 2024, og at *Heajastallan* først kjem hausten 2025.


Av NRKs dramaseriar på tv i 2023 var *Bablo* (sesong 9–11), *Lik meg* (sesong 7), *Superkrim*, *Beist*, *Hybris*, *Husky*, *Norsk-ish* (sesong 2), *Snøfall* (sesong 2), *Den magiske labben*, *Gnist*, *Cammo*, og *Side om side* (sesong 10) laga internt i NRK. *Exit 3* er produsert av Fremantle, *Makta* er produsert av Motlys og Novemberfilm, *Orion* er produsert av Spark, *Karsten og Petra* er produsert av Cinenord, *Klassen* sesong 7 er produsert av STV Production Norway, *VGS* er produsert av BBC Studios Nordic, *Vi lover et helvete* er produsert av Fenomen TV Film og Scene, *Rykter* (sesong 2) er produsert av Mothership Entertainment, *Campingplassen* er produsert av Monster Scripted, *Hva skjedde med Solveig*, *Dummedag* og *Familien Lykke* er produsert av Seefood TV, *Evy og alltid* er produsert av Einar Film

Drama og *Chezville*, og *The Seed* er produsert av Odeon Fiction i samarbeid med ARD1 og NRK. NRK opplyser at dei fem største dramaleverandørane i 2023 var Seefood TV, Fremantle, Motlys/Novemberfilm, Moster og Einar Film Drama.

NRK publiserer også lyddrama som valbart innhald i NRK Radio, og i 2023 blei det publisert litt over sju timar lyddrama totalt. NRK har tidlegare gjort greie for at mens få lyttar til radioteater på lineær radio, veks interessa for gode historier på podkast. I 2023 publiserte NRK den interne produksjonen og påskekrimmen i seks episodar, *Guttapassasjen*, noko som gav litt over to timar lyddrama totalt. Ein norsk adaptasjon av Sveriges radio sitt lyddrama, *Vikingar*, blei produsert av NRK Lyddrama med støtte frå Nordvisjon. Serien *Vikingar* gav med sine ni episodar om lag fem timar lyddrama. NRK opplyser at det i tillegg blei publisert lyddramainnhald frå arkivet i NRK Radio i høgtider og feriar i 2023. Til saman blei det publisert 131 titlar i NRK Radio, 32 av produksjonane var for barn, 55 var kriminaldrama og 44 var andre typar lyddrama. NRK publiserer all lyddrama under kategorien høyrespel på Nrk.no.

NRK skal ifølgje vedtektene legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet for tv til eksterne produsentar. Delen skal reknast ut frå rullerande treårsperiodar og som eit snitt over tre år. Det frie programbudsjettet for tv omfattar all investering i tv-innhald i eitt år, sett bort frå investering i nyheiter, sport, distriktssendingar, innhald frå NRK Sápmi og kjøp av visningsrettar til internasjonale produksjonar. Kravet blei tatt inn i NRKs oppdrag frå 2018, og i den første perioden frå 2018 til 2020 var snittet 42 prosent – altså godt over minstekravet. I den andre måleperioden frå 2019 til 2021 var snittet 43,8 prosent, og i den tredje perioden frå 2019 til 2022 var snittet 45,2 prosent. I den fjerde måleperioden frå 2020 til 2023 ligg snittet på 46,8 prosent. Rapporteringa viser at NRK har auka utsettinga av produksjonar eksternt, og NRK opplyser at verksemda vil fortsette å kombinere eksterne og interne produksjonar for å levere eit sterkt og variert innhaldstilbod til publikum. I årsrekneskapen til NRK går det fram at den årlege summen til eksterne produksjonar har auka frå i overkant av 360 millionar kroner i 2018 til i overkant av 439 millionar kroner i 2023.

Figur 15 – kostnader til eksterne produsentar og andel av samanliknbar tv-ramme




Kjelde: NRK

NRK investerer også i andre eksterne produksjonar som ikkje er medrekna i oversiktene over. For eksempel har NRK dei siste åra auka satsinga på eksterne produsentar av radio og podkast. I perioden 2020–2023 rapporterer NRK årlege investeringar i storleiken 25 til 29 millionar i radio- og lydinnhald.⁴⁰ Vidare nyttar ei rekke større NRK-produksjonar kompetanse frå eksterne produksjonsmiljø, som for eksempel *Mesternes Mester*, *Stjernekamp* med vidare. NRK viser til at eksterne produksjonsmiljø i Noreg leverer innhald av høg kvalitet, og at det eksternt produserte innhaldet, saman med det internt produserte, bidrar til breidde og variasjon i samsvar med NRKs oppdrag og strategi. I perioden frå 2010 til 2023 har NRK meir enn dobla investeringane sine i eksterne produksjonar. Figur 16 viser korleis den prosentvise fordelinga er i investeringane i eksterne produksjonar berekna både i talet på prosjekt og i kostnader. Figuren viser blant anna at éin av tre eksterne produksjonar er radio/podkast, men berre utgjør 5 prosent av dei samla eksterne kostnadane. Eksterne dramaproduksjonar er den nest største kategorien i antal prosjekt og den klart største kostnadskategorien med over 50 prosent.

⁴⁰ 25,1 millionar kroner i 2020, meir enn 29 millionar kroner i 2021, 25,1 millionar kroner i 2022 og 27,2 millionar kroner i 2023.



Figur 16 – eksternproduksjon 2023 i antal prosjekt og kroner (tal i prosent)



Kjelde: NRK

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte krava om å formidle norsk drama og film, og å stimulere norske produksjonsmiljø. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfylte kravet om å legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet på tv i rullerande treårsperiodar frå og med 2018, med eit snitt på 46,8 prosent i den fjerde måleperioden frå 2021 til og med 2023.

2.9.3 Norsk og samisk musikk

NRKs breie musikkansvar blei styrkt i den siste endringa av NRKs vedtekter, og 2023 er det første året med dei nye krava. Ved utforminga av dei fireårige styringssignala for 2023–2026 slutta Kultur- og likestillingsdepartementet seg til Medietilsynets anbefaling om å utvide NRKs norske musikkoppdrag til å gjelde for fleire av NRKs radiokanalar og å presisere NRKs oppdrag om å fremme samisk musikk.⁴¹ Samtidig understreka departementet ansvaret NRK har for å fremme lokale komponistar og tekstforfattarar. Dei to første setningane av det utvida kravet i § 35 i NRKs vedtekter tar for seg desse endringane og presiserer at NRK skal

⁴¹ Punkt 12.4.5 i Prop. 1 S (2022–2023) Kultur- og likestillingsdepartementet, jf. punkt 1.3, 6.4 og 6.5 i Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet – En analyse av NRKs bidrag til innholds- og bruksmangfoldet, NRKs samarbeid med andre medieaktører og konkurransemessige virkninger av NRKs nyhets- og aktualitetstilbud på nett.*

bidra til å fremme nye talent og lokale artistar, komponistar og tekstforfattarar. Vidare at minst 40 prosent av musikken som blir spelt på NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk, skal vere norsk med vekt på norskspråkleg eller norskkomponert musikk.

Det justerte kravet i § 35 presiserer også ansvaret NRK har for å fremme musikk frå samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar, noko som er ei tydeleggjering av det etablerte kravet NRK allereie har hatt i mange år om å styrke dei samiske språka og samisk identitet og kultur. Krava til samisk musikk blir behandla i dette kapittelet, mens vurderinga av korleis NRK oppfyller dei andre krava til det samiske tilbodet, går fram av punkt 2.7.

Ved vedtektsendringa fekk NRK også presisert ansvaret for å fremme musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg, og vurderinga av denne delen av § 35 er vurdert under punkt 2.8.3. Ansvaret NRK har for å ha eit fast orkester blir vurdert i punkt 2.9.4.

I allmennkringkastarrekneskapen gjer NRK greie for at norsk og samisk musikk har vore løfta fram gjennom 2023, og at hundretals nye norske og samiske artistar, solistar, utøvarar og band er synleggjorde i tilbodet til NRK. NRK reknar norsk musikk som musikk av norsk artist/utøvar, komponist, tekstforfattar eller med norsk språk. Medietilsynet viser til at NRK dei seinare åra har auka andelen norsk musikk i dei tre radiokanalane som har vore omfatta av krava fram til og med 2022. Rapporteringa frå det første året der krava er utvida til ti radiokanalar, viser at alle innfrir kravet om å spele minst 40 prosent norsk musikk. Sjå tabell 13. Norskandelen i NRK P1 var 55,2 prosent i 2023, eit nivå som har vore stabilt dei fire siste åra med 54,8 prosent i 2022, 55 prosent i 2021 og 55,9 prosent i 2020. NRK P2 spelte 49,5 prosent norsk musikk i 2023 og fortsette den positive trenden dei siste åra frå 42,9 prosent både i 2020 og 2021 og 47,5 prosent i 2022. I NRK P3 var andelen norsk musikk 57,7 prosent, på same nivå som i 2022 og 2020 då andelane var respektive 57,1 prosent og 57,8 prosent, og noko lågare enn 59,3 prosent i 2021.

For dei resterande sju radiokanalane startar tidsserien med målingar i 2023. NRK Super og NRK Folkemusikk utmerkar seg med særst høge norskandelar på respektive 89,5 og 96,6 prosent norsk musikk. NRK Nyheter spelte 53,3 prosent norsk musikk, og i NRK P1+ og NRK mP3 var om lag halvparten av musikken norsk, med respektive 50,2 og 49,5 prosent. NRK Sport spelte 43,6 prosent norsk musikk, og NRK P13 oppfylte akkurat kravet med 40,2 prosent.

Tabell 12 – andelen norsk musikk på NRKs kanalar i 2023 (tal i prosent)

Kanal	Norsk musikk	Norsk på norsk	Norsk komponist	Norsk tekstforfattar	Norsk utøvar
NRK P1	55,2	60,0	53,0	53,0	54,8
NRK P2	49,5	33,5	39,4	25,1	49,2
NRK P3	57,7	43,3	59,3	59,3	57,3
NRK P1+	50,2	82,7	37,1	41,6	49,8
NRK Super	89,5	92,0	72,3	75,8	87,6
NRK Nyheter	53,3	52,0	51,2	50,9	53,0
NRK mP3	49,5	47,8	50,8	49,4	48,7
NRK Folkemusikk	96,6	18,9	92,2	20,5	96,5
NRK Sport	43,6	46,1	43,3	42,6	43,3
NRK P13	40,2	28,3	39,0	38,5	40,2

Kjelde: NRK

I tillegg til kravet om at 40 prosent av musikken som blir spelt, skal vere norsk, har NRK ei plikt til å vektlegge musikk som er norskspråkleg eller norskkomponert, i radiokanalane som er omfatta av kravet. NRK rapporterer spesifikke tal for norsk musikk på norsk, norsk komponist, norsk tekstforfattar og norsk utøvar. Tabell 13 viser kor stor andel av den norske musikken som er norskspråkleg på dei ti NRK-kanalane som er omfatta av kravet. Tabellen viser også kor stor andel av den norske musikken som har norsk utøvar. NRK har sidan 2021 nytta ein ny målemetode som skil mellom komponist og tekstforfattar, noko som gir betre innsikt i formidlinga NRK har av norsk musikk. Tabell 13 viser også kor stor andel av musikken totalt som er norskkomponert, og kor stor andel av musikken totalt som har ein norsk tekstforfattar på dei ulike radiokanalane.⁴²

⁴² NRK har tidlegare rapportert eit totaltal for andelen som enten er norskkomponert eller har norsk tekstforfattar. Det er dette talet som i tidlegare tilsynspraksis er lagt til grunn for vurderinga av om NRK oppfyller kravet om å vektlegge norskkomponert musikk. Ved å registrere den som skaper musikkverket som komponist og den som set eventuell tekst til musikken som tekstforfattar kvar for seg, gir det ei betre innsikt i formene for norsk opphav i musikken som blir formidla. Utan samletalet er det likevel ikkje mogleg å ta stilling til kor mykje av den norske musikken som enten har norsk komponist eller tekstforfattar. For dei fleste musikksgjangerane vil det både førekomme at den som komponerer musikken også lagar teksten, og at dei som komponerer og lagar tekst, ikkje er dei same personane, og det førekjem at musikk blir laga av personar med opphav i ulike land. Dei to prosentandelane for norsk komponist og norsk tekstforfattar kan derfor ikkje summerast, ettersom det ikkje ligg føre informasjon om eventuell overlapp i norsk opphav for dei to kategoriane. NRK har tidlegare rapportert om stabilt svært høge andelar for norsk komponist/tekstforfattar for NRK P1 og NRK P3 på rundt 95 prosent og over. I NRK P2 har andelen av den norske musikken som var norskkomponert eller hadde norsk tekstforfattar, samla sett lege mellom 76 og 80 prosent sidan 2020 og fram til og med 2022. Sjå Medietilsynets tidlegare allmennkringkastingsrapportar på <https://www.medietilsynet.no/fakta/rapporter/kringkasting/allmennkringkastingrapporter-2004-dd/> Medietilsynet vil ha nærmare dialog med NRK om rapporteringa av den norske musikken fram mot neste tilsynsrapport for 2024.

NRK P1 hadde ei hovudvekt på norsk språk i den norske musikken som blei formidla med 60 prosent i 2023. Omfanget er relativt stabilt samanlikna med dei fire siste åra med 60,4 prosent norskspråkleg musikk i 2022, 62,3 prosent i 2021 og 61,9 prosent i 2020. Samstundes var meir enn halvparten av musikken som blei spelt i NRK P1 norskkomponert i 2023. 53 prosent av NRK P1-musikken var norskkomponert og 53 prosent hadde norsk tekstforfattar. 54,8 prosent hadde norsk utøvar. Fordelinga er relativt stabil samanlikna med 2022.

NRK P2 hadde 33,5 prosent norskspråkleg musikk i 2023, noko som er ein auke samanlikna med 28,6 prosent i 2022 og 30,5 prosent i 2021, og nærmare omfanget i 2020 da andelen var 34,3 prosent. 39,4 prosent av musikken som blei spelt i NRK P2 hadde norsk komponist og 25,1 prosent hadde norsk tekstforfattar i NRK P2 i 2023, og 49,2 prosent hadde norsk utøvar. Fordelinga er relativt stabil samanlikna med 2022.

43,3 prosent av den norske musikken som blei spelt i NRK P3 i 2023, var norskspråkleg, stabilt med 2022, da andelen var 43,4 prosent etter ein markant auke frå 34,7 prosent i 2021 og 28,2 prosent i 2020. Med 59,3 prosent var majoriteten av NRK P3-musikken i 2023 norskkomponert, og 59,3 hadde norsk tekstforfattar. 57,3 prosent hadde norsk utøvar. Tala er svakt styrkte samanlikna med 2022.

Av dei nye radiokanalane som er omfatta av krava om norsk musikk frå 2023, har NRK Super og NRK P1+ dei høgaste andelane norskspråkleg musikk med respektive 92 og 82,7 prosent. Ettersom NRK Super har barn som målgruppe, er det naturleg å forvente at ein stor del av musikkinnhaldet blir formidla på norsk av norske utøvarar, og i 2023 var 87,6 av utøvarane norske. Hovuddelen av musikken som blei spelt i NRK Super var norskkomponert, med 72,3 prosent, og 75,8 prosent hadde norsk tekstforfattar. NRK P1+ er kanalen i NRKs radiounivers som rettar seg mot ei godt vaksen målgruppe, og om lag halvparten av musikkutøvarane var norske. 37,1 prosent av musikken som blei spelt var norskkomponert i NRK P1+, og 41,6 prosent hadde norsk tekstforfattar.

I NRK Nyheter, NRK mP3 og NRK Sport var meir eller mindre halvparten av den norske musikken som blei spelt i 2023, norskspråkleg, med respektive 52, 47,8 og 46,1 prosent. I NRK Nyheter var 51,2 prosent av musikken norskkomponert, og 50,9 prosent hadde norsk tekstforfattar, i tillegg hadde 53 prosent norsk utøvar. I NRK mP3 var 50,8 prosent av musikken norskkomponert, og 49,4 prosent hadde norsk tekstforfattar. 48,7 prosent av musikken hadde norsk utøvar. I NRK Sport var 43,3 prosent av musikken som blei spelt norskkomponert, 42,6 prosent hadde norsk tekstforfattar, og 43,3 prosent hadde norsk utøvar.

Dei lågaste andelane norskspråkleg musikk hadde NRK P13 med 28,3 prosent og NRK Folkemusikk 18,9 prosent. I NRK Folkemusikk var samstundes heile 92,2 prosent av musikken norskkomponert i 2023, og 96,5 hadde norsk utøvar. Berre 20,5 prosent av musikken hadde norsk tekstforfattar i Norsk Folkemusikk. Den låge andelen norske tekstforfattarar har Norsk Folkemusikk til felles med NRK P2. Ei av årsakene er at mykje av musikken som blir spelt, er instrumentalmusikk. I NRK P13 var 39 prosent av musikken norskkomponert, og 38,5 prosent hadde norsk tekstforfattar.

NRKs statistikk viser samla at NRK la vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk i NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk i 2023.

I 2023 markerte NRK Folkemusikkens år og det at organisasjonen FolkOrg fylte 100 år med å gje musikksjangeren eit ekstra løft på alle plattformer. Tv-serien *Trollstemt* tok for seg både dei historiske linene, men også den moderne tolkinga, i den tradisjonsrike folkemusikken. Gjennom portrett av unge folkemusikkutøvarar hadde NRK eit mål om å nå eit breitt og ungt publikum. På slutten av 2023 hadde Kringkastingsorkesteret fokus på norsk folkemusikk i julekonserten sin, og fleire av muskarane frå serien *Trollstemt* deltok på konserten. NRK opplyser i tillegg om ei auka satsing på arkivstoff om folkemusikk i NRK TV i samanheng med publiseringa av *Trollstemt*, og at *Folkemusikkstimen* fekk auka profilering i NRK Radio.

NRK produserte 47 nye *Folkemusikkstimen*-program til NRK P2 og strøymetenesta NRK Radio. 14 av programma var via konseptet *Min folkemusikk*, der kjende folkemusikarar deler og fortel historier om folkemusikken som betyr mest for dei. Landskappleiken i Lom, Folkelarm i Oslo, og Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Førde blei dekt i *Folkemusikkstimen*, som også laga program om langeleik, bukkehorn og valdresspringar. NRK fortel at programmet i 2023 har gjennomgått endringar og tilpassingar til ny publikumsbruk.

NRK oppdaterte også den reine musikkanalen Folkemusikk i 2023 med nye utgivingar og meir mangfald, der det er formaterte flater for gamaldans og for ny, norsk folkemusikk. I samarbeid med Folkemusikkgruppa i EBU blei det arrangert europeisk folkemusikkdag hausten 2023. NRK sende gruppa Gangar til Euroradio Folk Festival i Tyskland og formidla tolv timar konsertopptak frå festivalen i radiokanalen Folkemusikk. Våren 2023 engasjerte NRK ein frilans folkemusikkmeldar og styrker slik den kritiske dekninga av denne sjangeren.

NRK P2s faste jazzprogram Jazzklubben dekker norske jazzutøvarar, nye plateutgjevingar og norske jazzfestivalar. Blant anna blei festivalane Moldejazz og Vossa Jazz blei dekte med journalistisk nærvær og overføringar. Andre eksempel er Maijazz frå Stavanger, Nattjazz frå Bergen og Kongsberg Jazzfestival. I 2023 markerte NRKs musikkredaksjon og Kringkastingsorkesteret 50 årsjubileet til Vossa Jazz med ein tv-produksjon av verket *Sagn*, som kombinerer folkemusikk og jazz. NRK sende også opptak av tingingsverka frå Vossa Jazz 2023, som blei publiserte i radiokanalen NRK Jazz og i programmet *Musikklivet* på NRK P2. Kringkastingsorkesteret samarbeidde med NRKs jazzredaksjon om ein serie jazzkonsertar frå Store Studio, som blei formidla både på NRK Jazz og som utdrag i programmet Jazzklubben på NRK P2. Ein serie på fem episodar om norske jazzprofilar, platesamlingane deira og kva som inspirerer dei, blei også sendt i 2023. I 2023 samarbeidde NRK med Norsk Jazzforum om den første jazzprisen, og arrangementet blei sendt direkte på NRK P2 og NRK Jazz.

NRK P2-programmet *Jungeltelegrafen*, som dekker den globale musikken og følger det fleirkulturelle musikkfeltet i Noreg, endra namn til *Musikkreisen* i 2023. Programmet fekk også utvida sendetid og sende blant anna direkte frå festivalen for musikk frå Latin-Amerika, Afrika, Asia og Midtausten, Oslo World. *Musikkreisen* formidla ifølge NRK også fleire eigne

konserter med norske artistar og sende direkte frå det verdsospennande bransjetreffet Womex.

NRK forklarar at det to timar lange aktualitetsprogrammet *Musikklivet*, som blir sendt kvar veke i NRK P2, fokuserer på norsk musikk. Både musikkjournalistar og -meldarar blir nytta i sendingane for å fortelje om og vurderer musikksjangrane jazz, klassisk, samtidsmusikk, global musikk og norsk folkemusikk. Programmet har ifølge NRK høg publikumsoppslutning. NRK P2s *Spillerom Søndag* er et samtidsmusikkprogram som dekker nye musikalske uttrykk, og i 2023 har redaksjonen løfta fram fleire norske uroppføringer og nye norske plateinnspelinger. I tilknytning til samtidsfestivalane Borealis (Bergen) og Ultima (Oslo) formidla *Spillerom Søndag* fleire reportasjar og intervju. Programma dekte også dei nye verka «Credo et Credis» frå Oslo internasjonale kyrkjemusikkfestival, den norske operaen «Fram» og ungsatsinga «Ingenting» ved Den Norske Opera & Ballett med reportasjar og kritikarmeldingar. NRK gjer vidare greie for ei brei dekning av ulike klassiske musikkfestivalar i 2023 med konsertopptak og reportasjar, og forklarar at innhaldet har blitt publisert i eit eller fleire av programma i radiokanalen NRK Klassisk eller i programma *Musikklivet* og *Spillerom Søndag*.

NRK vidareførte i 2023 den nye storsatsinga innan musikkformidling på alle plattformer frå NRK i 2022, *NRK-scenen*. Målet med satsinga er ifølge NRK å gi publikum unike framføringer frå spennande miljø, og i 2023 har NRK-scenen formidla minikonserter frå eit breitt spekter av norsk musikk i alle sjangrar. NRK gir desse eksempla frå 2023: Nilaas, Oslo Strykekvartett, Matata, Kaizers Orchestra, Alexander Aga Røynstrand, Moddi og Miss Tati.

Radiokanalen NRK Klassisk sender ifølge NRK brei, tilgjengeleg klassisk musikk på kvardagane og journalistisk utarbeida program i helgane når lyttarane har betre tid til fordjuping. NRK rapporterer at populære program i kanalen er *Rebus*, *Ring inn musikken* og *Min favorittmusikk*. Dei to førstnemnde programma bygger på interaktivitet med lyttarane, og i *Min favorittmusikk* deler musikk- og samfunnsprofilar sine opplevingar av den klassiske musikken. NRK Klassisk har ei fast konsertflate der det kvar veke gjennom heile året blir sendt konsertopptak frå Oslo, Bergen, Stavanger, Bodø, Kristiansand og Trondheim. NRK fortel at urframføringer blei prioriterte, og at NRK Produksjon bidrog til nokre av konsertopptaka. Programmet *Klassisk vorspiel* blir sendt kvar veke både i NRK Klassisk og i NRK P2, og i 2023 blant anna Nordlysfestivalen, Trondheim internasjonale kammermusikkfestival og Dronning Sonjas Sangkonkurranse. Redaksjonen i NRK Klassisk var i 2023 til stades på fleire av dei norske musikkfestivalane, som Hemsingfestivalen, Festspela i Bergen og Fjord Classics. Under julehøgtida la NRK Klassisk hovudvekta på tradisjonsrike norske julesongar, og NRK fortel at juleinnhaldet gav kanalen eit publikumsløft i desember 2023.

På tv er *Hovedscenen* NRKs viktigaste program for klassisk musikk og tilbyr norske og internasjonale klassiske konserter og dokumentarar, både gjennom innkjøp og eigenproduksjon. I 2023 blei 19 nye produksjonar med norsk orkester og/eller norsk solist vist i *Hovedscenen*. NRK nemner *Last Night of the Proms* med den norske sopranen Lise Davidsen, *Mestermøter på Nasjonalmuseet* med nokre av Noregs fremst unge musikarar, og *Stjernegalla frå Paris* med blant anna norske Vilde Frang som tre av høgdepunkta i 2023. Eit

eige reportasjeprogram frå Dronning Sonjas Sangkonkurranse blei også sendt under *Hovedscenen* i 2023.

Kvar veke sender NRK P2 *Bluesasylet*, som formidlar tema knytte til blues, soul og tilgrensande sjangrar. I 2023 hadde *Bluesasylet* 42 nyproduksjonar, og det er laga eigne versjonar av nokre av temaa som har blitt formidla i programmet *Musikklivet*. NRK opplyser at *Bluesasylet* vektlegg formidling av norske musikarar og norske gjester.

Både NRK P3 og NRK P13 løftar fram nye låtar frå norske artistar kvar veke gjennom radiolisting. NRK opplyser at eit femtitals artistar har spelt live i programma *StudioP3* og *Selskapssjuk*, som begge blir sende på NRK P3 og NRK P13. Nokre av artistane i 2023 er Makosir, Michelle Ullestad, Rambow, Signe Marie Rustad, Stein Torleif Bjella og Ane Brun. Vidare går det fram at NRK P3 lista heile 402 norskspråklege låtar i 2023. NRK P3 var ifølge NRK også til stades på ei rekke festivalar i 2023, og NRK gir fleire eksempel på dette. Den etablerte satsinga *Urørt* fremmar nye norske artistar kvar veke, med nærmare 500 låtar kvart år. I 2023 blei *Urørt*-finalen formidla i NRKs første liveproduksjonen i videoformatet 1080 HDR, og norsk-filippinske Hillari blei kåra til Årets *Urørt*. Da den norske artisten Sigrid turnerte i Noreg i 2023, samarbeidde ho med redaksjonen i *Urørt*, som valde 22 unge, spanande artistar og band frå dei forskjellige stadane rundt om i landet som fekk varme opp for Sigrid. NRK *Urørt* hadde også fleire eksterne samarbeid i 2023, som med Salt Art & Music, X2 Festival, by:Larm, Trondheim Calling, Vill Vill Vest, UKA, Spot Festival i Danmark og Eurosonic i Nederland. Ei anna etablert satsing som fremmar nye norske artistar, er musikkonkurransen *P3 Gull*. I 2023 var artistar som blant andre Amanda Delara, Makosir, Synne Vo, Arif, *Urørt*-vinner Hillari og Emma Steinbakken med i liveshowet og tv-sendinga.



Hillari blei «Årets *Urørt*» i 2023. Foto: Kim Erlandsen, NRK.

Podkasten *Musikkrommet* formidla historiene til ei rekke norske musikarar, som Cucci Caliente (Emily-Madelen Harbakk), Peder Elias, Susanne Sundfør, Broiler, Beharie, Metteson, Cezinando, Jonas Benyoub, Kjartan Lauritzen, Ravi, Kvelertak, Hillari, Skaar, Ane Brun og Dagny.

Kringkastingsorkesteret (KORK) har bidratt med fleire produksjonar i samarbeid med Musikk i NRK i 2023. Dei to tv-portretta *Klangen av Andnes* og *Klangen av Tine Thing Helseth* hadde som mål å løfte fram nokre av Noregs fremste klassiske solistar, som også har betydelege internasjonale karrierar og opptredenar på dei største klassiske musikkscenene i verda. NRK publiserte i 2023 også utandørskonserten til Oslo-Filharmonien på Slottsplassen på NRK 1 og i radiokanalen NRK Klassisk. KORK og NRK samarbeida i 2023 med operafestivalen Operafest Røykenvik om årets *Sommerkonsert med KORK*, der samtidsverket «Birds and bells» av komponist Bente Leiknes Thorsen blei framført i tillegg til framføringar av norske solistar frå opera-, soul- og musikalsjangeren. Under festspela i Bergen laga NRK både eit reportasjeprogram om den norske sopranen Lise Davidsen og løfta fram ungsatsinga med meisterklasser og årets festspelutstillar. Festspela blei i tillegg dekt både i radiokanalen NRK Klassisk og aktualitetsprogrammet *Musikklivet* på NRK P2. NRK og KORK spelte også inn ei juleplate med påfølgande julekonsert på Folketeatret i Oslo saman med Lise Davidsen og dirigent Christian Eggen. *Julekonsert med KORK* i 2023 hadde folkemusikk som grunntema, og hovudartisten var Kim Rysstad saman med nye lokale talent innan folkemusikken. KORK markerte 100-årsjubileet for den norske operastjerna Aase Nordmo Løvberg med utandørs konsert i Målselv, der lokale krefter og norske solistar stod sentralt.

Eit anna samarbeidsprosjekt NRK løftar fram for 2023, er nobelsendinga *Vi hyller Norges Mohammadi*. Direktesendinga frå Store Studio var eit samarbeid mellom KORK, NRK Musikk, Urix-redaksjonen og Nobelinstituttet. Målet med samarbeidsprosjektet var ifølge NRK å bli betre kjent med fredsprisvinnaren og å gje publikum ein intimkonsert med KORK med relevant musikk. Blant dei musikalske innslaga framførte KORK eit verk av den kvinnelege iranske komponisten Niloufar Norbakhsh, som lever i eksil. Elles opptredde den norsk-iranske artisten Delara, iranske Mahsa Vahdat, norske Tine Ting Helseth og norske Angelina Jordan, som har iransk bakgrunn.

NRK viser til at fleire norske artistar har spelt direkte i underholdningsprogrammet *Lindmo* på NRK1. 25 ulike livemusikknummer blei presenterte i 2023, og NRK opplyser at breidda i sjangrar var god. *Stjernekamp* er ei anna helgesatsing der etablerte og nye talent konkurrerer i ei rekke ulike musikksjangrar. I 2023 sende NRK ellefte sesong av serien, og deltakarane var Tone Damli, Mari Bella, Melis, Elle Maija Klefstad Bær, Aleksander With, Stian Ehiabhi Omole Jensen, Damien, Adrian Sellevoll og Odd René Andersen. NRK viser også til at totalt 24 norske artistar feira gleda med musikk i seks episodar *Beat for Beat* i 2023. Under sendingane *Kvelden før kvelden* på vesle julaftan, *Festen etter fasten* og *TV-aksjonen* deltok fleire nye og etablerte norske artistar med ulike framføringar. *Maskorama* er ifølge NRK også basert på eit musikkonsept der kjende folk får vise fram talenta sine som artistar.

NRK viser til at Melodi Grand Prix (MGP) formidlar nyskriven norsk musikk, og at eit nittitals låtskrivarar var involverte gjennom urframføring av til saman 21 nye låtar gjennom

delfinalane. NRK opplyser at norske MGP 2023 mønstra artistar frå heile Noreg. NRK viser til fleire urframføringar frå ulike orkester i 2023, blant andre: Henrik Hellstenius med *Public Behaviour* for solo slagverk, vokalsekstett, video og orkester, Maja Ratke med *Considering Icarus* for trombone, og Anna Berg med *Returnal*. I tillegg hadde KORK fleire urframføringar som blir nærmare omtalte under punkt 2.9.4.

I 2023 sette NRK Sámi radio i alt 302 nye, unike samiske innspelningar på spelelista, der om lag 100 av dei er joikar. NRK opplyser at det også blir spelt både eldre og ny samisk musikk gjennom heile døgnet i NRK Sámi radio, og at det i tillegg blir spelt sjangerrelevant samisk musikk i andre flater på NRK. NRK viser til at den samiske artisten Elle Maija Klæfstad Bær, som syng på nordsamisk i kombinasjon med rock, blues og pop, deltok i *Stjernekamp 2023*.

NRK gjennomførte *Sámi Grand Prix* saman med SVT og Sámi Easterfestival i 2023, og det er andre gongen musikkonkurransen blei direkte-send. *Sámi Grand Prix* er ifølge NRK Sápmis største musikkonkurransse, og finske, norske, og svenske deltakarar konkurrerer med heilt nye bidrag i dei to kategoriane song og tradisjonell joik. NRK forklarar at kategorien song består av seks låtar innan sjangrane popballadar, EDM og Rap, mens kategorien joik består av seks tradisjonelle a capella joikar. NRK gjer greie for at målet med *Sámi Grand Prix* er å gje samiske artistar innan både tradisjonell joik og moderne musikk nye og store scenar å opptre på, slik at dei når ut med musikkuttrykka sine. Til finalen i 2023 fekk NRK Sápmi inn 63 bidrag, og det blei lagt vekt på at fleire språkgrupper og joikedialektar skulle vere representerte. NRK opplyser at alle dei tre hovudspråkgruppene og områda var representerte under finalen, med nordsamisk Luothi, sørsamisk Vuolie, lulesamisk Vuolle og autsamisk Leu'dd.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK bidrog til å fremje nye talent og lokale artistar i 2023. NRK oppfylte også det utvida kravet om at minst 40 prosent av musikken i NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk skal vere norsk. Samla vurderer Medietilsynet at dei ti radiokanalane hadde vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk i den musikken som blei formidla i 2023.

Medietilsynet vurderer også at NRK oppfylte det nye, presiserte kravet om å fremje musikk frå samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar i 2023.

2.9.4 Eit fast orkester

NRK har krav om å ha eit fast orkester som skal dekke alt frå underhaldningsmusikk til symfonisk musikk. Ifølge NRK er målet, ambisjonen og strategien for Kringkastingsorkesteret (KORK) forankra i visjonen «heile landets orkester», noko som inneber at samarbeid med interne og eksterne aktørar er avgjerande både teknisk, økonomisk og musikalsk. For å nå målet inngår KORK samarbeid med lokale aktørar som konserthus, festivalar og kommunar, og orkesteret har bidratt til mange konsertproduksjonar for radio og tv. Samtidig har KORK først og fremst eit utstrekt samarbeid med andre avdelingar i NRK. 2023 er det andre året KORK er med i ein samredaksjon mellom Musikkredaksjonen i KORK og NRK Musikk, noko NRK rapporterer at styrker og tydeleggjer musikksammarbeidet og aukar samhandlinga om program.

I juni 2023 avslutta sjefdirigent Petr Popelka treårsperioden sin for KORK. Avslutninga blei ein miniturné til Tsjekkia i samarbeid med KORKs søsterorkester i tsjekkisk radio og operahuset i Praha. NRK opplyser at prosessen med å tilsette ny sjefdirigent er i gang, og at fleire spanande namn er på utprøving i orkesteret.

NRK rapporterer om at KORK har samarbeidd med fleire eksterne aktørar 2023, for eksempel med Aftenposten, Operahøgskulen, musikklinjene ved dei vidaregåande skolane i Oslo, Oslo internasjonale kyrkemusikkfestival og Operafest Røyken. KORK har også samarbeidd med artistar som Susanne Wallumrød, Eyolf Dale Trio og Lars Saabye Christensen. Orkesteret har òg bidratt med musikk til filmar, tv-seriar og drama som *Fantus og barna*, julekalenderen *Snøfall 2*, *Demenskoret* og stumfilmen *Laila*.

Vidare har KORK og Musikk i 2023 samarbeidd med Folketeateret og produksjonsselskapet Scenekvelder om førestillinga *Musikalfest med KORK*, der unge, norske musikalartistar, songarar og skodespelarar saman med KORK og fullt band med nokre av dei fremste teatermusikarane i Noreg framførte høgdepunkt frå ni ulike Broadway-musikalar med norsk tekst. Første og andre akt blei publiserte som to program i både NRK TV og lineært. Andre tv-sende konsertar var for eksempel NRKs sommarkonsert frå Røyken, julekonsert frå Rudi gard og nobelkonsert frå Store studio i samarbeid med *Urix*.

I 2023 ble det også starta ein konsertserie med fokus på minoritetsfolkegruppene, og den første som blei arrangert hausten 2023, var med rom- og romanifolkemusikk, med Elias Akselsen og dottera Veronica Akselsen som leiande vokalistar.



Konsert i Store studio med KORK og Elias og Veronica Akselsen. Foto: NRK

NRK viser til at alt KORK gjer, skal bli sendt og gjort tilgjengeleg for eit størst mogleg publikum, og helst på fleire plattformer. I 2023, gjennom 42 produksjonsveker, laga KORK 192 produksjonar og heldt 62 konsertar, derav 40 med klassisk musikk og 22 med underhaldningsmusikk. 30 timar blei produserte for tv, 214 timar for radio og 22 timar for

strømming. Det var seks albuminnspelinger, åtte urframføringar, 140 interne samarbeid og 33 eksterne samarbeid. Blant faste programflater nemner NRK *Meloditimen* i NRK Radio og på P1+, *På konsert med KORR* i NRK Radio og på NRK Klassisk, *KORR, hele landets orkester* i NRK TV og på NRK2 tolv laurdagar i året og *KORR, hele landets orkester spesial*.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å ha eit fast orkester som dekker eit breitt repertoar frå underhaldningsmusikk til symfonisk musikk.

2.9.5 Ei brei sportsdekning

NRK har krav om å ha sportssendingar som dekker store idrettshendingar og breidda i norsk idrettsliv, inkludert idrettsøvingar for personar med funksjonsnedsettingar. NRK skal også ha eit løpande oppdatert sportstilbod på nett.

På grunn av endringar i rettsmarknaden og korleis publikum konsumerer sportsinnhald, har NRK i 2023 justert strategien for NRK Sport. NRK skal skape dei store fellesopplevingane på tvers av generasjonar for heile Noreg, kontinuerleg oppdatere, opplyse og avsløre, bruke lyd for å formidle dei viktigaste augeblinkane idet dei skjer, og fortelje dei beste historiene frå idrettsverda.

Årsaker som ein globalisert marknad og eit auka kostnadsnivå for sportsrettar er medverkande til at mediehus samarbeider og deler rettar til fleire ulike sportshendingar. NRK opplyser blant anna at NRK og TV 2 deler store delar av rettane til vinteridrettane og EM i fotball for menn i 2024. NRK delte rettane for å vise fotball-VM for kvinner i 2023 med Viaplay og overtok rettane frå Viaplay til ski-VM i Trondheim i 2025. I 2023 blei det kjent at NRK og Warner Bros. Discovery har inngått eit samarbeid om å dele på rettane for vinter- og sommar-OL frå 2024 til 2032. Eit samarbeid mellom NRK og Amedia gjorde at lokalavisene til Amedia viste sendingar frå noregscupen i langrenn, og NRK og VG og VGTV inngjekk eit formelt samarbeid om å sende europameisterskapet for U-21-lag i fotball. Samarbeid med andre nordiske allmennkringkastarar blir også framheva, og i 2023 sende NRK for første gong en heilsvensk produksjon frå VM i svømming frå Sveriges Television.

NRK skal dekke store idrettshendingar, og i 2023 sende NRK blant anna VM i skiskyting, VM på ski og VM i friidrett. NRK viser til at publikumsinteressa var stor og auka med dei sportslege prestasjonane. NRK viste også kampar frå fotball-VM for kvinner. På grunn av tidsforskjellar, sommartid og noko skuffande sportslege resultat for det norske laget blei det ikkje dei store publikumstala for sendingane, men NRK framhevar at den løpande nyheitsdekninga av landslaget og meisterskapet fekk stor merksemd. NRK sende også direkte eller i opptak frå blant anna EM i sykling, NM i rally, EM og VM i orientering og VM i lyn- og hurtigsjakk. Utanom meisterskap viste NRK jamleg konkurransar frå verdscup i nordiske greiner, skiskyting og skiflyging, langløpscupen Ski Classics, Diamond League og andre friidrettsarrangement og kampar frå toppserien i fotball for kvinner. På radio var det satsing på sykkelrittet Tour de France i kanalen NRK Sport.

NRK skal vidare dekke breidda i norsk idrettsliv, inkludert idrettsøvingar for personar med funksjonsnedsettingar. NRK viser til at breidde- og paraidrett er definert som eit av dei særskilte strategiske innhaldsområda for NRK. Under Special Olympics i Berlin hadde NRK

sitt eige video- og reporterteam, det blei sendt direkte frå VM på ski for parautøvarar i Östersund, og NRK hadde sendingar frå sittande og ståande langrenn under sesongopninga på Beitostølen. NRK følgde også enkelte, framstående paraidrettsutøvarar, som Jesper Saltvik Pedersen og Birgit Skarstein, med sendingar, reportasjar og generell nyheitsverksemd gjennom året.

Innanfor paraidretten og breiddeidretten satsa NRK også i 2023 på NM-veka, som blei arrangert på sommarstid i Trøndelag. Blant idrettane som er ein del av NM-veka, er paraklatring, rullestolrugby, rugby, ultraløp og diskgolf. NRK viste for første gong i 2023 også konkurransar frå verdscupen i randonee. Det var også sendingar frå hundesporten gjennom Finnmarksløpet. *Superlørdag* var ei barne- og breiddesatsing der barn i alle aldrar fekk prøve ulike vinteridrettar. Arrangementet blei halde på Hamar same dag som Idrettsgallaen, og i sendingane på NRK kommenterte profilar som Therese Johaug og Ida Nysæter Rasch.

I 2023 sende NRK Sport 2283 timar sport, ein auke på 168 timer frå 2115 timer i 2022. NRK Sport er ein døgnkontinuerleg radiokanal som også sender musikk. På NRK1 blei det i 2023 sendt 797 timar med sport. Etter at antal timar sport i 2021 og 2022 låg på eit stabilt nivå tilsvarande nivået før pandemien (der det var ei stor nedgang i talet på sende timar med sport), var det i 2023 ein nedgang på 141 timar frå 938 timar i 2022. Det blei blant anna vist fotball, friidrett, langrenn, sjakk og motorsport på NRK1 i 2023. Totalt 24 prosent av sendeflata for sport på NRK1 bestod av sendingar knytte til breidde- og paraoppdraget. NRK opplyser at det ikkje er ei like detaljert oversikt over nett som for tv og radio, men NRK jobbar med å kartlegge kor mye merksemd NRK gir kvar enkelt grein samla på alle plattformer.

Tabell 13 – dekning av sport på NRK 1 i 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Fotball	212	22,6 %	167	21,0 %
Friidrett	154	16,4 %	103	12,9 %
Langrenn	82	8,7 %	103	12,9 %
Skiskyting	72	7,7 %	81	10,2 %
Hopp	13	1,3 %	46	5,8 %
Sjakk	39	4,2 %	32	4,0 %
Kombinert	7	0,8 %	31	3,9 %
Alpint	24	2,6 %	17	2,2 %
Motorsport	8	0,9 %	6	0,7 %
Annan sport og sportsnyheiter	296	31,5 %	192	24,1 %
Diverse program om sport	32	3,4 %	18	2,3 %
Sum	938	100 %	797	100 %

Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 17 – dekning av sport på NRK 1 i 2023 (tal i prosent)




Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Tabell 14 – dekning av sport på NRK Sport i 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023
Fotball	637	30,1 %	786	34,4 %
Langrenn	182	8,6 %	179	7,8 %
Skiskyting	94	4,4 %	104	4,6 %
Friidrett	133	6,3 %	89	3,9 %
Sykkel	90	4,3 %	81	3,5 %
Hopp	72	3,4 %	79	3,5 %
Handball	60	2,8 %	60	2,6 %
Alpint	72	3,4 %	47	2,1 %
Sjakk	44	2,1 %	30	1,3 %
Kombinert	18	0,9 %	28	1,2 %
Diverse program om sport	713	33,7 %	800	35,0 %
Sum	2 115	100 %	2 283	100 %

Kjelde: Nielsen, PPM

Figur 18 – dekning av sport på NRK Sport i 2023 (tal i prosent)



Kjelde: Nielsen, PPM

NRK peiker på at publikumsvanar endrar seg i retning av digitalt og valbart innhald, noko som gjer at NRK har intensivert arbeidet med auka nærvær på dei digitale plattformene Nrk.no, NRK TV og NRK Radio. NRK Sport har derfor lagt meir vekt på fleirmediale publiseringar og har oppretta ei gruppe som arbeider med breidde-, djupne- og

undersøkande journalistikk. NRK Sport laga blant anna nettserien *Idrettskvinnene*, om seksuell trakassering, rasisme, mentale helse og fysiske utfordringar blant unge kvinnelege idrettsutøvarar, og sportsreportasjen *Kampen mot den biologiske klokken*, om tidlegare langrennsløpar Anders Aukland og korleis alder kan påverke prestasjonsevna, som begge vann priser under Sportsjournalistkonferansen i Bergen i februar 2024. NRK har i 2023 også laga nye sesongar av *Hode i klemme* og *Helt Ramme sporter*, om respektive Noregs landslag i bryting og om journalist og komikar Nicolay Ramm som tar med norske kjendisar ut i verda for å konkurrere i uvanlege sportar. NRK lanserte også den nye podkasten *Skiklubben*, der programleiarane skal motivere nordmenn til å nå nye mål i skisporet. NRK Sport har også jamleg levert innhald til podkastar som *Oppdatert* og *Hele historien*.

Undersøkande journalistikk er eit satsingsområde for NRK Sport, og NRK framhevar at det blir arbeidd for at denne delen av journalistikken skal styrkast ytterlegare. NRK har også forsterka det redaksjonelle samarbeidet på område med journalistar i Sveriges Television, Danmarks Radio og finske YLE.

NRK viser til at det gjennom 2023 blant anna blei prioritert journalistikk knytt til IOC og eventuell russisk deltaking i OL, kampfiksing i handball og fysiske og mentale utfordringar blant utøvarar. Seinhausten 2023 sette NRK fokus på klimaavtrykket i vinteridretten gjennom ein artikkelserie. Serien fekk stor merksemd i alle nyheitsflater i NRK og skapte debatt. NRK Sport dekte også den omfattande rettssaka mot tidlegare skiskyttarpresident Anders Besseberg og sette ned ei eiga gruppe for dette arbeidet. I romjula 2023 blei den omfattande saka *Jakten på Besseberg* publisert. Saka utgjorde også ein eigen podkastepisode av *Oppdatert*.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 har hatt sportssendingar som oppfyller kravet om å dekke både breidda i norsk idrettsliv og store idrettshendingar. NRK har også dekt idrettsøvingar for personar med funksjonsnedsettingar. Ut frå NRKs framstilling av leveransen av sportsnyheiter til nett vurderer Medietilsynet at NRK også oppfylte kravet om en løypande oppdatert dekning av sport på nett.



Tilgjengelegheit og beredskap i NRK

2.10 Tilgjengelegheit og beredskap

Vedtektene:

§ 15 NRKs allmennkringkastingstilbud skal vere tilgjengeleg for heile befolkningen. NRK skal ta hensyn til funksjonshemmede ved utforminga av sitt tilbud.

§ 23 NRK skal ha et særlig beredskapsansvar. NRK skal legge til rette for at styremaktene kan nå ut til befolkningen med informasjon ved nasjonale kriser. NRK skal i slike situasjoner også tilstrebe å opprettholde en omfattende nyhetsdekning og et bredt allmennkringkastingstilbud som dekker befolkningens behov for oppdatert informasjon.

§ 24 NRK skal vere til stede på, og utvikle tjenester på, alle viktige medieplattformer, herunder Internett, for å nå bredest mulig ut med sitt samlede programtilbud.

§ 30 NRKs allmennkringkastingstilbud skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkningen på minst én distribusjonsplattform. NRK skal ikke kreve betaling fra befolkningen for allmennkringkastingstilbudet. Dette er likevel ikke til hinder for at den enkelte selv må dekke egne kostnader til teknisk utstyr og/eller tilgang til distribusjonsplattformer.

§ 31 NRK bør så langt som mulig benytte åpne standarder, så fremt ikke økonomiske eller kvalitative hensyn talar imot dette.

§ 37 NRK skal formidle kulturarven i Norge. Arkivene til NRK er en del av denne. NRK skal arbeide for å digitalisere og tilgjengeliggjøre disse arkivene for befolkningen. NRK skal tilgjengeliggjøre informasjon om arkivmaterialet. NRKs arkivmateriale skal så langt det er praktisk og juridisk mulig, samt presseetisk forsvarlig, vere tilgjengeleg for vidarebruk. NRK kan kreve dekket kostnadene ved å gjøøre arkivmateriale tilgjengeleg for slik vidarebruk av andre.

§ 51 NRK skal gjøøre flest mulig av sine radio- og fjernsynsprogrammer tilgjengeleg på Internett, både ved samtidig distribusjon og som arkivtjeneste for nedlasting og/eller individuell avspilling. NRK skal herunder gjøøre tilgjengeleg heile sin egenproduserte sendeflate som arkivtjeneste, forutsatt at dette ikke innebærer uforholdsmessig høye kostnader. NRK skal etterstrebe at også mest mulig av den øvrigte sendeflaten fra siste sju dager gjøøres tilgjengeleg som arkivtjeneste.

2.10.1 Eit tilgjengeleg allmennkringkastingstilbod for alle

NRKs allmennkringkastingstilbod skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga, noko som inneber at tilbodet skal vere universelt utforma og at alle skal kunne ta imot tilbodet. NRKs vedtekter slår fast at allmennkringkastingstilbodet skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éi distribusjonsplattform. Kvar enkelt må sjølv dekke kostnadene til teknisk utstyr og/eller tilgang til distribusjonsplattformer.

Ved vedtektsendringa frå 2023 blei kravet i § 24 om at NRK skal vere til stades på alle viktige medieplattformer, presisert ved å legge til at dette inkluderer Internett. Endringa inneber inga materiell endring, men stadfestar anbefalinga Medietilsynet gav i forkant av utforminga av dei fireårige styringssignala for 2023–2026 i rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet i 2021 om at det ikkje er grunnlag for å avgrense det digitale handlingsrommet til NRK, og at ei slik avgrensing kunne redusere høvet NRK har til å utøve allmennkringkastingsoppdraget

sitt for å nå grupper som ikkje brukar dei andre plattformene til NRK.⁴³ Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 tar i bruk alle dei store medieplattformene for å nå breitt ut med programtilbodet. NRK viser til at det stadig blir arbeidd med å vidareutvikle NRKs nettsider og appar for mobil og smart-tv.

Vidare er NRKs tv- og radiosendingar, kanalar og program fritt tilgjengelege ved både samtidig distribusjon og ved individuell avspeling gjennom strøyming på internett i strøymetenestene NRK TV, NRK Super og NRK Radio. Alle NRKs lineære radio- og tv-kanalar er fritt tilgjengelege over det nasjonale digitale sendarnettet for radio (DAB) og det digitale bakkenettet for tv (DTT). Sendingane blir tilbydde «free-to-air», som betyr at sendingane kan bli tatt imot fritt med antenne og digitalmottakar, og det er inga form for tilgangskontroll eller betaling. Alle norske primærhusstandar kan ta imot allmennkringkastingstilbodet i form av kanalane på radio og tv gjennom det digitale bakkenettet for tv (DTT). Alle radiokanalane til NRK, inkludert distriktssendingar og vêr- og trafikkmeldingar, blir sende over det regionale DAB-nettet (Regionblokka). Regionblokka dekker 99,7 prosent av befolkninga og kan fritt bli tatt imot med ein DAB+-mottakar.

Innhaldstilbodet på Nrk.no er fritt tilgjengeleg på Internett. Brukarane må sjølve sørge for tilgang til nett for å kunne bruke tenester over Internett. NRK opplyser at programma blir publiserte samtidig som dei blir sende på radio og tv, og stadig oftare tidlegare enn dei blir sende lineært. Aktuelle program innanfor alle sjangrar blir presenterte i tenesta, slik at dei skal vere enkle å finne. Innhaldet er også tilgjengeleg gjennom søk og er organisert i ulike kategoriar. NRKs nye eigenproduserte program har tidsavgrensing rett, mens enkelte innkjøpte og eksterntproduserte program kan sjåast over ulike tidsperiodar etter at dei er sende på radio eller tv.

I NRK-plakaten blir det stilt krav til at NRK i utforminga av tilbodet sitt skal ta omsyn til personar med funksjonsnedsettingar. I kringkastingsregelverket er det ei rekke krav om universell utforming til NRK og kommersielle tv-kanalar med ein sjåarandel på meir enn 5 prosent. Krava til NRK er meir omfattande enn krava til dei kommersielle aktørane. I kringkastingsforskrifta § 2-5 blir det stilt krav til at NRK skal tekste alle program gjennom heile døgnet, også alle direktesende program dersom det er teknisk og praktisk mogleg. Program som har vore teksta på lineær-tv, og alle direktesendingar, skal vere tilgjengelege med teksting når dei blir publiserte i audiovisuell bestillingsteneste. Program på samisk skal vere teksta på det samiske språket som er talespråket i programmet når slike program blir lagde ut i audiovisuell bestillingsteneste, dersom det er teknisk og praktisk mogleg. NRK skal også sende program dagleg med teiknspråktolking og på norsk teiknspråk, sende program med synstolking kvar veke, tilby lydtekst for alle ferdigproduserte program med teksting der det blir snakka eit anna språk enn norsk – og for alle direktesende program dersom det er

⁴³ Medietilsynet (2021) NRKs bidrag til mediemangfoldet – Rapport fra Medietilsynet til Kulturdepartementet.

teknisk og praktisk mogleg. NRKs uttrykte ambisjon er at innhald og tenester skal kunne bli brukte av alle, også av personar med hindringar rundt syn, høyrsel og fysiske og kognitive ferdigheiter.

I 2023 rapporterer NRK at alle førehandsproduserte program og nesten alle direktesendingar blei teksta. Medietilsynet gjennomførte hausten 2023 eit tilsyn i form av ein stikkprøvekontroll med utvalde reglar for tilrettelegging for personar med funksjonsnedsettingar i kringkastingsforskrifta § 2-5. Tilsynet viste ingen brot på regelen om teksting av direktesende program.

Vidare viser NRK til at dei aller fleste distriktssendingane blei lagde ut med tekst i NRK TV same kveld. På førespurnad frå Medietilsynet har NRK forklart at ved uventa hendingar kan det ta noko lengre tid før programma blir lagde ut. Også dei aller fleste programma som blei direkteteksta på fjernsyn, blei lagde ut med tekst i NRK TV. NRK har forklart for Medietilsynet at tekstinga unntaksvis kan bli forseinka på grunn av tekniske og praktiske årsaker, for eksempel i sportssendingar da tekstinga må bli tilpassa den versjonen som blir publisert. I 2022 fekk NRK på plass høvet til å sjå direktesende program på NRK TV med teksting på blant anna Android og Apple, og i 2023 blei dette også mogleg når det blir strøymt via pc. Dei aller fleste videoane som blei publiserte på Nr.no, var teksta. NRK teksta totalt 22 803 sendetimar i 2023. Det er ein svak nedgang frå 22 919 timar i 2022, men andelen norsk innhald som blei teksta, auka frå 15 335 timar i 2022 til 15 401 timar i 2023.

For å kunne oppfylle kravet i kringkastingsforskrifta om at program på samisk skal vere teksta på det samiske språket som er talespråket i programmet når slike program blir lagde ut i audiovisuell bestillingsteneste, dersom det er teknisk og praktisk mogleg, må NRK blant anna kunne tilby fleire tekstespor i NRK TV. NRK viser til at dette er teknologisk krevjande, men at NRK jobbar med å utvikle alle dei tekniske elementa i kjeda som må til for å kunne levere dette. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet oppdatert om statusen for implementeringa av ny underliggende infrastruktur i sende- og distribusjonskjeda, for blant anna å kunne levere fleire tekstespor. NRK fekk avtale med ein ny leverandør i 2022 og opplyser nå at overflyttinga av dei eksisterande tenestene til den nye leverandøren venteleg vil bli ferdigstilte i 2024. NRK opplyser vidare at dette vil danne eit fundament for å levere undertekstar på fleire språk for valbart innhald, men at NRK vil trenge meir tid for å bygge tilbodet.

Det blir stilt krav til at NRK dagleg skal tilby program både på norsk teiknspråk og teiknspråktolka program. Program på norsk teiknspråk har dette som hovudspråket. I *Tegnspråknytt*, som er ei nyheitssending som blir send måndag til fredag på NRK1 klokka 17.45 til 17.49 og på kanalen NRK Teiknspråk, blir dei viktigaste hendingane i Noreg og verda oppsummerte. I desse nyheitssendingane er det ein programleiar som er døv som formidlar sakene på norsk teiknspråk. Sakene blir lesne opp på norsk, og sendinga blir direkteteksta. I helgene har NRK Tegnspråk andre programtilbod på norsk teiknspråk for ulike aldersgrupper. I 2023 var dette blant anna *Mads og sauemysteriet*, ein dramaserie for barn, *Snakkis*, eit talkshow, og *En julefortelling*. *Ål inn* var ein ny produksjon i 2023 og er ein dokumentarserie der publikum følger elevar og lærarar ved Ål folkehøgskole gjennom eit år. All undervisning på skolen går føre seg på teiknspråk. Produksjonen er basert på ønske frå Norges Døveforbund og Norges Døveforbunds ungdom. Les meir om dette i punkt 2.8.1.

Ved teiknspråktolking blir det som blir sagt i eit tv-program, omsett frå norsk til teiknspråk av ein tolk til høgre i bildet. Tolkinga blir send på den dedikerte kanalen NRK Tegnspråk. Kanalen blir send over bakkenett, satellitt og kabel. Dersom eit program er direkte eller førehandstolka, er den tolka versjonen tilgjengeleg i strøymetenesta NRK TV under kategorien «Tegnspråk». Om publikum ser eit program i NRK TV i ein nettlesar, kan dei også finne tolking ved å klikke på tekstesymbolet nede til høgre i bildet. NRK tolka i 2023 blant anna barneprogram, nyheiter, debatt og underholdning. Medietilsynets stikkprøvekontroll hausten 2023 viste at NRK i det store og det heile oppfyller krava i kringkastingsforskrifta til program på norsk teiknspråk og teiknspråktolka program. Tilsynet fann eitt avvik der NRK på grunn av forhold utanfor deira kontroll gjorde at det ikkje var mogleg å avvikle *Tegnspråknytt* éin av de sju kontrollerte dagane, og ved ein feil blei det heller ikkje programsett eit anna program på norsk teiknspråk. Dette blei følgt opp med dialog der Medietilsynet formidla ei forventning om at NRK har rutinar på plass for å forhindre slike avvik.

Sjåarrådet som NRK starta i samråd med Norges Døveforbund og Norges Døveforbunds Ungdom hausten 2021, blei oppretta for ein toårsperiode. NRK framhevar at dialogen har gitt nyttig innsikt som NRK tar med seg i arbeidet med teiknspråktolking og innhald på teiknspråk.

Synstolking er når ei stemme skildrar viktige visuelle element i bildet som ikkje kan bli oppfatta gjennom lyd. Målgruppa er blinde og sterkt synshemma. Synstolkinga blir send på tv-kanalen NRK1 lydtekst, og ein kan velje synstolka versjonar i NRK TV ved å gå til kategorien «synstolk». Når eit program blir vist i NRK TV via ein nettlesar, kan ein finne synstolking ved å klikke på tekstesymbolet. NRK skal sende program med synstolking kvar veke, og i 2023 publiserte NRK totalt 100,7 timar innhald med synstolking. Dette fordelte seg på 9,7 timar film (seks drama- og dokumentarfilm), 68,6 timar seriar (23 seriar) og 22,3 timar skandinavisk synstolking (tre seriar på svensk og to på dansk). Blant filmtitlane i 2023 var *Krigere* og *Kva skjedde med Torstein Raaby?*. Ein av dei nye seriane som blei synstolka, var julekalenderen *Snøfall 2*, og NRK viser til at dette blei svært godt mottatt av publikum. Medietilsynet kontrollerte i tilsynskontrollen at NRK oppfylte kravet om å sende jamlege synstolka program (kvar veke) over ein tilfeldig vald periode hausten 2023, og avdekte ingen brot.

For alle ferdigproduserte fjernsynsprogram med teksting der det blir snakka eit anna språk enn norsk, skal NRK tilby lydtekst. Lydtekst er når ei automatisk stemme les opp den norske underteksten når det blir snakka eit framandspråk. Lydtekst er tilgjengeleg på tv-kanalane NRK1 lydtekst, NRK2 lydtekst og NRK3/Super lydtekst. Vidare blir lydteksten også lagd ut på radiokanalen NRK Nyheter under sending av dei daglege nyheitsoppdateringane på formiddagen: Dagsrevyen 19 og Dagsrevyen 21. På denne måten kan lyttarane få med seg kva som blir sagt under intervju og innslag der det blir snakka andre språk enn norsk. Innhald som ligg lagra i NRK TV, kan også bli levert med lydtekst.

NRK opplyser at det framleis blir jobba for at universell utforming og tilgjengelegheit skal bli ein del av NRKs DNA. NRK har ein eigen tilgjengelegheitssjef og har i fleire år hatt eit brukarråd med representantar frå åtte forskjellige interesseorganisasjonar for personar med funksjonsnedsettingar og éin representant frå Pensjonistforbundet. NRK viser til at brukarrådet har vore ein viktig bidragsytar til NRKs arbeid med tilgjengelegheit og mangfald.



Det nye mandatet til brukarrådet er å gi innspel til korleis NRK kan gjere innhald og tenester tilgjengelege for alle og korleis NRK kan arbeide med å spegle funksjonsmangfald, både i innhald og organisasjon. I 2023 gjennomførte brukarrådet fire møte med eit breitt spekter av tema. NRKs rammeverk for mangfaldsarbeid, nytt mandat for brukarrådet, rekruttering og tilsettingar av folk med funksjonsnedsettingar og tilgjengelegheit på sosiale medium som Snapchat, Instagram, Facebook og TikTok, var blant temaa som blei drøfta. Ulike innspel til NRKs kommande test på talentkurs for journalistar med funksjonsnedsettingar og arbeid med representasjon og tilgjengelegheit, og korleis NRK kan jobbe med representasjon og klarspråk, blei også drøfta i 2023. Brukarrådet gjennomgjekk i tillegg den oppdaterte ordlista for funksjonsmangfald.



NRKs brukarråd saman med representantar frå NRK. Bak frå venstre: Sindre Falk, Kristoffer Lium, Adriana Fjellaker, Daniel Lie, Vibeke Fürst Haugen, Erling Due Bergseth og Siri Antonsen. Foran frå venstre: Christine Jensen, Cato Lie, Kari Kristine Engan, Sverre Fuglerud og Inger Marie Stokke. Foto: NRK

Ved vidareutvikling av NRKs nettsider og appar for mobil og smart-tv har NRK også i 2023 hatt fokus på tilgjengelegheit. Blant anna fortsette arbeidet med vidareutvikling av avstemningsløysingar i samband med tv-sendingar som *MGP*. I samband med kommune- og fylkestingsvalet i 2023 utforma NRK ein eigen plakat, «Ti bod for NRKs valdekning», der det blant anna er lagt vekt på at NRK skal bruke klarspråk, sikre god tilgang og universell utforming, ikkje krevje førehandskunnskapar, men forklare, gi oversikt og vise konsekvensar og tilby valinnhald til flest mogleg på det føretrekte språket deira (les meir om dette i punkt 2.4.1). Ut frå dette har NRK jobba bevisst med å sikre tilgjengelegheit og at alle for eksempel skulle kunne bruke Valomaten og Lokalvalguiden.

NRK framhevar også at høyrbar tale er viktig for NRKs høyrselshemma publikum, og NRK har laga generelle retningslinjer for kva ein bør tenke på når høyrbar lyd skal bli produsert. NRK viser til at det å dele erfaringar og kompetanse på NRKs tilgjengelegheitsarbeid også har vore prioritert i 2023. NRK har derfor deltatt på blant anna Yggdrasil-konferansen (årlig konferanse for digitale brukaropplevingar, interaksjonsdesign og teknologi), Trondheim Developer Conference (teknologikonferanse) og Digitaliseringskonferansen i regi av Digitaliseringsdirektoratet. NRK har også bidratt til eit standardiseringsarbeid for tilgjengelegheit i digitale læringsressursar i regi av Standard Norge, der også TV 2 Skole, Aschehoug, Gyldendal, Statped og Norges Blindeforbund med fleire deltok. NRKs tilgjengelegheitssjef var i 2023 også ein del av ei eiga gruppe som jobbar med tilgjengelegheit i European Broadcast Union (EBU).

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte krava om å vere til stades og utvikle tenester på alle viktige medieplattformer, inkludert Internett, for å nå så breitt som mogleg ut med det samla programtilbodet.

NRK oppfylte også kravet om at allmennkringkastingstilbodet skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éi distribusjonsplattform. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK gjennom NRK TV og NRK Radio oppfyller kravet om å gjere flest mogleg av radio- og tv-programma gjengelege, både for samtidig distribusjon og for individuell avspeling. Heile den eigenproduserte sendeflata og mest mogleg av sendeflata elles er gjort tilgjengeleg som arkivteneste.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte kravet om å ta omsyn til personar med funksjonsnedsettingar ved utforminga av tilbodet sitt. NRK oppfylte også det nye kravet om å tilby innhald på teiknspråk. Sjå nærmare om vurderinga og konklusjonen i punkt 2.8.1.

2.10.2 Eit tilgjengeleg arkiv og opne standardar

Det er eit krav at NRK skal formidle kulturarven i Noreg, og NRKs arkiv er ein del av denne. NRK skal vidare arbeide for å digitalisere og gjere desse arkiva tilgjengeleg for befolkninga, og NRK skal gjere informasjon om arkivmaterialet (metadata) tilgjengeleg. Dette er viktig for at dei som ønsker å bruke arkivinnhald, kan finne det. Arkivmaterialet skal også, så langt det er praktisk og juridisk mogleg, og presseetisk forsvarleg, vere tilgjengeleg for vidarebruk. NRK kan krevje å få kostnadene dekte ved å gjere arkivmaterialet tilgjengeleg for slik vidarebruk av andre.

NRK viser til at det dei siste åra er gjort ein betydeleg innsats for å gjere radio- og tv-arkivet allment tilgjengeleg. NRK jobbar kontinuerleg med å legge til rette innhald på plattformene, slik at det skal vere enkelt å velje innhald frå heile arkivet. For eksempel er innhaldet i kategorien «NRK-arkivet» i NRK TV, etter innspel og ønske frå eldreombodet, oppdelt etter tiår slik at blant andre eldre og tilsette på sjukeheimar enkelt finn fram til innhald frå eiga ungdoms- og vaksentid.

Det er eit mål at så mykje som mogleg av arkivet og eigenproduksjonen til NRK skal vere tilgjengelege for alle, og om lag 220 000 tv-program og 420 000 radioprogram ligg tilgjengelege i NRK TV og NRK Radio. I tillegg er 57 770 podkastar tilgjengelege. For NRK

TV er dette ein auke frå rundt 200 000 i 2022, mens det for NRK Radio er ein nedgang frå 500 000 radioprogram og podkastar i 2022. NRK opplyser at dette kom av at stiftelsen Music Nest Norway (MNN) trekte seg ut av eksisterande avtale for musikkbruk i valbart lydinnhald i 2023. Dette gjeld bruk som er omfatta av den såkalla eineretten, og MNN representerer tilnærma alle dei norske og dei største av dei internasjonale plateselskapa. Det er forhandla om ny avtale i heile 2023, men utan at denne er på plass måtte NRK fjerne store delar av lydinnhaldet der musikk er brorparten av innhaldet. Dette inkluderer titlar som *NRK P1 musikkmix* og *P3 natt*. Dette har ifølge NRK i liten grad ramma publikum, da desse titlane i utgangspunktet omtrent ikkje har valbar bruk, men NRK jobbar vidare med å få på plass ein avtale med MNN.

Strøymetenestene NRK TV, NRK Super og NRK Radio gjer tv- og radiosendingane til NRK tilgjengelege på Internett, der publikum sjølve kan bestemme når dei ønsker å sjå dei. Programma blir publiserte samtidig som dei blir sende på radio og tv eller stadig oftare tidlegare. Aktuelle program innanfor alle sjangrar blir presenterte i tenesta, slik at dei skal vere enkle å finne. Innhaldet er også tilgjengeleg gjennom søk og er organisert i ulike kategoriar.

NRK viser til at det lenge var slik at den aller viktigaste oppgåva for arkiva i NRK var å ta vare på programma for ettertida, men dei seinare åra har fokuset skifta i stadig større grad frå bevaring til bruk. I 2023 inngjekk NRK og Nasjonalbiblioteket ein samarbeidsavtale der NRK overleverer ein større del av det historiske materialet med bevaringsverdi til Nasjonalbiblioteket – utover det som er omfatta i lov om avleveringsplikt. Nasjonalbiblioteket skal bevare og forvalte samlingane med blant anna originale filmopptak og band, stillbilde og dokument om NRKs produksjonar, og gjere dei tilgjengelege.

I NRK TV blir historisk og klassisk tv-innhald løfta fram etter sesong, årstider og hendingar i samfunnet og blir presentert i ulike kategoriar. I samband med markeringar og hendingar kjem arkivinnhald med oppdatert innpakning i form av nye bilde og programskildringar. For eksempel kunne publikum sjå intervju, portrettprogram og teateroppsetjingar i arkiv-kategorien i samband med at Jon Fosse fekk Nobelprisen i litteratur. I dramaserien *Makta* om Arbeidarpartiet på 1970- og 1980-talet blei det brukt betydeleg med innhald frå NRK-arkivet. I tillegg blei gamle tv-sendingar henta fram og presenterte i NRK TV samtidig som serien gjekk på tv. I NRK Radio kunne publikum lytte til ei samling originale lydopptak i *Makta – i virkeligheten*. I oktober 2023 feira P3 30 år, og ein del av markeringa bestod av høgdepunkt frå ungdomskanalen gjennom tre tiår og ei musikalsk tidsreise i NRK Radio.

NRKs innhaldsportefølje består av eigenprodusert innhald som NRK eig, eksterne produksjonar som NRK investerer i, nordiske samproduksjonar og internasjonale visningsrettar. Kor lenge eit innhald kan vere tilgjengeleg for publikum, er påverka av graden av eigarskap og investering. NRK har sidan 2014–2015 samarbeidd med sentrale rettsorganisasjonar og reforhandla avtalane knytte til eigenproduksjonar, slik at desse nå opnar for strøyming av nytt innhald i mykje større utstrekning enn tidlegare. Desse avtalane gjeld ikkje gamalt NRK-innhald. NRK har tidlegare inngått arkivavtale med Norwaco om rettane til å publisere det mest relevante innhaldet frå den eldste delen av arkivet. Avtalen omfattar NRK-produserte program som er eldre enn frå 1997. I 2022 blei denne avtalen utvida til å gjelde alle dei eigenproduserte tv- og radioprogramma som er produserte før

1. januar 2015. NRK opplyser at dei aller fleste tv-programma som er omfatta av avtalen med Norwaco, nå er tilgjengelege i NRK TV.

NRK deler eige innhald eller gjer det tilgjengeleg for andre norske redaktørstyrte medium når det er mogleg. NRK krev berre dekning av kostnader knytte til sjølve tilgjengeleggjinga. I 2023 behandla NRK om lag 850 saker, som er ein nedgang frå 921 i 2022. Av ferdigstilte saker er om lag 10 prosent deling med andre redaktørstyrte mediehus og produksjonsselskap, som er ein nedgang frå om lag 17 prosent i 2022 og 40 prosent i 2021. Samtidig deler NRK også klipp med andre redaktørstyrte medium direkte frå NRKs nyheitsavdeling og distriktskontor dagleg.⁴⁴ Det same gjeld klipp i samband med marknadsføring av aktuelle NRK-satsingar. Ifølge NRK er arkivet gjort tilgjengeleg for eksterne produsentar og mediehus for søk i eit påsynsrom. Det er ei uttalt målsetting for NRK å stadig forbetre og legge til rette for enklare tilgang til NRKs arkiv.

I NRK-plakaten går det fram at NRK så langt som mogleg bør nytte opne standardar, så lenge ikkje økonomiske eller kvalitative omsyn taler imot dette. NRK viser til at opne kjeldekodar både blir anvende og delte så langt det er mogleg. NRK nyttar opne kjeldekodar i interne system og i teknologien som inngår i viktige del av publikumstilboda. Det er utvikla ein policy for deling som gir interne retningslinjer for kva kjeldekodar og system som kan bli delte. NRK viser til samarbeid om felles standardar for metadata og open kjeldekode internt i Den europeiske kringkastingsunionen (EBU) og mellom NRK og ei rekke bedrifter og offentlege instansar. NRK tilbyr for eksempel i samarbeid med Metrologisk institutt tilgang til vêrdata gjennom opne data-API-ar frå Yr.no. Vidare er NRK i gang med ein overgang av produksjonsinfrastrukturen til audio og video over internettprotokollen (AVoIP). Dette gjer store delar av NRKs produksjonsinfrastruktur mykje meir standardiserte på vanlege dataprotokoller. Det gjer det blant anna mogleg med enklare samhandling, fjernproduksjon og samproduksjon med eksterne fagmiljø. Eit eksempel er gudsteneste- og fotballproduksjon som skjer i samarbeid med eksterne produksjonsselskap og med kontrollrom hos NRK (Trondheim og Oslo).

Tv-avviklingssystemet Sofie blei utvikla vidare av NRK basert på open kjeldekode som var gjord tilgjengeleg av SVT. Dei siste åra har for eksempel dansk TV 2 tatt i bruk Sofie til nyheitsavvikling i Odense og planlegg å ta det i bruk på nye stader, blant anna i København. NRK viser til at fleire andre selskap er i dialog med NRK / dansk TV 2 om bruk av Sofie. NRK har også eit samarbeid med Schibsted om bruk av felles produkt innanfor kunstig intelligens-området. Samarbeidet er også i startfasen rundt nasjonale grunnmodellar (LLM – Large Language Models).

⁴⁴ NRK har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at deling av arkivklipp med bibliotek og museum frå 2021 blir registrert åtskilt frå deling med redaktørstyrte medium og produksjonsselskap. Gjennom 2023 har NRK arbeidd med eit system med innrapportering av delingane frå redaksjonane, som skal bli talt opp årleg framover.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte krava til å formidle kulturarven, digitalisere arkivet og gjere arkivet og informasjonen om arkivmaterialet tilgjengeleg for befolkninga. Medietilsynet vurderer også at NRK i samsvar med Stortingets føresetnader og presiseringar i vedtektene berre krev å få dekt kostnadene til å gjere arkivmaterialet tilgjengeleg for vidare bruk av andre. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK i tilbodet sitt tar sikte på å så langt som mogleg bruke opne standardar, føresett at økonomiske eller kvalitative omsyn ikkje taler mot dette.

2.10.3 Beredskapsansvar

NRK har særlege beredskapsplikter i kraft av å vere ein offentleg finansiert riksdekkande allmennkringkastar. Ansvaret er regulert i kringkastingslova § 2-4, som gir alle kringkastarar formell plikt til å sende meldingar frå styresmaktene når det har stor betydning.

NRKs nærmare beredskapsplikter blir regulerte i eiga forskrift om NRKs verksemd under beredskap og i krig,⁴⁵ som blant anna inneheld reglar om at NRK har plikt til å iverksette særskilte beredskapstiltak for å sikre at informasjon frå regjeringa når ut til befolkninga. Ifølgje forskrifta skal det bli tatt beredskapsomsyn ved utbygging av sendaranlegga til NRK. Etter digitaliseringa av både dei nasjonale tv- og radionetta gjeld dette det digitale riksdekkande bakkenettet for tv (DTT) og Regionblokk som er NRKs del av DAB-nettet. Etter digitaliseringa på radio har alle radiokanalane til NRK same dekning, til forskjell frå tidlegare da NRK P1 hadde ein særleg posisjon som beredskapskanal. I distribusjonsavtalen mellom NRK og Norkring er det stilt krav om 99,8 prosent oppetid i heile sendarnettet på årsbasis.

NRKs særskilde beredskapsansvar er også tydeleggjort i eit krav i NRK-plakaten. Dette inneber at NRK skal gjere greie for korleis kravet er oppfylt i samband med Medietilsynets vurdering av korleis NRK varetar allmennkringkastingsoppdraget sitt. Ved vedtektsendringa frå 2023 blei ansvaret NRK har ved nasjonale kriser, presisert ved at NRK i ein slik situasjon skal legge vinn på å oppretthalde ei omfattande nyheitsdekning og eit breitt allmennkringkastingstilbod som dekker behovet befolkninga har for oppdatert informasjon. Ordlyden blei i tillegg endra ved at omgrepet «over kringkastingsnett» ikkje lenger står i kravet, noko som tydeleggjer at informasjonsansvaret er plattformnøytralt. Vidare er omgrepet «katastrofar» fjerna frå den tidlegare ordlyden. Medietilsynet legg til grunn at det ikkje inneber ei materiell endring ut frå at omgrepet nasjonale kriser framleis står og er dekkande.

NRK har i 2023, som i 2022, utarbeidd og publisert ei eiga, open trusselvurdering. Tiltaket blir vurdert som positivt av Nasjonal tryggingorgan som i sin eigen rapport løftar fram at

⁴⁵ Forskrift om NRK under beredskap og i krig, tilgjengeleg 31. mai 2023 på <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1989-10-06-4154>

verksemder som NRK, DNB og Telenor bidrar til auka situasjonsforståing ved å ope dele slike vurderingar.

NRK viser til at trusselbildet i aukande grad er prega av at kunstig intelligens blir tatt i bruk. Dette kjem til syne når for eksempel andre aktørar gir seg ut for å vere NRK i falske nettartiklar eller videoar, eller når NRKs journalistar kan bli villeia til å bruke datagenererte bilde. NRK framhevar at vidareformidling av feilaktig informasjon og desinformasjon er ein alvorleg trussel mot truverdet til NRK.

NRK rapporterer at evna til å vareta det særlege beredskapsansvaret er styrkt i 2023, og det er sett i verk tiltak som gir NRK ei meir robust publiserings- og sendeevne. På denne måten er NRK betre rusta til å oppretthalde ei omfattande nyheitsdekning – også i ei krise.

Internt har NRK i 2023 utarbeidd ei modulbasert tryggleiksoplæring for alle medarbeidarane for å sikre felles kunnskap og merksemd.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 varetok det særskilde beredskapsansvaret NRK har. Vidare ser Medietilsynet positivt på at NRK i 2023 aktivt har oppdatert innsikt om risikofaktorane i trusselbildet og gjennomført tiltak for å sikre ein meir robust publiserings- og sendeevne. Begge tiltaka er viktige for å vareta beredskapsansvaret i ei eventuell nasjonal krise.



Redaksjonelt uavhengig og reklamefri



2.11 Redaksjonelt uavhengig og reklamefri

Vedtektene:

§ 25 NRKs allmennkringkastingstilbud skal vere reklamefritt og skal ikke inneholde spesielle salgsfremmende henvisninger til konsernets kommersielle tjenester og produkter.

§ 29 NRK skal verne om sin integritet og sin troverdighet for å kunne opptre fritt og uavhengig overfor personer eller grupper som av politiske, ideologiske, økonomiske eller andre grunner vil øve innflytelse på det redaksjonelle innholdet. Virksomheten skal preges av høy etisk standard. Saklighet, analytisk tilnærming og nøytralitet skal etterstrebjes, jf. bl.a. prinsippene i Redaktørplakaten, Vær Varsom-plakaten og Tekstreklameplakaten.

§ 45 NRKs redaksjonelle avgjørelser skal ikke være styrt av kommersielle hensyn.

§ 46 NRK skal utvise særlig varsomhet med å tilby innhold som utsetter publikum for kommersielt press. Dette gjelder særlig for programmer rettet mot barn og unge.

§ 47 NRKs allmennkringkastingstilbud skal hovedsakelig finansieres ved tilskudd over statsbudsjettet. Tilskudd over statsbudsjettet og andre offentlige inntekter skal ikke subsidiere kommersielle aktiviteter. Det skal være et klart regnskapsmessig skille mellom NRKs allmennkringkastingsvirksomhet og kommersielle aktiviteter.

§ 48 NRK kan ta imot sponing, men bør begrense omfanget.

§ 49 NRK skal kunne videreutvikle kommersielle tjenester som genererer overskudd som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstjenester. NRKs kommersielle tjenester skal ha sammenheng med selskapets redaksjonelle virksomhet. NRK skal tilstrebe et tydeligst mulig skille mellom allmennkringkastingstilbudet og kommersielle tjenester. Den forretningsmessige virksomheten skal være forenlig med de krav til kvalitet og integritet som gjelder for NRK.

Det redaksjonelle sjølvstendet til media er ein grunnleggande føresetnad for den viktige rolla media skal fylle i eit demokratisk samfunn. Dei redaktørstyrte media har ei sentral rolle og har fått særlege ansvarsreglar. Som allmennkringkastar har NRK fått eit særleg ansvar for fri og uavhengig formidling av samfunnsrelevant informasjon og for å avdekke kritikkverdige forhold. NRK viser til målretta jobbing for å halde høg presseetisk standard i det redaksjonelle arbeidet, og for å vere sakleg, analytisk og nøytral i den journalistiske dekninga av saker. NRK er medlem i Norsk Presseforbund og følger det felles etiske regelverket til pressa, som har fleire krav til redaksjonelt sjølvstende, jf. Ver varsam-plakaten, Redaktørplakaten og dei lovfesta ansvarsreglane i dei ulike regelverka på dette området. NRK opplyser at ei eiga etikkhandbok gir ytterlegare avgrensingar for NRKs medarbeidarar på utvalde område, med utgangspunkt i Ver varsam-plakaten. NRK har også ein eigen etikkredaktør som har eit overordna ansvar for å systematisere arbeidet med god redaksjonell etikk i heile NRK.

I 2023 behandla Pressens Faglige Utval (PFU) 17 klager mot NRK der utvalet opna for forenkla eller full behandling. PFU behandla totalt 277 klager i 2023, og det går fram av PFU-statistikken frå Norsk Presseforbund at mediet med flest klager var NRK, etterfølgt av TV 2

(13 klager).⁴⁶ PFU konkluderte i fem av sakene som blei tatt opp til klagebehandling, med at NRK hadde brote god presseskikk. I dei andre tolv sakene konkluderte PFU med at NRK ikkje hadde brote god presseskikk. Talet på saker som PFU tok til behandling i 2023, er lågare enn i 2022, då 23 saker blei behandla, men PFU konkluderte i 2023 med at NRK hadde brote god presseskikk i éi sak meir enn i 2022, da talet var fire. NRK opplyser at i to av sakene blei NRK felt for at det ikkje var mogleg å samtidig imøtegå påstandar i direktesende debattar og aktualitetssendingar. I éi av fellingane konkluderte PFU under tvil med at NRK ikkje hadde tilstrekkeleg dekning for ein påstand i ein nyheitsartikkel. Den fjerde fellingane gjaldt ei sending frå travløpet Oslo Grand Prix, der NRK blei felt for manglande informasjon om at produksjonen var finansiert av Norsk Rikstoto, og at det ikkje blei opplyst om at to av gjestane i sendinga er engasjerte som ambassadørar for spelselskapet. I den femte saka felte PFU NRK for å ikkje ha anonymisert enkeltpersonar i ein dokumentarfilm om skjulte prostitusjonsnettverk ved massasjesalongar i Noreg godt nok. NRK opplyser også at det i seks av sakene som blei klaga inn for PFU i 2023, blei funne ei minneleg løysing.

NRK forklarar at fellingane i PFU er gjennomgåtte med dei redaksjonelle miljøa, både dei som blei felte, og andre som eit ledd i arbeidet med å forbetre rutinane for at dei etiske standardane skal bli etterlevde. NRK opplyser at ingen saker i PFU konkluderte med at det var tvil om NRKs redaksjonelle sjølvstende i 2023.

NRK gjer også greie for at PFU i februar 2024 felte NRK for brot på tre punkt i Ver varsam-plakaten for dokumentarserien *Ingen elsker Bamsegutt*. Dokumentarserien blei publisert 15. november og avpublisert av NRK 19. november 2023. Dokumentarserien blei innklaga av generalsekretæren i Norsk Presseforbund. NRK forklarar at dokumentarserien skildra situasjonen til ein norsk mann som ønskte å flytte heim frå Filippinene med familien sin, og fortalde både om hans utfordringar med å få hjelp frå det norske velferdssystemet og om vanskelege forhold i mannens oppvekst, der han blant anna skal ha blitt utsett for seksuelle overgrep og andre forsømmingar. NRK fekk sterk kritikk etter publiseringa av *Ingen elsker Bamsegutt*, blant anna for å ha utelate informasjon om at hovudpersonen sjølv var dømd til fengsel på vilkår for seksuelle overgrep mot barn i 1991.

Medietilsynet viser til uttalen frå PFU der det går fram at utvalet fann at NRK utelet ei sentral opplysing om hovudpersonen i serien, at NRK ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til sonen til hovudpersonen, som blei eksponert med namn og bilde, samtidig som programmet inneheldt opplysningar som kunne verke stigmatiserande.⁴⁷ Vidare går det fram av uttalen at NRK blei felt for manglande integritet som følge av at programleiaren blei formell part i ei

⁴⁶ Sjå nærmare i Norsk Presseforbunds *PFU-statistikk 2023*, tilgjengeleg på <https://presse.no/wp-content/uploads/2024/01/Etikkaret-2023.pdf>

⁴⁷ Sjå fullstendig omtale av PFU-sak 24-011 på nettstaden til Pressens Faglige Utval, <https://pfu.presse.no/pfu-basen/24-011>

utlendingssak.⁴⁸ NRK opplyser at arbeidet med dokumentarserien er gjennomgått og evaluert. Målet med evalueringa var å finne læringspunkt og tiltak for å redusere risikoen for at noko liknande kan skje igjen. Gjennomgangen var ifølge NRK ferdig like over påska i 2024. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at evalueringa blir delt både internt og med andre redaktørstyrte medium, og at openheit og deling av interne læringspunkt har ein meirverdi ut frå samfunnsoppdraget til NRK. NRK opplyser vidare at fleire tiltak er sette i verk for å styrke dei interne prosessane i arbeidet med presseetiske dilemma og å styrke strukturane for handtering av redaksjonelle kriser.

NRKs vedtekter har ei rekke krav som skal sikre at allmennkringkastingstilbodet er ikkje-kommersielt, og at NRK har eit klart skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og kommersielle aktivitetar. NRK gjer greie for at allmennkringkastingstilbodet er reklamefritt, og ikkje inneheld salsfremmande tilvisingar til NRKs tenester eller produkt. NRK presiserer at redaksjonelle avgjerder og tilbod er styrte av redaksjonelle omsyn med grunnlag i allmennkringkastingsoppdraget, og at det ikkje ligg føre kommersiell påverknad. Vidare gjer NRK greie for at det blir utvist varsemd med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press i innhaldstilbodet generelt. NRK Super har eit særskilt søkelys på innhald som rettar seg mot barn og unge, noko som inneber stor varsemd med å eksponere merkenamn. Blant anna blir emballasje bytta ut og merkelappar fjerna på klede. I den reine journalistikken som rettar seg mot barn og unge, blir kommersielle produkt i liten grad omtalt. NRK viser til at kvaliteten på innhaldet er avgjerande ved kjøp av internasjonale seriar, men at NRK alltid vurderer om den kommersielle produktporteføljen som følger serien (for eksempel leiker), forsterkar eit kommersielt press på barn.

NRK blir finansiert gjennom ei direkte løyving over statsbudsjettet,⁴⁹ og Medietilsynet utbetalar tilskottet til NRK. Den statlege løyvinga skal dekke drifta av NRK og utgåande meirverdiavgift. Da Stortinget i november 2022 vedtok den økonomiske ramma for løyvingane til NRK for dei neste fire åra, innebar løyvinga for 2023 ein noko lågare auke enn det som elles var lagt til grunn for pris- og lønnsvekstjustering i statsbudsjettet.⁵⁰ Det er lagt til grunn at NRK arbeider med å effektivisere drifta ytterlegare og å vurdere korleis samfunnsoppdraget blir løyst best mogleg innanfor dei økonomiske rammene. For åra 2024–2026 vedtok Stortinget i tråd med regjeringas forslag å justere tilskottet til NRK i tråd med pris- og lønnsveksten.

⁴⁸ Ibid.

⁴⁹ Finansieringsmodellen til NRK blei endra frå kringkastingsavgift til direkte løyving over statsbudsjettet frå og med den 1. januar 2020.

⁵⁰ I rammetilskottet til NRK for 2023 og den kommande fireårsperioden er det tatt omsyn til at kompensasjonen NRK fekk for å drifte og avvikle lisensavdelinga ikkje skal bli vidareført, jf. Prop. 1 S (2022–2023).

Årsrekneskapen og årsmeldinga til NRK viser at dei samla driftsinntektene i NRK AS var 6432 millionar kroner i 2023 mot 6211 millionar kroner i 2022, ein auke på 222 millionar kroner (3,6 prosent).⁵¹ I 2023 utgjorde det statlege tilskottet 6219 millionar kroner, ein auke på 218 millionar kroner (3,6 prosent) frå 2022. Andre driftsinntekter utgjorde 213 millionar kroner i 2023, om lag det same som i 2022 med 209 millionar kroner. NRK forklarar at andre driftsinntekter består av tilskott frå fond til konkrete produksjonar i tillegg til inntekter frå royalties, sponing, utleige av produksjonskapasitet og sal av arkivmateriale og program. Resultatrekneskapen til NRK for 2023 viser at løyvinga over statsbudsjettet finansierer nær 97 prosent av verksemda. Denne inntekta finansierer dermed i all hovudsak verksemda til NRK. Andre driftsinntekter utgjør ein liten del av den samla finansieringa.

NRK driv den kommersielle aktiviteten sin gjennom det heileigde dotterselskapet NRK Aktivum AS, som blir halde åtskilt frå allmennkringkastingsverksemda. Årsrekneskapen viser at selskapet i 2023 omsette for 97 millionar kroner i 2023, ein auke på tolv millionar frå 2022. Driftsresultatet var positivt med tolv millionar kroner, mens rekneskapsmessig overskott før skatt var 22 millionar kroner. I 2023 blei 25 millionar kroner overførte frå NRK Aktivum til allmennkringkastingsverksemda i NRK.

NRK har avgrensa høve til å hente sponsorinntekter, sidan NRK berre kan få sponsa enkelte programkategoriar. Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst – allmennkringkasting og mediemangfald* og Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* slår fast at NRK skal praktisere tilgang til sponing på ein restriktiv måte. NRK viser til at forretningsavtaler og -inntekter går gjennom NRK Aktivum og blir handterte med ei armlengds avstand. Samla sponsorinntekter i 2023 var 16,5 millionar kroner, om lag uendra frå 2022 med 16,4 millionar kroner. Nivået på sponsorinntekter ligg med dette framleis lågare enn i 2019, da summen var 29,3 millionar kroner.

NRK opplyser at reglane for sponsorfinansiering og visning av sponsorplakatar som følger av kringkastingsregelverket og NRK-vedtektene, blir overhaldne. Medietilsynet har avdekt fleire brot på sponsoreglane i NRKs programverksemd i 2023. I tilsynet med identifikasjon og eventuell eksponering av sponsor i sponsa idrettsprogram gav Medietilsynet NRK sanksjon i form av åtvaring for brot på reglane om identifisering av sponsor i ei sending frå Vasaloppet, fordi NRK gav ulovleg tilleggsinformasjon om sponsor. Tilsynet Medietilsynet hadde med sendingane frå Ski-VM i 2023, viste at sponsoridentifiseringa til NRK var i tråd med regelverket.⁵² I april 2024 fekk NRK sanksjon i form av gebyr på 150 000 kroner frå Medietilsynet for i 2023 å ha nytta sponsor på to program som NRK ikkje kan ta i mot sponsortilskott til. Dei to programma der NRK braut sponsoreglane, var *Klangen av Tine*

⁵¹ NRKs årsrapport for 2023 på Nrk.no: <https://info.nrk.no/rapporter/>

⁵² Under tilsynet med ski-VM i 2023 fann Medietilsynet at sponsoridentifikasjonane frå tv-sendingane følgde med over på radio, og hadde dialog med NRK om dette. Praksisen var utilsikta frå NRKs side og NRK sørge for at dette ikkje fortsette. Medietilsynet reiste inga tilsynssak for forholdet.

Thing Helseth (sendt på NRK1 19. desember 2023) og *Falle til ro – ein julekonsert med Eva Weel Skram* (sendt 23. desember 2023). Det er § 3-13 i kringkastingsforskrifta (kkf)⁵³ som regulerer kva program NRK kan ta imot tilskott frå sponsorar til. Medietilsynet vurderte at *Klangen av Tine Thing Helseth* var ei faktabasert, biografisk framstilling, som etter innhaldet må kunne bli karakterisert som eit dokumentarprogram, og dermed ikkje er omfatta av dei formene for produksjonar som kan bli sponsa. NRK slutta seg til denne vurderinga. Medietilsynet vurderte vidare at *Falle til ro – ein julekonsert med Eva Weel Skram* ikkje kunne seiast å vere av ein slik karakter at han svarte til føresetnadene om å vere «av samfunnsmessig interesse eller kulturell betydning» og «fortrinnsvis produksjoner frå viktige nasjonale begivenheter», jf. kkf. § 3-13 andre ledd bokstav b). I vurderinga slo Medietilsynet blant anna fast at ein praksis der NRK kunne ta imot sponsortilskott til dekning av konsertar med alle norske artistar eller band, ville hole ut regelen og stride mot føresetnaden om NRK som ikkje-kommersiell, og at kringkastaren «praktiserer tilgangen til sponsing på ein restriktiv måte», jf. dei ovannemnde stortingsmeldingane. NRK har ikkje påklaga vedtaka om sanksjon frå Medietilsynet.

NRK har ifølge vedtektene moglegheiter til å vidareutvikle kommersielle tenester som har samanheng med den redaksjonelle verksemda til selskapet. NRK opplyser at NRKs rettar blir forvalta av ei eiga organisatorisk eining, som vurderer om det skal bli gitt samtykke til eventuelle kommersielle aktivitetar. I denne vurderinga blir det lagt særleg vekt på om aktiviteten støttar opp om allmennkringkastingsverksemda til NRK, og om publikum får ein meirverdi. Det blir også lagt stor vekt på at produkt og tenester skal ha høg kvalitet. NRK opplyser at det ikkje er utvikla slike kommersielle aktivitetar eller tenester i 2023.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte krava til at allmennkringkastingstilbodet skal vere reklamefritt og ikkje innehalde spesielle salsfremmande tilvisingar til dei kommersielle tenestene og produkta til konsernet. Medietilsynet vurderer også at NRK oppfylte krava om å verne om integriteten og tilliten sin for å kunne opptre fritt og uavhengig. Utgreiinga frå NRK viser også at NRK legg vinn på å halde ein høg etisk standard, vere sakleg, nøytral og ha ei analytisk tilnærming, jf. prinsippa i det felles etiske regelverket til pressa. Medietilsynet finn grunn til å påpeike at brota på god presseskikk som PFU fann i dokumentarserien *Ingen elsker Bamsegutt*, er alvorlege. Det er føresett at NRK har høge etiske standardar og er godt rusta til å handtere presseetiske dilemma, ikkje minst innanfor produksjon og formidling av fakta- og dokumentarstoff. Ei av oppgåvene innanfor allmennkringkastingsoppdraget til NRK er undersøkinge journalistikk

⁵³ Forskrift om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester § 3-13 andre ledd inneheld særlege reglar om NRK og kva program og sendingar som NRK har høve til å få tilskott frå sponsorar til, jf. kringkastingslova § 3-4 sjuande ledd. Ifølge § 3-13 andre ledd kan NRK ta imot tilskott frå sponsorar til: «produksjon fra arrangement, når produksjonen helt eller delvis skjer i NRKs regi og programmet skal sendes til fleire land eller er av samfunnsmessig interesse eller kulturell betydning; fortrinnsvis produksjoner fra viktige nasjonale begivenheter». Paragrafens tredje ledd slår fast at NRK ikkje kan få tilskott frå sponsorar til andre typar program enn det som følger av andre ledd.

som bidrar til å avdekke kritikkverdige forhold og beskytte enkeltmenneske og grupper mot overgrep eller forsømmingar frå blant andre offentlege myndigheiter, jf. NRKs vedtekter § 28. Medietilsynet meiner det er positivt og viktig at NRK evaluerer og følger opp Bamsegutt-saka med tiltak for å styrke det presseetiske arbeidet i krevjande saker, og at NRK deler erfaringane sine med andre redaktørstyrte medium.

På grunnlag av utgreiinga frå NRK vurderer Medietilsynet at NRKs redaksjonelle avgjerder ikkje er styrte av kommersielle omsyn. Omfanget av sponsorinntekter i 2023 tilseier at NRK har ein avgrensa bruk av sponing. Medietilsynet vurderer vidare at NRK generelt har høg merksemd og etablerte rutinar for bruk av sponing i organisasjonen. I 2023 avdekte Medietilsynet to tilfelle der NRK har sponsa program som NRK, som offentleg finansiert allmennkringkastar med særskilte reglar for kommersiell verksemd, ikkje har høve til å ta imot sponsortilskott til. Det er første gongen det er avdekt brot på desse føresegnene i NRK-sendingar dei seinare åra, og NRK erkjente direkte at det eine tilfellet var ein feil. Når det gjaldt julekonserten med Ewa Weel Skram og KORK argumenterte NRK for at produksjonen var NRKs eigen, og at den hadde kulturell betyding og relevans, men har retta seg etter vedtaket som slår fast at arrangementet ikkje er av ein slik karakter at NRK kan ta imot sponsortilskott for det aktuelle programmet. Medietilsynet understrekar at dei nedfelte restriksjonane knytte til sponing i kringkastingsregelverket er eit viktig verkemiddel for å sikre at NRKs rolle som ikkje-kommersiell medieaktør blir oppretthalde. Brota er alvorlege i lys av dei klare mediepolitiske føresetnadene om at NRK skal praktisere tilgang til sponing på ein restriktiv måte. Medietilsynet presiserer at det er ei klar forventning til at NRK har rutinar som sikrar at slike brot ikkje skjer og forventar at NRK følger opp med nødvendige tiltak. Medietilsynet har etter ei samla vurdering komme til at NRK også i 2023 oppfyller kravet om ein avgrensa bruk av sponing.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte krava om at allmennkringkastingstilbodet hovudsakeleg skal bli finansiert over statsbudsjettet, at tilskott over statsbudsjettet og andre offentlege inntekter ikkje skal subsidiere kommersielle aktivitetar, og at det skal vere eit klart rekneskaps- og driftsmessig skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og NRKs kommersielle aktivitetar.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2023 oppfylte krava som er knytte til at NRK kan vidareutvikle kommersielle tenester som skaper overskott som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstenester. NRK oppfylte også krava til at dei kommersielle tenestene som NRK utviklar, skal ha samanheng med den redaksjonelle verksemda til selskapet, og at NRK legg vinn på å skape eit så tydeleg skilje som mogleg mellom allmennkringkastingstilbodet og kommersielle tenester. Medietilsynet vurderer at NRK oppfyller krava om at den forretningsmessige verksemda skal vere i samsvar med dei krava til kvalitet og integritet som gjeld for NRK.

Bildekreditering:

Forsidebilde: NRK

Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK: Anne Liv Ekroll, NRK (side 3)

Vurdering av programverksemda til NRK: NRK (side 11)

Bidrag til det norske mediemangfaldet: NRK (side 16)

Høg kvalitet, mangfald og nyskaping: Erika Hebbert, Nordlys / NRK (side 32)

Nyheits- og aktualitetsdekninga: NRK (side 51)

Distriktsdekninga: NRK (side 59)

Barn og unge: Bernt Olsen, NRK (side 67)

Språk, identitet og kultur: Julia Marie Naglestad (side 76)

Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film: Robert Rønning, NRK (side 106)

Tilgjengelegheit og beredskap: NRK (side 132)

Redaksjonelt uavhengig og reklamefri: Nils Petter Lotherington, NRK (side 143)

Baksidebilde: Tommy Olafsen



Medietilsynet

Nygata 4, 1607 Fredrikstad
post@medietilsynet.no
facebook.com/medietilsynet
twitter.com/medietilsynet

ISBN: 978-82-8428-047-9